

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	19.11.2018
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt kl. 12.00.

Straume, den 13.november 2018.

Børge Haugetun (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 61/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 62/18	Referatsaker og orienteringar
PS 63/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
RS 7/18	KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar
RS 8/18	Oversending av dokument frå eldreråda - om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune
RS 9/18	Partssamansett utval - referat 17.04.2018
RS 10/18	Partssamansett utval - referat 12.06.2018
RS 11/18	Partssamansett utval - referat 02.10.2018
PS 64/18	Avklaring - oppstart av arbeidet med samfunnsplan, kommuneplanen sin samfunnsdel, for Nye Øygarden kommune
PS 65/18	Høyringsuttale - Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen
PS 66/18	Møteplan for Nye Øygarden kommune 2019



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2018/34-29495/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 13.11.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
61/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Referatsaker og orienteringar

- Presentasjon av prosjektleiararar i Nye Øygarden kommune
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid – prosjektstatus

- RS 7/18 Referatsak – KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar
- RS 8/18 Referatsak – Oversending av dokument frå eldreråda - om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune
- RS 9/18 Partssamansett utval - referat 17.04.2018
- RS 10/18 Partssamansett utval - referat 12.06.2018
- RS 11/18 Partssamansett utval - referat 02.10.2018



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-29509/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 13.11.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
63/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar

Samandrag av saka:

I følge Lov om kommunal beredskapsplikt, har kommunen plikt til å gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse (ROS). Sund, Fjell og Øygarden har hatt avvik knytt til manglande heilskapelege ROS analyser, etter tilsyn frå Fylkesmannen. Kommunane har frist på seg til å lukke avvika innan 31.12.2018. Sidan Sund, Fjell og Øygarden blir Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020 har kommunane gjennomført eit felles prosjekt for gjennomføring av ROS i våre kommunar, som har resultert i dette felles KommuneROS-dokumentet. Arbeidet har vore organisert som eit interkommunalt prosjekt med interkommunal styringsgruppe, prosjektgruppe og arbeidsgrupper. Deltakarar i analysen var representantar frå kommunane sin eigen administrasjon, og frå eksterne aktørar med mynde og kompetanse innafor samfunnstryggleik og beredskap. I gjennomføring av analysen har vi sett vekk frå kommunegrensene, men tatt omsyn til lokale forhold i den einkilde kommune. Arbeidet med ROS-analysen er samanfatta i denne rapporten.

Innstilling:

Fellesnemnda tek den overordna heilskapelege risiko- og sårbarheits-analysen for Sund, Fjell og Øygarden til orientering.

Straume, den 13.11.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Rapport – KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar

Saksopplysningar:

I følgje Lov om kommunal beredskapsplikt § 14 1. ledd har kommunen plikt til å kartlegge kva uønskte hendingar som kan skje, vurdere sannsyn og kva konsekvensar slike hendingar kan få – alt samanfatta i ein heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse (ROS). DSB sin rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse i kommunane seier følgjande: « *Formålet med kommunal beredskapsplikt er at kommunene skal arbeide systematisk med samfunnssikkerhet og beredskap på tvers av sektorene i kommunen. Kunnskap om risiko og sårbarhet er vesentlig for å redusere sannsynligheten for at en uønsket hendelse inntreffer, og for å redusere konsekvensene dersom den inntreffer. Gjennom å utarbeide en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse får kommunen både bedre oversikt over og økt bevissthet om risiko og sårbarhet*».

Sund, Fjell og Øygarden hadde tilsyn frå Fylkesmannen med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane i 2016. Alle tre kommunane hadde samanfallande avvik knytt til manglande heilskapelege ROS analyser. Alle kommunane har frist på seg til å lukke avvik innan desse områda innan 31.12.2018. Eigentleg skulle kvar av kommunane utarbeidd separate ROS-analyser for å lukke avviket. Vi har vald å utarbeide ein felles analyse for å ha eit felles grunnlag for det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, når vi blir Nye Øygarden kommune 01.01.2020.

Arbeidet har vore organisert som eit interkommunalt prosjekt med interkommunal styringsgruppe, prosjektgruppe og arbeidsgrupper. I arbeidet med analysen er det tatt omsyn til at desse tre kommunane har ulike utfordringar knytt til risiko, og kvar einskild uønskt hending er vurdert på bakgrunn av dei spesielle lokale tilhøva som kan påverke risikobilete. Analyseprosessen syner også at desse kommunane har mange samanfallande forhold som kan danne grunnlag for ulike typar uønskte hendingar. Resultatet av analyseprosessen er dette felles KommuneROS-dokumentet. Prosjektleiingsmetodikken PLP har vore nytta i gjennomføring av prosjektet. Prosjektet har vore delfinansiert med prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland.

KommuneROS-dokumentet skal til handsaming i Sund, Fjell og Øygarden sine kommunestyre i løpet av desember 2018.

Prosjektet har hatt støtte og forankring hos den administrative kommuneleiinga i alle tre kommunane, som ser verdien av å ha eit slikt felles overordna styrande dokument.

Gjennomføring av analysen:

Fjell, Sund og Øygarden kommunar starta opp arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse i høve til Lov om kommunal beredskapsplikt § 14, gjennom sak i dei tre kommunestyrene, som vart gjennomført i februar 2018.

Arbeidet med ROS-analysen var delt inn i to fasar:

Fase 1:

Vi starta arbeidsprosessen med hovudsakeleg medarbeidarar frå eigne kommuneorganisasjonar, men inkluderte medarbeidarar frå to store eksterne aktørar, Equinor

Sture/ Kollsnes og Coast Center Base (CCB) Ågotnes. Frå kommunane var det 22 medarbeidarar med parallell fagkompetanse. Deltakarane var vald med bakgrunn i erfaring, kompetanse og arbeidsområde.

Fem fagtema vart fordelt på tre arbeidsgrupper;

- Gruppe 1: «naturhendingar», «store ulukker» og «kritisk infrastruktur».
- Gruppe 2: «tilsikta hendingar»
- Gruppe 3: «helse»

Kvar gruppe hadde 5 møte, femten møter til saman. Kvart møte varte i omlag tre timar.

Møteserien var delt inn følgjande prosessar:

- 1) Identifisering av aktuelle hendingar
- 2) Drøfting av årsaker til og sannsyn for at ei hending kan skje
- 3) Drøfting av konsekvensar
- 4) Eksisterande tiltak og sårbarheit
- 5) Identifikasjon av nye tiltak som kan bidra til reduksjon av sannsyn (førebyggjande) og/ eller konsekvens (skadereduserande).

35 uønskte hendingar er analysert. I gjennomføring av analysen har vi sett vekk frå kommunegrensene, men tatt omsyn til lokale forhold i den einskilde kommune ved analyse av den einskilde hendinga.


Fase 2:

I fase to vart 26 eksterne aktørar (lokale bedrifter, forskning/ kompetansmiljø, kommunale- og fylkeskommunale organisasjonar) invitert til å delta på ei dagsamling for å gje innspel på arbeidet utført i fase 1. Risikobilete for kvar einskild uønskt hending vart grundig gjennomgått og diskutert for kvalitetssikring og supplement. Det kom fleire innspel på arbeidet, dei fleste innspela er tekne med i den endelege KommuneROS-rapporten.

Arbeidsprosessen har vore leia av ei prosjektgruppe med prosjektleiar frå Sund kommune, beredskapsleiar frå Fjell kommune og beredskapskontakt frå Øygarden kommune i tillegg til representant frå Øygarden Brann og redning IKS. Prosjektgruppa har fått støtte og rettleiing frå Seksjon for samfunnssikkerhet og beredskap i Bergen kommune, som også har leia prosessen i alle arbeidsgruppemøta. Prosjektgruppa har rapportert til prosjektansvarleg for ROS analysen, som er kommunalsjef for tekniske tenester i Øygarden kommune. Styringsgruppa for ROS analysen er rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden.

Overordna heilskapleg ROS-analyse og samanheng til kommunalt planarbeid:

I følgje Lov om kommunal beredskapsplikt § 14 2. ledd, skal den heilskapelege risiko- og sårbarheits-analysen leggest til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap og ved utarbeiding av planar etter Plan og bygningslova. Heilskapleg overordna ROS-analyse er del av det kommunale planarbeidet slik det er illustrert under:



Vurdering:

Arbeidet med ROS-analysen er samanfatta i denne rapporten. Målgruppa for rapporten er kommunepolitikarar, tilsette i kommunane, næringsliv, andre myndigheiter og innbyggjarar. Målet er at dette dokumentet skal vere lett tilgjengeleg og forståeleg slik at relevante aktørar kan nytte dokumentet aktivt for å bidra til å redusere risikoen i våre kommunar.

Rapporten frå ROS-analysearbeidet gir ei vurdering av relevante uønskte hendingar som kan råke kommunane, sannsynet for at hendingane kan skje og kva konsekvensar hendingane kan få. På bakgrunn av dette peikar rapporten på risikoreduerande tiltak, eksisterande og nye, som kommunane kan nytte i arbeidet med å førebygge risiko (reduere sannsyn) og minimere konsekvensane (skadereduserande).


Sund, Fjell og Øygarden har no gjennomført ein overordna heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med krava i Lov om kommunal beredskapsplikt § 14. Dei tre kommunane har med denne rapporten også lukka avviket frå Fylkesmannen sitt tilsyn om manglande overordna ROS.

Den overordna og heilskapelege ROS-analysen skal primært vere eit avgjerdsgrunnlag for kommunane sine prioriteringar i arbeidet med å redusere risikoen i vår region. Analysen skal også vere grunnlag for utarbeiding av beredskapsplan for nye Øygarden kommune.

Analysen skal reviderast i sin heilskap kvart fjerde år og vil difor gjelde når vi blir nye Øygarden kommune 01.01.2020.

Økonomiske konsekvensar:

Som oppfølging av ROS-analysen skal det utarbeidast ein handlingsplan med tiltak for å redusere sannsyn (førebyggjande) og/ eller konsekvens (skadereduserande) i høve dei uønskte hendingane. Grunnlaget for ein slik handlingsplan er dei føreslåtte tiltaka i denne rapporten. Ved utarbeiding av ein slik handlingsplan skal det gjerast greie for kostnader og tidsaspekt for kvart enkelt tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av arbeidet vil kommunen kome attende til etter at handlingsplanen er slutført.



KOMMUNEROS FOR SUND, FJELL OG ØYGARDEN KOMMUNAR

Innhald

1. Innleiing og avgrensing	5
2. Føremål med ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Sund, Fjell og Øygarden kommunar	7
3. Særtrekk ved kommunane	8
4. Gjennomføring av arbeidsprosessen	11
4.1 Fase 1	11
4.2 Fase 2	14
5. Bruk av sentrale omgrep og metode	15
5.1 Bruk av kategoriar for sannsyn i analysen	16
5.2 Bruk av kategoriar for konsekvens i analysen	16
5.3 Samanstilling av sannsyn og konsekvens	18
5.4 Sårbarheit	19
5.5 Nye tiltak	19
5.6 Usikkerheit knytt til vurdering av sannsyn og konsekvens	20
6. Hendingar	20
6.1 Oversyn hendingar	21
6.2 Naturhendingar	22
6.2.1 Vind definert som ekstremvêr (H-01)	23
6.2.2 Ekstrem nedbør/ styrtregn (H-02)	25
6.2.3 Havstigingsnivå/ stormflo/ brottsjø (H-03)	27
6.2.4 Ras/ utgliding på land (H-04)	28
6.2.5 Kraftig jordskjelv (H-05)	30
6.3 Store ulukker	32
6.3.1 Luftfartsulukke (H-06)	32
6.3.2 Transportulukke sjø/ ulykke til sjøs (H-07)	33

6.3.3	Skips/ riggulukke og anna ulukke ved hamn (H-08)	35
6.3.4	Trafikkulukke med mange skadde (H-09)	36
6.3.5	Stor industriulukke (H-10)	38
6.3.6	Lekkasje frå rørleidningar på land, andre industriulukker inkludert kjemikalieulukker på land og under transport på veg (H-11).....	40
6.3.7	Storbrann (H-12).....	41
6.3.8	Stor utmarksbrann (H-13).....	43
6.3.9	Dambrot (H-14)	44
6.3.10	Atomulukke/ radioaktivt nedfall (H-15)	45
6.3.11	Akutt luftforureining (H-16).....	47
6.4	Kritisk infrastruktur	48
6.4.1	Svikt i IKT og EKOM tenester (H-17)	48
6.4.2	Svikt i straumforsyning meir enn fire timar (H-18).....	50
6.4.3	Langvarig bortfall av kommunal vassforsyning (H-19)	52
6.4.4	Svikt i avlaupshandsaming (H-20).....	53
6.4.5	Svikt i informasjonstryggleik (H-21).....	54
6.4.6	Bortfall av hovudtransportåre - eit døgn eller meir (H-22)	56
6.5	Tilsikta hendingar	57
6.5.1	Alvorleg vald på skule (H-23)	58
6.5.2	Alvorlege truslar mot kommunalt tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg (H-24)	59
6.5.3	Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ offentlege tenester (barnevern, legekantor osv.) (H-25)	61
6.5.4	Terror (H-26).....	63
6.5.5	Sabotasje (H-27)	65
6.5.6	Hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet (H-28)	66
6.5.7	«Utru tenar» (H-29).....	67
6.6	Helse.....	68

6.6.1	Epidemi/ pandemi (H-30)	69
6.6.2	Multiresistente bakterier fører til dødsfall (H-31)	70
6.6.3	Legionella (H-32).....	72
6.6.4	Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall (H-33)	73
6.6.5	Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall (H-34)	75
6.6.6	Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg (H-35)	76
7.	Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region.....	77
8.	Samanheng mellom hendingar	78
9.	Vurdering av behov for varslings og evakuering	79
10.	Oppsummering og samla vurdering av risikobiletet.....	81
10.1	Risiko for menneske sine liv og helse	85
10.2	Risiko for miljø.....	86
10.3	Risiko for økonomi.....	86
10.4	Risiko for tenesteproduksjon	87
10.5	Risiko for tillit og omdømme	88
11.	Vidare arbeid med ROS-analysen	89
12.	Kjelder	90

1. Innleiing og avgrensing

Sund, Fjell og Øygarden kommunar skal vere trygge stadar for alle som bur, ferdast, har arbeid eller eigedom i denne regionen¹. Av den grunn må vi arbeide systematisk og koordinert over tid for å redusere den risikoen som ligg latent i kommunesamfunna våre.

KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden er den fyrste overordna heilskapelege risiko og sårbarheitsanalysen som er utarbeidd for våre tre kommunar under eit. I høve lov om kommunal beredskapsplikt skulle eigentleg kvar av kommunane utarbeidd separate overordna ROS-analyser. Sidan desse kommunane blir Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020, fann kommunane det føremålstenleg å gjere dette saman. Vidare skal analysen skal reviderast om fire år, som betyr at den også vil gjelde for Nye Øygarden kommune. Det faktum at vi blir ein kommune har vi hatt som «bakteppe» i heile prosessen. Difor har vi ikkje sett på kvar ein enkelt kommune isolert, men vurdert våre tre kommunar under eitt i gjennomføring av analysen. I dette arbeidet er det teke omsyn til kva som er felles utfordringar for kommunane, lokale ulikskapar og kvar ulike objekt knytt til ulike hendingar er lokalisert.

Analysen skal vere eit avgjerdsgrunnlag for prioriteringar kommunane bør gjere i sitt samfunnstryggleiksarbeid, og vere grunnlag for utarbeiding av beredskapsplan for Nye Øygarden kommune.

Analysen er overordna. Det betyr at den skal identifisere kva underordna risikovurderingar som bør gjennomførast. Den er også heilskapeleg, som betyr at den skal omfatte både den risikoen som ligg innafor kommunane sitt administrative ansvarsområde, og den risikoen som kan ha betydning for våre kommunar som geografisk område.

Fjell, Sund og Øygarden kommunar starta opp arbeidet med heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse etter Lov om kommunal beredskapsplikt § 14², gjennom vedtak i tre kommunestyre i februar 2018. Arbeidet er slik forankra i dei tre kommunestyra jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2³.

Det er i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt slått fast at den heilskapelege ROS analysen skal omfatte heile kommunen sitt ansvarsområde – både administrativt og geografisk. Det vert stilt krav om at ROS analysen skal gje eit så komplett risikobilete som mogleg for kommunen sitt geografiske område, og at den ikkje skal avgrensast til dei ansvarsområde som er lagt til kommunane gjennom lov. Av den grunn må analysen gjennomførast med tverrfaglege grupper av fagpersonar og ansvarlege aktørar frå ulike fagfelt. Analysen skal omfatte desse tre kommunane sin eigen administrasjon, men også eksterne aktørar med mynde og kompetanse innafor samfunnstryggleik og beredskap.

Analysen er delt inn etter kartlegging av uønskte hendingar i våre kommunar, der geografiske område og verksemder som kan vere sårbare er vurdert – uavhengig av kommunegrensene. Særtrekk ved kommunane jf. kap. 3 har danna grunnlag for å identifisere uønskte hendingar som er relevante, i tråd med DSB sin rettleiar til heilskapeleg risiko og sårbarheitsanalyse i kommunen⁴.

¹ Visjon for beredskap overordna beredskapsplan for Sund kommune og mål for samfunnstryggleik i Øygarden kommune sin samfunnsdel til kommuneplan

² Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret LOV-2010-06-25-45

³ Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 06.09.2011

⁴ DSB sin veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunene 2014

Beredskapsarbeidet er delt inn i tre nivå, slik det er illustrert med følgende figur⁵:



Kommunal beredskapsplikt er knytt til nivået i midten. Føresegna om kommunal beredskapsplikt rettar seg mot uønskte hendingar som utfordrar kommunen, anten dei skjer i fredstid, ved ei tryggleikspolitisk krise eller ved væpna konflikt⁶.

Med «kvardagshendingar»⁷ meinast hendingar som den ordinære drifta i kommunen eller naud og redningstenestene handterer. Krav til kommunar om tryggleiksrutinar og beredskap for å handtere «kvardagshendingar», finn vi i anna regelverk, m.a. plan og bygningslova, helseberedskapslova, smittevernlova, forureiningslova osv.

Analysen er avgrensa til å ikkje omhandle så kalla «kvardagshendingar». Hendingane som er analysert er av eit slikt omfang at det krev kriseleiinga i kommunane sitt engasjement, det omfattar⁸:

- Uønskte hendingar med potensielt store konsekvensar

⁵ DSB Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

⁶ DSB Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

⁷ DSB Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

⁸ DSB sin veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunene 2014

- Uønskete hendingar som råkar fleire sektorar/ ansvarsområde og som krev samordning
- Uønskete hendingar som går utover kommunane sin kapasitet til handtering med hjelp av ordinære rutinar og redningsteneste
- Uønskete hendingar som skapar stor frykt/ bekymring i befolkninga.

Vi har valt å ikkje nytte akseptkriterie i analysen. Det er i tråd med DSB og andre sentrale myndigheiter som arbeider med risikostyring, då dei har gått vekk frå å nytte akseptkriterie.

Arbeidet med analysen var delt i to fasar. Fase 1 inneheldt kartlegging av hendingar basert på særtrekk ved våre kommunar og analyse av den einskilde hending. Deltakarane var i hovudsak henta frå dei tre kommunane, i tillegg til to eksterne aktørar som er vesentlege i samfunnstryggleiksarbeidet i vår region. Det vart utarbeidd ein rapport frå fase 1. I fase 2 vart aktuelle eksterne aktørar invitert til å delta på ei samling for å gje innspel til arbeidet utført i fase 1.

Opplysningane som kjem fram i rapporten er i hovudsak henta frå diskusjonane i analysearbeidet. Der informasjon er henta frå eksterne kjelder, er desse opplyst om i teksten eller som fotnote.

I denne rapporten er all informasjon om enkelt verksemdar anonymisert (jf. Forvaltningsloven⁹ § 13 2) og Offentleglova¹⁰ § 24 3. ledd. Det er gjort for å hindre at analysen kan nyttast som «grunnlag»/ gjere det lettare å gjennomføre evt. tilsikta hendingar jf. kap. 6.5, og at m.a. informasjon om tekniske innretningar og drift-eller forretning knytt til konkurransetilhøve er teiepliktig. Slike data utgjer noko av grunnlaget for analysearbeidet, men er vert ikkje gjort tilgjengeleg i rapporten. Desse avgrensingane som lovverket set, gjer m.a. at det er vanskeleg å presentere meir temaspesifikke og detaljerte analyser, enn det som vert gjort greie for i denne rapporten.

2. Føremål med ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Sund, Fjell og Øygarden kommunar

Kommunane sitt arbeid innan samfunnstryggleik og beredskap er lovfesta gjennom Lov om kommunal beredskapsplikt av 25. juni 2010¹¹. Krav om heilskapleg ROS-analyse går fram av § 14: «*Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurderer sannsynlighet for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i såfall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal konkretiseres og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse*»

Ein risiko- og sårbarheitsanalyse er ein god reiskap for å etablere og forankre overordna forståing av risiko. Føremålet med kommunalt arbeid innan samfunnstryggleik og beredskap, er å bidra til å skape trygge og robuste lokalsamfunn gjennom systematisk vurdering av risiko. Dette gjev ei overordna risikoforståing som mogleggjer effektiv handsaming av risiko, der målretta og kostnadseffektive tiltak kan bli sett i verk for kontinuerleg å redusere risikoen. I denne samanheng er ROS-analysen både ein prosess og eit verkty for å kunne identifisere, vurdere og handsame risiko.

⁹ Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker LOV-1967-02-10

¹⁰ Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd LOV-2006-05-19-16

¹¹ Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret LOV-2010-06-25-45

3. Særtrekk ved kommunane

Fjell, Sund og Øygarden kommunar har eit samla areal på 175,90 km², med ei vegstrekning på ca. 65 km frå Hellesøy i nord til Klokkarvik i sør. Kommunane ligg som ein «øygard» mot Nordsjøen. Fjell og Sund ligg på øya Sotra, medan Øygarden består av mange øyer, der dei 7 største er bebudde. Over eit dusin bruer knyter saman øyane som dannar Øygarden kommune. Øygarden grensar til kommunane Fedje, Radøy og Askøy. Fjell grensar mot Askøy og Bergen, medan Sund grensar til Austevoll og Bergen. Øygarden har sitt kommunesenter på Rong, Fjell har sitt på Straume, medan Sund har kommunesenter i Skogskrysset. Det er vedteke at desse kommunane skal slåast saman og bli til Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020, og kommunesenteret vert då på Straume.

Dette er kystkommunar som har kystlinje på godt over 2170 km, som svarar til ca. strekninga frå Oslo til Nordkapp langs kysten. Kommunane har ope landskap og topografi med skrint jordsmonn, og frå naturen si side er det lite problematikk knytt til ras og utgliding. Regionen har lite skog men store utmarksområde med kratt, lyng og småskog.

Med Nordsjøen som næraste nabo er kommunane utsett for hendingar knytt til kyst og hav, som ekstremvêr, vind og stormflo. Kystkommunane er også utsett for hendingar knytt til at havnivået kan stige.

Sund, Fjell og Øygarden kommunar er komplekse kommunesamfunn med både små stader med spreidd bustadbygging og større bynære samfunn. Sotra Kystby er namnet på området mellom Straume og Bildøy i Fjell kommune, som no er midt i ei omfattande byutvikling med bustader og næring. Kommunane hadde i 2017 37 687 innbyggjarar. Kommunane har hatt jamn folkevekst dei siste åra¹². Når det gjeld befolkningsprofil for kommunane så har SSB følgjande nøkkeltal for 2017¹³:


Nøkkeltall år 2017	Enhet	Sund	Øygarden	Fjell	Landet uten Oslo
Innbyggere (antall)	antall	7 085	4 877	25 725	4 622 151
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	9,9	13,1	12,9	10,2
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	5,1	5,9	5,4	8
Netto innflytting (antall)	antall	-8	-71	332	20 232
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	prosent	66,1	61,5	61,3	62,7
Enslige forsørgere med stønad fra NAV (antall)	antall	30	21	82	15 148
Andel uførepensjonister 16-66 år (prosent)	prosent	10,5	10,5	8,3	9,7
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	prosent	12,7	11,2	11,3	15

¹² Folkehelseprofil 2018 for Sund, Fjell og Øygarden. Folkehelseprofil er gjeve ut av Folkehelseinstituttet skal hjelpe kommunene å få oversikt over helsetilstand i befolkninga og faktorar som påverkar desse jf. Lov om folkehelse.

¹³ ssb.no/kommunefakta/kostra/befolkningsprofil. Kostra er forkorting for KOMmune-STat-Rapportering, og er ein database med tal som fortel om kommunar og fylkeskommunar sine verksemdar.

Nøkkeltala syner m.a. at Sund og Øygarden ligg over landsgjennomsnittet i talet på uføre, medan Fjell ligg litt under. Framskriving av folketalet viser at den største veksten fram mot 2040 vil skje i dei eldste aldersgruppene, med størst auke i gruppa over 80 år¹⁴. Den same utviklinga ser vi i heile landet. Med auka alder vil også aldersrelaterte sjukdomar auke.

Når det gjeld utdanningsnivået i kommunane syner denne statistikken frå Kommunehelsa statisikkbank (2016) følgjande¹⁵:



Det er flest innbyggjarar med vidaregåande eller høgare utdanning i Fjell. Det er litt lågare i Sund og lågast i Øygarden, som begge ligg under landsgjennomsnittet. Det er flest med universitet/ høyskule i Fjell, men det er likevel lågare enn snittet for Hordaland og landet. Folkehelseprofil 2018 syner at i Fjell og Sund er andelen 10-klassingar som trives på skulen - lågare enn i landet som heilskap¹⁶, og hos elevar i 5 klasse i desse kommunane er det større andel med lågaste meistringsnivå i lesing og rekning, enn i landet¹⁷.

Arbeidsløyssetala frå NAV for september 2018, viser at både Sund og Øygarden har arbeidsløyse på 4,1% og Fjell har 3,6%. Dette ligg godt over landet som heilskap, som har arbeidsløyse på 2,3%, og Hordaland fylke med 2,6% arbeidsløysede.¹⁸

I samfunnstryggleik- og beredskapsamanheng, er det viktig at kommunane er merksame på særlege utfordringar hos innbyggjarane – til dømes om det er mange eldre, mange innvandrarar, mange arbeidsløysede, mange barnefamiljar, lågtlønna osv. Barn og eldre er mindre mobile enn andre. Aleineforeldre og innvandrarar kan til dømes ofte

¹⁴ Sund 2030 – kommuneplanen sin samfunnsdel

¹⁵khs.fhi.no

¹⁶ Elevundersøkelsen 2017

¹⁷ Folkehelseprofil 2018 for Sund, Fjell og Øygarden

¹⁸ NAV, Hovedtall om arbeidsmarkedet. Fylke og kommune. September 2018

ha dårlegare økonomi, mindre sosialt nettverk eller språkproblem. Slike grupper er gjerne dei som kan bli hardast råka av mange av dei hendingane som er skildra i denne analysen. Slike faktorar kan omtalast som sosial sårbarheit¹⁹ og må takast omsyn til ved til dømes befolkningsvarsling og evakuering jf. kap. 8. Sosial sårbarheit vert også omtala i kapittel 6.2 om naturhendingar.

Sund, Fjell og Øygarden er knytt til fastlandet med Sotrabrua, som er kommunane si hovudinnfartsåre. Sotrabrua stod ferdig i 1971. Etter at brua stod ferdig har det vore stor vekst i kommunane, til dømes har innbyggjartalet i Fjell auka frå under 7000 i 1971 til over 25 000 i dag²⁰. Dette har ført til stor trafikk over brua og i 2017 var gjennomsnittleg årsdøgntrafikk 30 000²¹. Ei anna årsak til stor trafikkbelastning på hovudinnfartsåra er næringsverksemda i regionen vår. Olje og gassindustri og marin næring i kommunane fører til mykje tungtrafikk med til dels farleg gods på vegane. Med ei bru som ikkje er «dimensjonert» for dagens trafikk, er tilkomstvegen til kommunane sårbar.

Fjell kommune har eit variert næringsliv i stor vekst, med olje- og gassbransjen som den største næringa. CCB (Coast Center Base) ved Ågotnes er den største arbeidsplassen i Fjell, og er knytt til leverandørindustrien til olje- og gassbransjen²². Dette omfattar ei rekke verksemdar og utgjer i dag ca. 1000 tilsette²³. CCB vart råka av oljekrisa i 2014, og fleire av verksemdene på basen har hatt omfattande nedbemanningar. Dei største kundane til CCB er oljeselskap, oljeserviceselskap og andre leverandørar knytt til olje og gass industrien på norsk sokkel. Fiske og havbruk er også store næringar i Fjell. Det er mange oppdrettsanlegg og mange fiskebåtar. Det største handlesenteret i Fjell er Sartor Storsenter.

I Øygarden er dei største bedriftene knytt til ilandføringsanlegg for olje og gass - Equinor sitt prosessanlegg på Kollsnes (gass) og Stureterminalen (olje). Desse er også kundar hos CCB. Rong senter er kommunen sitt handlesenter. Hovudinnfartsvegen til Øygarden er m.a. over Rongnesundbrua, som kan vere vêrutsett. Det er ikkje andre alternative vegruter til Øygarden.

Olje og gassverksemdene i vår region skapar store verdiar. I beredskapssamanheng er det betydelege utfordringar knytt til desse verksemdene. Olje og gassverksemdene i regionen er regulert av storulykkeforskrifta²⁴, som m.a. sett krav til verksemdene sin beredskap. I vår region er det 6 verksemdar som er regulert av storulykkeforskrifta. Kvar desse bedriftene er lokalisert er informasjon som er unnateke offentlegheit jf. Offentleglova²⁵ § 24, og vert ikkje opplyst om i analysen. Denne ROS-analysen skal bidra til at kommunane blir merksame på kva utfordringar denne næringa kan ha knytt til samfunnstryggleiken i vår region.

Næringsverksemda i Sund kommune er i nyare tid særlig konsentrert om shipping, marin næring og turisme. På Skaganeset sør for Skogsvåg er det stor aktivitet innanfor fiskeindustri med m.a. Sekkingstad AS og Biomega AS. Lenger sør er der fleire fiskeoppdrettsanlegg. På Glesnes er Porsvika industriområde med m.a. Sotra Fiskeindustri lokalisert, og på Forland er Falck Nutec etablert med et treningssenter for offshore-bransjen. Like ved dette senteret ligg også Panorama Hotell & Resort, som er kommunen sitt einaste hotell. Sund Senter er lokalisert i Skogskrysset. Tilkomstvegen til Sund kommune er sårbar fordi det på strekinga mellom Fjell kyrkje og Skogsvåg ikkje finns alternative vegruter. Det går ferje frå Klokkarvik til Hjeltestad i Bergen kommune, men denne ferja har avgrensa kapasitet.

¹⁹ Kor utsett befolkninga i eit område er om ei uønskt hending inntreffer

²⁰ [https://no.wikipedia.org/wiki/Fjell_\(Hordaland\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Fjell_(Hordaland))

²¹ Statens vegvesen

²² [https://no.wikipedia.org/wiki/Fjell_\(Hordaland\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Fjell_(Hordaland))

²³ ccb Ågotnes

²⁴ Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i vierksomheter der farlige kjemikalier forekommer FOR-2016-06-03-569

²⁵ Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd LOV-2006-05-19-16

Marin næring²⁶ er viktig i Fjell, Sund og Øygarden og gjev mange arbeidsplassar og skaper betydelege verdiar i regionen. I beredskapssamanheng er det også utfordringar med denne næringa knytt til m.a. forureining, sjukdommar, rømingar frå oppdrettsanlegg, ulykker til sjøs osv.

Næringsverksemdene skaper store verdiar og mange arbeidsplassar, og er grunnlaget for regionen sin «eksistens». Sett frå eit samfunnstryggleik og beredskapsperspektiv, gir næringsverksemdar også utfordringar som kommunane må vere merksame på. Denne analysen skal bidra til det.

Fjell, Sund og Øygarden kommunar har fleire arkeologiske kulturminne knytt til gamal busetting, jordbruk, fiske og kvalfangst. Sund kommune har utarbeidd kulturminneplan, medan Fjell og Øygarden kommunar held på med utarbeiding av sine planar.

4. Gjennomføring av arbeidsprosessen

Prosjektet starta opp med å definere, skildre og avgrense arbeidsprosessen i ein prosjektplan. Dette vart gjort greie for i sak til dei tre kommunestyra som vart lagt fram i februar 2018.

Arbeidsprosessen for den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen inneheld følgjande:

1. Klassefisering av sannsyn og konsekvens
2. Kartlegging av moglege uønskte hendingar
3. Vurdering av årsak og sannsyn for at dei uønskte hendingane kan skje
4. Vurdering av moglege konsekvensar av dei uønskte hendingane
5. Systematisering og samanlikning av hendingar i høve til klassefisering av sannsyn og konsekvens
6. Vurdering av eksisterande barrierar / tiltak og med bakgrunn i det, gjennomføre sårbarheitsvurdering for kvar einskild uønskt hending.
7. Identifisere nye risikoreduserande tiltak for kvar av dei uønskte hendingane

Denne prosessen er i tråd med kva DSB meiner ein ROS-analyse bør innehalde²⁷.

4.1 Fase 1

I ROS analysen valde vi å starte arbeidsprosessen med hovudsakeleg medarbeidarar frå eigne kommuneorganisasjonar, men inkluderte medarbeidarar frå to store og vesentlege eksterne aktørar knytt til samfunnstryggleik og beredskap – Equinor Sture / Kollsnes og Coast Center Base (CCB) Ågotnes. Frå kommunane var det 22 medarbeidarar med parallell fagkompetanse, i tillegg til dei to eksterne aktørane. Deltakarane var vald med bakgrunn i erfaring, kompetanse og arbeidsområde.

Totalt 24 deltakarar var med i fase 1. Bakgrunnen for å avgrense deltakinga i fase 1 til hovudsakleg kommunale medarbeidarar var logistikkmessige omsyn.

²⁶ Marin næring: Næring knytt til havbruk, fiske, oppdrettsæring

²⁷ DSB veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt av 2818 s19

Interne deltakarar i fase 1:

- IKT frå Sund, Fjell og Øygarden
- Kommuneplanleggarar frå Øygarden og frå rådmannen sin stab i Sund kommune
- Areal/ teknisk frå Sund og Øygarden
- Skular frå Fjell og Sund
- Øygarden brann og redning IKS (Felles brannvern for Sotra og Øygarden frå 2018)
- FjellVAR (vatn, avlaup og renovasjon)
- Eigedomssjefen i Fjell kommune
- NAV
- Kultur i Fjell
- Flyktningshelsetenesta/ helestasjon Fjell
- Legevakta for Fjell og Sund kommune
- Kommunelege for Fjell og Sund og smittevernlege
- Rus og psykisk helseteneste i Sund
- Sund VA (vatn og avlaup)
- Eining for heimeteneste og sjukeheim i Øygarden
- Familiens hus i Øygarden

Eksterne deltakarar i fase 1:

- Coast Center Base (CCB) Ågotnes
- Equinor Sture/ Kollsnes

Arbeidet med ROS analysen starta opp 6. mars 2018 med eit felles oppstartsmøte for alle deltakarane. På dette møtet vart det informert om føremål, ulike omgrep, presentasjon av prosjektet, samansetjing av arbeidsgrupper, skildring av oppgåver og framdriftsplan. Vidare vart alle deltakarane utfordra til å kome med innspel knytt til klassifisering av sannsyn og konsekvens. Det er med bakgrunn i desse innspela prosjektgruppa konkluderte på klassifiseringa som er nytta i analysen, og som det vert gjort greie for i kap. 5.1 og 5.2.

Arbeidsprosessen har vore leia av ei prosjektgruppe med prosjektleiar frå Sund kommune, beredskapsleiar frå Fjell kommune og beredskapskontakt frå Øygarden kommune. I tillegg har prosjektgruppa hatt støtte og rettleiing frå Seksjon for samfunnssikkerhet og beredskap i Bergen kommune, som også har leia alle arbeidsgruppemøta. Prosjektgruppa har rapportert til prosjektansvarleg for ROS analysen, kommunalsjef for tekniske tenester i Øygarden kommune. Styringsgruppa for ROS analysen er rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden.

Tema for arbeidsgruppene som vart sett ned i fase 1 av analysen, vart valt for å få ei breiast mogleg vurdering av alle elementa i analysen. Det vart valt ut fem fagtema for samansetjing av tre arbeidsgrupper. Gruppe 1 fekk ansvar for vurdere følgjande tre fagtema: «naturhendingar», «store ulukker» og «kritisk infrastruktur». Dette var gjort

med bakgrunn i den samla kompetansen i gruppa og for å redusere talet på møte. Gruppe 2 fekk ansvar for temaet «tilsikta hendingar» og hadde deltakarar frå verksemder i kommunane som ein kan bli råka av slike hendingar. Gruppe 3 vurderte fagtemaet «helse», deltakarane her hadde i hovudsak helse- og sosialfagleg bakgrunn, her deltok også SundVA.

Tema for arbeidsgruppene:

GRUPPE 1	GRUPPE 2	GRUPPE 3
<ul style="list-style-type: none"> • Naturhendingar • Store ulykker • Kritisk infrastruktur 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsikta hendingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Helse

Det vart gjennomført fem møte i kvar av gruppene - femten møter til saman. Kwart møte varte i ca. tre timar. Møteserien var delt inn følgjande prosessar:

- 1) Identifisering av aktuelle hendingar basert på særtrekk ved kommunane
- 2) Drøfting av årsaker til og sannsyn for at ei hending kan skje
- 3) Drøfting av konsekvensar
- 4) Eksisterande tiltak og sårbarheit
- 5) Identifikasjon av nye tiltak som kan bidra til reduksjon av sannsyn og/ eller konsekvens.

Alle innspel frå gruppene vart dokumentert undervegs i prosessen og utgjer grunnlaget for rapporten som vart utarbeida frå fase 1.

Oversikt tema for ROS prosessen – FASE 1:

HENDINGAR → ÅRSAK OG SANNSYN → KONSEKVENSAAR → EKSISTERANDE TILTAK OG SÅRBARHEIT → NYE TILTAK

4.2 Fase 2

I fase 2 vart aktuelle eksterne aktørar invitert til å delta på ei samling for å gje innspel på arbeidet utført i fase 1. Det vart sendt ut invitasjon til 26 verksemder.

Følgjande eksterne aktører deltok på møtet:

Eksterne verksemder
<ul style="list-style-type: none">• Avinor• Bergen kommune• Biomega Norway• BKK• Blom fiskeoppdrett• CCB Ågotnes• Hordaland Raude kors• Hordaland sivilforsvarsdistrikt• Kystverket• Mattilsynet• NORCE/ Uni Research Klima• Panorama Hotell & Resort• Sartor Storsenter• Statens vegvesen• Vest politidistrikt

Rapport frå fase 1 vart sendt ut til dei inviterte eksterne aktørane før samlinga. På samlinga vart risikobilete for kvar einiskild hending grundig gjennomgått med diskusjon, kvalitetsikring og supplement. På møtet kome det flest innspel (21 stk.) som var knytt til tekst/ skildring av hendingane. Det kom også nokon innspel knytt til risikoanalysene/ vurderingane (8 stk). Dei fleste innspela er teke omsyn til i denne endelege kommuneROS rapporten.

5. Bruk av sentrale omgrep og metode

I dette kapitelet gjer vi greie for kva vi legg til grunn for analysen; kva vi legg i dei ulike omgrepa som vert nytta, føresetnader og metode som utgjer grunnlaget for analysen.

Forståinga av dei ulike omgrepa i denne ROS-analysen er valt på bakgrunn av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin bruk av omgrep, og slik dei i hovudsak er nytta i Norsk Standard 5814²⁸.

Omgrepet «risiko» er normalt forstått som samanhengen mellom den utryggleik som er knytt til sannsynet for at ei uønskt hending kan skje, og dei konsekvensane hendinga kan få dersom den faktisk skjer²⁹. Med «uønskete hendingar» meiner vi i denne analysen ei hending som kan føre til tap eller skade på liv, helse, miljø, samfunnskritisk infrastruktur, kommunal tenesteproduksjon, økonomiske verdiar, eller omdømme.

For enklare å kunne arbeide målretta med å redusere risiko, vert risikoomgrepet ofte operasjonalisert til samanhengen mellom sannsyn for at ei identifisert uønskt hending kan skje, og dei konsekvensar denne hendinga kan føre til dersom det faktisk skjer.

I ROS-analysen blir det vurderte sannsyn og konsekvens for ei hending, gitt ein talverdi ut i frå førehandsdefinerte kategoriar. Risikoen blir dermed definert av talverdien til kategori for sannsyn multiplisert med talverdien av den alvorlegaste kategori av konsekvens hendinga kan få. Risiko blir då produktet av sannsyn multiplisert med konsekvens.

Der er ulike metodar for å vurdere sannsyn og konsekvens i risikoanalysar. I teknisk retta risikoanalysar som gjerne vert nytta i industrien, vert det ofte nytta historiske data frå ulykke og statistikk, som er direkte grunnlag for å etablere både sannsyn og konsekvenskategoriar. Det krev at slike data er tilgjengeleg.

I kommunal ROS analyse er det sjeldan at omfattande statistikk er tilgjengeleg eller samanliknbar for dei hendingar som vert identifisert³⁰. Difor er det i denne analysen i hovudsak nytta fagtilnærming med ekspertvurderingar frå arbeidsgruppedeltakarane til å vurdere sannsyn og konsekvens. Ekspertvurderingane har blitt komplimentert med historiske data der det har vore tilgjengeleg. Likevel er ROS-analysen primært ei kvalifisert vurdering av framtidig risiko basert på beste tilgjengelege faglege skjønn.

²⁸ Norsk Standard NS 5814:2008

²⁹ DSB Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen 2014

³⁰ Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunene DSB 2014 (s. 30)

5.1 Bruk av kategoriar for sannsyn i analysen

Sannsyn er definert i den heilskaplege ROS-analysen ut frå kor ofte ei uønskt hending vert vurdert til å kunne skje, basert på den erfaring og fagkunnskap som finnes. Som tidlegare nemnt vart alle deltakarane i fase 1 utfordra til å kome med innspel på kategoriar for sannsyn og konsekvens på oppstartsmøtet 6. mars 2018. Det vart gjort ved at dei tre arbeidsgruppene fekk utlevert ulike kategoriar av sannsyn og konsekvens, henta frå ulike kommunar med ulik storleik i Hordaland. Dei tre arbeidsgruppene gav sine innspel til prosjektgruppa. Med bakgrunn i innspela konkluderte prosjektgruppa på følgjande kategoriar for sannsyn i denne analysen:

Vekting	Grad av sannsyn	Frekvens
S1	Lite sannsynleg	Sjeldnare enn ein gang kvart 100. år
S2	Mindre sannsynleg	Ein gang mellom kvart 50. og 100. år
S3	Sannsynleg	Ein gang mellom kvart 10. og 50. år
S4	Mykje sannsynleg	Ein gang mellom kvart år og kvart 10. år
S5	Svært sannsynleg	Oftare enn ein gang kvart år

5.2 Bruk av kategoriar for konsekvens i analysen

Jf. kap 5.1 kom arbeidsgruppene med innspel til kategoriar for konsekvens. Med bakgrunn i innspela konkluderte prosjektgruppa på følgjande kategoriar for konsekvens i denne analysen:


Vekting	Grad av konsekven	Liv og helse	Miljø	Økonomi	Tenesteproduksjon	Omdømme/ Folk si tillit til kommunen
K5	Katastrofal eller svært alvorleg	Meir enn 4 døde og/eller meir enn 15 alvorleg skadde/sjuka/sakna. Talet vil utfordre kapasiteten til hjelpeapparatet. Ekstremt høg psykososial påkjenning.	Svært alvorlege og varige skadar på miljøet.	Kostnadar over 100 mill. kr.	Kritisk infrastruktur eller kritisk samfunnsfunksjon er utilgjengelig i meir enn 4 dagar, eller sterkt redusert drift av tenester i meir enn 30 dagar.	Svært alvorleg eller langvarig tap av omdømme/tillit eller fare for dette.
K4	Kritisk eller meir alvorleg	2-4 døde og/eller 5 -15 alvorleg skadde/sjuka/sakna. Svært høg psykososial påkjenning.	Alvorlege og langvarige skadar på miljøet.	Kostnadar mellom 50 – 100 mill. kr.	Kritisk infrastruktur eller kritisk samfunnsfunksjon er utilgjengelig i 2-4 dagar, eller sterkt redusert drift mellom 14-30 dagar	Meir alvorleg tap av omdømme/tillit.
K3	Alvorleg	Inntil 2 døde og/eller inntil 5 alvorleg skadde/sjuka/sakna. Høg psykososial påkjenning.	Omfattande skadar på miljøet.	Kostnadar mellom 10 – 50 mill. kr.	Kritisk infrastruktur eller kritisk samfunnsfunksjon er utilgjengelig i inntil 2 dagar, eller sterkt redusert drift i 5-14 dagar.	Alvorleg tap av omdømme/tillit.
K2	Mindre alvorleg	0 døde. Fleire med moderat skade/sjukdom. Moderat psykososial påkjenning.	Mindre miljøskadar	Kostnadar mellom 1 – 10 mill. kr.	Kritisk infrastruktur eller kritisk samfunnsfunksjon er utilgjengelig i inntil 6 timar, eller driftsforstyrring inntil 5 dagar.	Mindre tap av omdømme/tillit.
K1	Ubetydeleg	Lettare personskadar/sjukdom. Låg psykososial påkjenning.	Små eller kortvarige miljøskadar.	Kostnadar inntil 1 mill. kr.	Kortvarig stopp i drifta.	Ubetydeleg tap av omdømme/tillit.

5.3 Samanstilling av sannsyn og konsekvens

Det er ikkje nytta akseptkriterium i denne analysen, dette er i samsvar med DSB sin rettleiar for ROS-i kommunane frå 2014³¹. Men vi har nytta ei risikomatrise for å vise samanhengen mellom dei ulike vurderte hendingane og for å synleggjere det heilskapelege risikobilete for våre kommunar. Ei risikomatrise er normalt delt i tre kategoriar risiko, ein kategori der risikoen blir vurdert som høg, ein kategori der risikoen blir vurdert som moderat og ein kategori der risikoen vert vurdert som låg. Desse kategoriane er i risikomatrisa for denne ROS-analysen, fargelagt som raud for høg risiko – som betyr hendingar som har høgast sannsyn for at hendinga kan oppstå/ og eller gjev dei mest omfattande konsekvensane, gul for moderat risiko og grøn for låg risiko. Plasseringa av dei uønskte hendingane i risikomatrisa, er resultat av sannsyn multiplisert med verdien for konsekvens.

I ROS-analysen har vi nytta følgjande risikomatrise:

Sannsyn	5	5	10	15	20	25
	4	4	8	12	16	20
	3	3	6	9	12	15
	2	2	4	6	8	10
	1	1	2	3	4	5
		1	2	3	4	5
		Konsekvens				



All aktivitet inneber ein viss risiko. Risikostyring handlar om å skape balanse mellom den verdi aktivitetane genererer, og den risiko som følger med aktiviteten.

³¹ Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen DSB 2014

5.4 Sårbarheit

Sårbarheit kan forklarast som eit uttrykk for dei problema eit system får med å fungere når det vert utsett for ei uønskt hending³². Eit system i denne samanheng kan både vere tekniske system som infrastruktur, eller større organisatoriske system som ein kommune.

I denne analysen har vi vurdert sårbarheit i høve den enkelte uønskete hending ved å få oversikt på allereie eksisterande tiltak/ barrierar som kommunane og dei verksemdene som er med i analysen, har mot at den enkelte hending kan førekomme. Vidare er det gjort ein vurdering i høve til om eksisterande tiltak er tilstrekkelege for å førebyggje uønskete hendingar eller er skadeavgrensande. Vi har nytta følgjande kategoriar av sårbarheit:

Nivå på sårbarheit	Forklaring
Høg	Det er få eksisterande tiltak for å førebyggje uønskt hending
Moderat	Det eksisterer nokon tiltak for å førebyggje uønskt hending
Låg	Det eksisterer mange tiltak for å førebyggje uønskt hending.

5.5 Nye tiltak

Ein viktig del av arbeidsprosessen i ein ROS-analyse er å identifisere relevante risikoreduserande tiltak for kvar uønskete hending. Desse vil anten vere førebyggjande (reduere sannsyn) eller skadereduserande (konsekvensreduserande).

Der det har vore mogleg og føremålstenleg, har arbeidsgruppene foreslått konkrete tiltak som bør bli vurdert å setje i verk. Grunnlaget for tiltaka er arbeidsgruppa sine erfaringar knytt til den enkelte hendinga, og vurderinga av føremålstenelege og realistiske tiltak. Som ein oppfølging av analysen skal det lagast ein handlingsplan som har foreslåtte tiltak som grunnlag. I ein slik handlingsplan skal det enkelte tiltaket gjerast greie for med kostnadar, tidsapsekt m.m.

I prosessen med å identifisere risikoreduserande tiltak har arbeidsgruppene heile tida hatt med seg skilnaden på om tiltaka er førebyggjande (reduere sannsyn) eller skadereduserande (konsekvensreduserande). I praksis kan nokon tiltak virke både førebyggjande (reduere sannsyn) og skadereduserande (konsekvensreduserande). I rapporten er difor dei foreslåtte tiltaka ikkje delt inn i desse kategoriane, men lista opp under overskrifta «nye tiltak».

³² NOU 2000: 24 Et sårbart samfunn

5.6 Usikkerheit knytt til vurdering av sannsyn og konsekvens

I denne analysen handlar «usikkerheit» om kunnskapsgrunnlaget for risiko- og sårbarheitsvurderinga³³. I vurdering av usikkerheit har vi drøfta følgjande knytt til den enkelte hending:

- Indikatorar på kunnskapsgrunnlaget:
 - Tilgang på relevante data og erfaringar
 - Forståing av hendinga som vert analysert (kor kjent og utforska er fenomenet)
 - Om det er semje blant ekspertane som har delteke i risikoanalysen
- Resultata sin sensitivitet:
 - I kva grad påverkar endringar i føresetnadane vurderinga av sannsyn og konsekvens?
- Samla vurdering av usikkerheit knytt til anslag for sannsyn og konsekvens - om usikkerheita vert vurdert til låg, moderat eller høg:
 - Låg: Gode historiske data/ god forståing av årsaksforhold/ stor semje
 - Moderat: Avgrensa historiske data/ moderat forståing av årsaksforhold/ fleirtalssemje
 - Høg: Mangelfull historiske data/ låg forståing/ stor usemje

6. Hendingar

Med bakgrunn i særtrekk ved kommunane jf. kap 3, identifiserte arbeidsgruppene i ROS-analysen meir enn 50 uønskete hendingar. Ved gjennomgang og sortering av hendingane har det vist seg at fleire av desse har betydeleg overlapp i tematikk. Hendingar som overlappar kvarandre har difor blitt slått saman, og resultatet er at analysen omfattar 35 uønskete hendingar. Kvar hending har eit nummer som det vert referert til i omtale av den einskilde hendinga i rapporten . Analysen av kvar hending er gjort med bakgrunn i metode og føresetnadar som er gjort greie for i kapittel 5.

Jf. avgrensing i kap. 1 er det overordna hendingar som vert omfatta av analysen, difor er det dei mest alvorlege og mest omfattande hendingane som vert vurdert. Mindre ulukker, kortare bortfall av infrastruktur eller kriminelle handlingar som ein kan forvente i våre tre bynære kommunar, er ikkje omfatta av analysen. Det gjer at heller ikkje venta sjukdomsutbrot som sesonginfluensa er omfatta av analysen. Sjølv om slike mindre hendingar eller sjukdomsutbrot kan få alvorlege konsekvensar for den einskilde innbyggjar og deira pårørande, vil kommunesamfunnet som heilskap i liten grad bli utfordra av desse. Det same gjeld for kriminelle handlingar eller menneskelege feilhandlingar som kan utfordre kommuneøkonomien eller kommunen sitt omdømme, men som i mindre grad vil påverke kommunesamfunnet som heilskap. Heller ikkje

³³ DSB sin veileder til heilhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen 2014

slike hendingar er omfatta av analysen. Dei overordna hendingane som vert skildra i analysen har det til felles at dei kan få svært store konsekvensar, og difor utfordre kommunane sin eksisterande kapasitet til å handsame hendingane på ein tilfredstillande måte.

6.1 Oversyn hendingar

Kategori	Type hending	Nr.
Naturhendingar	<ul style="list-style-type: none"> • Vind definert som ekstremvær • Ekstrem nedbør/ styrtregn • Havstigingsnivå/ stormflo/ brottsjø • Ras/ utgliding på land • Jordskjelv – Øygarden forkastinga 	H-01 H-02 H-03 H-04 H-05
Store ulukker	<ul style="list-style-type: none"> • Luftfartsulukke • Transportulukke sjø/ ulukke til sjøs • Skips/ riggulukke og anna ulukke ved hamn • Trafikkulukke med mange skadde • Stor industriulukke • Lekkasje frå røyrleidningar på land, andre industriulukker inkludert kjemikalieulukker på land og under transport på veg • Storbrann • Stor utmarksbrann • Dambrot • Atomulukke/ radioaktivt nedfall • Akutt luftforureining 	H-06 H-07 H-08 H-09 H-10 H-11 H-12 H-13 H-14 H-15 H-16
Kritisk infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> • Svikt i IKT og EKOM tenester • Svikt i straumforsyning meir enn fire timar • Langvarig bortfall av kommunal vassforsyning • Svikt i avlaupshandsaming • Svikt i informasjonstryggleik • Bortfall av hovudtransportåre – eit døgn eller meir 	H-17 H-18 H-19 H-20 H-21 H-22
Tilsikta hendingar	<ul style="list-style-type: none"> • Alvorleg vald på skule • Alvorlege truslar mot kommunalt tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg • Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ offentlege tenester (barnvern legekantor osv) • Terror • Sabotasje • Hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet • Utru tenar 	H-23 H-24 H-25 H-26 H-27 H-28 H-29
Helse	<ul style="list-style-type: none"> • Epidemi/ pandemi • Multiresistente bakteriar fører til dødsfall • Legionella • Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall 	H-30 H-31 H-32 H-33

	<ul style="list-style-type: none"> • Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall • Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg 	H-34 H-35
--	---	--------------

I tillegg er stor hending utanfor våre kommunar som rårar vårt nærområde, kommentert i eige punkt (kap. 6).

6.2 Naturhendingar

Naturhendingar skjer på grunn av korte- eller langvarige variasjonar i naturen slik som ekstremver, ras og jordskjelv. I internasjonale forskingsmiljø er det semje om at klimaendringar og global oppvarming fører til auka sannsyn for at naturhendingar oppstår. I forskingsmiljø er det semje om at naturhendingar vil skje oftare og bli meir ekstreme i framtida, enn det som går fram av historiske data.

Norges forskningsråd hadde fram til 2013 eit prosjekt gjennom NORKLIMA³⁴, som syner kor sårbare norske kommunar er for ekstreme naturhendingar – både fysisk (kor utsett eit område er for farar som kan gjere skade på liv og eigedom) og sosialt (kor utsett befolkninga i området vil vere om ei slik fysisk hending inntreffer)³⁵. Dette er illustrert i eit sårbarheitskart³⁶. Sosial sårbarheit kan vere avgjerande for kor godt eit lokalsamfunn klarar å handtere ein katastrofe. Har kommunen mange eldre, mange innvandrarakar, mange småbarnsfamiliar, mange arbeidsledige eller mange lågtlønna, så slår det ut på den sosiale indeksen³⁷. Barn og eldre er mindre mobile enn andre. Åleineforeldre og innvandrar har ofte dårlegare økonomi, mindre sosialt nettverk eller språkproblem. Det er desse gruppene som gjerne vert hardast råka av naturkatastrofar. Kommunar med låg sosial sårbarheit har gjerne god kommuneøkonomi og innbyggjarar med god privatøkonomi, som set kommunen og innbyggjarane i betre stand til å takle ei ekstrem hending³⁸

³⁴ Klimaendringar og konsekvenser for Norge (NORKLIMA)



³⁵ forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune

³⁶ <http://setebos.svt.ntnu.no/viewexposed/index.html>

³⁷ <https://forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune>

³⁸ <https://forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune>

Indeks:
Raud = Høg
Grøn = Låg



Sund, Fjell og Øygarden har ein natur som gjer at kommunane er lite sårbare for hendingar knytt til ras og flaum. Kommunane er derimot meir utsette for hendingar knytt til kyst og hav som vind og stormflo³⁹. Jf. ovannemnde sårbarheitskart ligg Øygarden kommune høgast med indeks på 63,75, Sund nest høgst med 58,8 og Fjell lågast med 51,92. Faktorar og særtrekk jf. kap. 3 ved desse kommunane som påverkar den sosiale sårbarheita, er til dømes det høge talet på uføre i Sund og Øygarden, høg arbeidsløyse og lågare utdanning i vår region, sett i høve til landet elles.

6.2.1 Vind definert som ekstremvêr (H-01)

Skildring:

I denne analysen er hendinga H-01 definert til vind frå 25 m/s, som også er grensa for stenging av Sotrabraua. Vind over ein viss styrke gjer skade på bygningar og infrastruktur og kan føre til trevelt med påfølgjande straumstans, skade på bygningar, skade på personar grunna ulukker som kan oppstå som følgje av vinden og stengte bruer. Dei siste åra har det vore to tilfelle av sterk storm i vår region. Stormen «Lena» i august 2014 kom som følgje av uvanleg kraftig lågtrykk for årstida, med vindkast på 25 – 35 m/s. Konsekvensane var likevel moderate som følgje av søraustleg vindretning. Stormen «Nina» herja kommunne i januar 2015. «Nina» var ein nordvest sterk storm med vindstyrke på over 30 m/s på utsette stader, og ei bølgehøgde på 12-14 meter og springflo over 1,4 m. Dette var den sterkaste vinden i Hordaland sidan januar 1994 og førte til betydelege skadar på bygningar, konstruksjonar og infrastruktur med m.a. ulukke på CCB med heistårn som blåste ned og fleire naust i Sund som vart totalt øydelagde.

Når det gjeld kva vi kan vente oss av vind i framtida, syner klimamodellane liten eller ingen endring i dette hundreåret, men uvissa i framskrivingane for vind er stor⁴⁰. For kommunane er det viktig at kunnskap om lokale vindtilhøve vert teke med i planlegginga⁴¹.

³⁹ <http://setebos.svt.ntnu.no/viewexposed/index.html>

⁴⁰ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁴¹ Klimaprofil Hordaland August 2016

Følgjehendingar: Straumstans, stormflo/brottsjø - kan få utvasking under kai og liknande, trafikkulukker relatert til vind (særleg utsatt på bruer), stenging av bruer. Skipsforlis vert handsama i eiga hending (H-07).

Moglege årsaker:

Klimaendring kan påverke denne hendinga.

ROS-analyse 01 vind definert som ekstremvêr:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>1-Lav-Høy</i>	<i>1-Lav-Høy</i>					
4	Høy	Høy	20	8	12	8	12

Grunngjeving for sannsyn:

Regionen er vindutsett og har ofte kraftig vind over 25 m/s.

Grunngjeving for konsekvens:

Regionen er utsett for vind. Erfaring viser at når vinden blir over ein viss styrke kan det føre til skadar på bygningar og infrastruktur. Størst skade får ein som regel med vind frå nordvest, men også andre retningar er problematiske. Kraftig vind kan føre til trefall med påfølgande straumstans, skade på bygningar, skadar på personar grunna flygande objekt og stengte bruer (Sotrabrua kan bli stengt frå 25 m/s). Når det gjeld stenging av bruene er det politiet som tek avgjerd om det. Grunngjeving liv/helse: Ekstrem vind kan føre til skipsforlis/bussulykke med mange passasjerar. Nærliggande fare for tap av fleire liv.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Det er rutinar for stenging av Sotrabrua. Statens vegvesen har i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, Fjell kommune, Sund kommune, Øygarden kommune og Bergen kommune utarbeidd beredskapsplan for langvarig brustenging⁴². Sotrabrua har vindmålarar. Meteorologisk institutt har rutinar for varsling av ekstremvêr. Bedrifter i vår region har rutinar for internvarsling av ekstremvêr, inkludert vindgrenser ved løfteoperasjonar og kaianløp. Sund kommune har i sin overordna beredskapsplan eige tiltakskort ved ekstremvêr⁴³. Ved utbygging er det krav til ROS, og vind er inkludert i dette.

⁴² Felles beredskapsplan langvarig stenging/ bortfall Sotrabrua 17.02.2016

⁴³ Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

Sårbarheit er sett til høg då eksisterande tiltak ikkje er tilstrekkelege for å førebyggje skadar knytt til hendinga.

Nye tiltak:

- Etablere vindmålarar på andre bruer.
- Lysvarsling på dei mest utsette bruene (over 25 m/s)
- Flytte lystavle for Sotrabraua - står så tett på brua, at kjøretøy mot vest ikkje har høve til å snu
- Etablere oppdaterte vindkart for heile regionen
- SMS/ trafikk varsling i høve anbefaling når det gjeld køyring (tildømes ikkje med hengar m.v.)
- Informasjonstavle før Sotrabraua om omsyn som må takast
- Rutine for å evaluere iverksette tiltak etter ekstremver
- Skjerpe tilsyn ved store takkonstruksjonar, særleg i utsette vindområde

Usikkerheit:

Usikkerheit er sett til høg grunna stor uvisse i forskingsmiljøa knytt til framskrivingane for vind⁴⁴.

6.2.2 Ekstrem nedbør/ styrtregn (H-02)

Skildring:

Med det meiner vi ekstreme nedbørsmenger på kort tid i avgrensa område. Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og frekvens, dette vil også føre til meir overvatn⁴⁵. Nedbørsmengda for døgn med med kraftig nedbør er venta å auke med ca 12%⁴⁶. Intensiteten i kortvarige regnskjuill er venta å auke meir enn for eit døgn, og inntil vidare tilrår ein eit klimapåslag på 40% på regnskjuill med tidslengd under 3 timar⁴⁷.

Det er mindre nedbør i vår region samanlikna med til dømes i Bergen og andre kommunar lengre inn i fylket. Likevel kan store nedbørsmengder skape vanskar for våre kommunar. Menneskeleg utbygging påverkar historiske bekkefar og myrer, som fører til at vatnet tek nye vegar og kan føre til skadar. Det kan føre til flaum, overvatn, stengde vegar, trafikkulukker grunna overvatn på vegane, skade på vegane (mest utsett er vegar med stor slitasje) m.m.

Moglege årsaker:

Vil truleg skje oftare som følgje av klimaendring

⁴⁴ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁴⁵ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁴⁶ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁴⁷ Klimaprofil Hordaland August 2016

Ros-analyse H-02 ekstrem nedbør/ styrtregn:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv/helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
3	Lav	Lav	6	6	6	3	3

Grunngjeving for sannsyn:

Få kjente hendinger i vår region, men i høve klimaprognoser kan denne hendinga førekomme oftare.

Grunngjeving konsekvens:

Store nedbørsmengder kan føre til fleire trafikkuylukker knytt til overvatn på vegane, gje skader på miljø og påføre samfunnet kostnader knytt til skadar på bygningar, infrastruktur m.m.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Det eksisterer overvaking og varsling frå Metrologisk institutt. Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) har aktsemdskart for flaum og sender ut flaumvarsel⁴⁸. I høve statlege krav skal det føreliggje analyse av overvatn i Straume området i tilknytning til planarbeid. Øygarden brann og redning IKS har beredskap med pumper. I tillegg har Sivilforsvaret utstyr for å handtere dette. Fare for flaum og overvatn skal vere ivareteke i arealplanar. Det er publisert NOU⁴⁹ som vil fungere som støttedokumentasjon for handtering av overvatn i arealplanlegging.

Bedrifter i vår region som har følgjande tiltak: Intern varslingsrutinar ved ekstremvêrvarsling, eigen vedlikehaldsplan, rutinar for HMS-rundar, eige dreneringssystem for avrenning til sjø, kontroll av tak og nedlaup ein gang kvart år, kontrollrutinar for ringmurar. Sund kommune har i sin overordna beredskapsplan eige tiltakskort ved ekstremvêr⁵⁰.

Sårbarheit for denne hendinga er sett til låg då det eksistere mange tiltak for å førebyggje uønskt hending.

Nye tiltak:

- Informasjon til innbyggjarar om reinsing av rister knytt til varsling av store nedbørsmengder
- Kommunen må rettleie og stille krav til private utbyggjarar

Usikkerheit:

Er sett til låg då det føreligg gode data.

⁴⁸ www.nve.no

⁴⁹ NOU 2015: 16 Overvann i byer og tettsteder

⁵⁰ Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

6.2.3 Havstigningsnivå/ stormflo/ brottsjø (H-03)

Skildring:

Havnivået kan stige som følge av klimaendringar, og kan føre til at stormflo og bølger strekker seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag⁵¹. Dette kan føre til skadar på busetnad og infrastruktur på grunn av overfløyming av område der ein i dag ikkje har registrert skadar.

Nettstaden klimatilpassning.no⁵² tilrår at fram mot 2100 bør ein ha klimapåslag på stormflo på 56-72 cm. I følge tabell i DSB sin rettleiar Havstigning og stormflo⁵³ er havnivåstiging med klimapåslag for Sund, Fjell og Øygarden 72 cm for dette tidsrommet. Det kan føre til auka fare for stormflo som kan skade infrastruktur og bygningar. Som kystkommunar har vår region fleire område som kan vere utsett ved havstigning / stormflo, då det kan føre til oversvømde kaiar, naust, vegar osv. Eit av dei utsette områda i vår region er hovuddrikkevasskjelda til Sund kommune - Kørelen. Dette vatnet ligg sør i Fjell kommune og går inn i Sund kommune. I nordlege del av Kørelen er det berre få meter i skilnad mellom saltvatn i sjø og drikkevasskjelda. Ved ekstemveret Nina i 2015 som hadde høg stormflo, var det ei klaring på få cm mellom salt sjøvatn og drikkevasskjelda.

Ros-analyse H-03 h

Ros-analyse H-03 h			Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
3	Høy	Medium	3	3	3	3	3

Grunngjeving sannsyn:

Kjente hendingar: Havnivåstiging er mest relevant som ei framtidig fare, men ein har hatt fleire hendingar med stormflo og bølger. Stormen Inga tok naust på Viksøy og sperra veg. Klimaprofilar syner at slike hendinga kan skje oftare i framtida.

Grunngjeving konsekvens:

Sjøvatn kan gå inn i Kørelen (drikkevatt), oversvømme kaiar, vegar, naust, osv.

⁵¹ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁵² www.klimatilpassning.no

⁵³ DSB Havstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging 2016

Følgjehendingar: Forureining av drikkevann (Kørelen), fleire hendingar med stormflo og brottsjø

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Vi har avgrensing i kotehøgder ved bygging i standsona, som vert ivareteke i arealplanar.

Bedrifter i vår region har følgjande tiltak: God høgde på alle kaiar i forhold til høgste målte høgvatn, vedlikehaldsrutinar for kaianlegg, avgrensa tilgang til kaiar (ISPS-område), eigen beredskapsorganisasjon med industrivern, inkludert eigen MOB-båt. Sund kommune har i sin overordna beredskapsplan eige tiltakskort ved ekstremvêr⁵⁴.

Sårbarheit sett til høg grunna behov for betre førebyggjande tiltak i høve mogleg inntrenging av saltvatn i drikkevasskjelda Kørelen.

Nye tiltak:

- Kartlegge omfang av problem knytt til mogleg innsig av sjøvatn i Kørelen ved stormflo og generell havnivåstiging
- Skilting i høve fare for brottsjø
- Utarbeide kommunale planar for utfordringar i strandsone

Usikkerheit:

Er sett til moderat då vi har avgrensa historiske data og avgrensa kunnskap om havnivåstiging.

6.2.4 Ras/ utgliding på land (H-04)

Skildring:

Med det meiner vi steinras og utgliding av masse. Fjell, Sund og Øygarden har ein topografi med skrint jordsmonn som gjer at vår region i hovudsak er lite utsett for slike hendingar. Likevel har det vore fleire tilfelle av steinsprang. Det er identifisert område langs med nokon av våre hovudveggar der fjell/ nabbar kan sjå ustabile ut som følgje av sprenging og utbyggingsarbeid, og det er fleire ustabile vegskjæringar – særleg på Litle-Sotra. Det er også identifisert eit område ved Fjell gard som er markert som omsynssone på kartet, og utbyggjar har fått pålegg om sikring mot ras. Kommunane våre har også eksisterande bygningar som ikkje er vurdert opp mot skredfare.

Moglege årsaker:

Hellingsgrad, jordsmonn og sprenging og utbyggingsarbeid.

⁵⁴ Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

ROS-analyse H- 04 ras/ utgliding på land:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>H-Lav til S-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Lav	Lav	9	3	6	6	9

Grunngeving sannsyn:

Regionen har skrint jordsmonn og lite problematikk med ras og utgliding, men ein kan alltid oppleve feilvurderingar og liknande. Ein har også eksisterande bygningar som ikkje er vurdert opp mot skredfare.

Kjente hendingar: Regionen har ikkje hatt større skred, men har fleire steinsprang.

Grunngeving konsekvens:

Kan medføre skade på veg og bygning, skade på menneske, mest truleg på grunn av samanrast bygning

Følgjehendingar: Stengt veg, straumstans, osv.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Arealplan med krav til ROS. NVE⁵⁵ utarbeider aktsemdskart som identifiserer aktuelle område. Det er utført sikringstiltak langs veg og ved utbygde område fleire stader i kommunane. Det vert vurdert at våre kommunar har låg sårbarheit i høve denne hendinga

Nye tiltak:

- Betre kartlegging av skredfare og flomfare
- Informere innbyggjarar i utsette område
- Gjere nye vurderingar/ kontroll av eksisterande sikringstiltak i langs veg. Døme på utsette område: Vegstrekning Spildepollen - Eidesjøen (vegkryss), sikring av skuleveg (Apalvågen), Arefjord til Tonafeltet m.m. (ikkje uttømmande).
- Ta vare på verneskog
- Sikre at hendinga vert teke omsyn til i arealplanlegging

Usikkerheit:

Er sett til låg, men det trengs vidare undersøkingar for å auke kunnskapen om mulig eksisterande og framtidig risiko.

⁵⁵ Norges vassdrags-og energidirektorat

6.2.5 Kraftig jordskjelv (H-05)

Skildring:

I Nasjonalt risikobilete 2014⁵⁶ vert det skildra eit scenario om korleis eit jordskjelv vil råke Bergens-området. Jordskjelvet i scenarioet har senter i Øygarden forkastinga, som ligg like utanfor Øygarden kommune. Eit kraftig jordskjelv i Øygarden forkastinga kan få katastrofale konsekvensar for liv og helse i vår region.

Moglege årsaker:

Spenningsutløysingsprosess i jordskorpa langs Øygarden forkastinga.

ROS-analyse H-05 jordskjelv:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
1	Høy	Høy	5	5	5	5	5

Grunngjeving sannsyn

I utgangspunktet kan ein ikkje føreseie jordskjelv, men må baserer seg på statistiske berekningar av skakingar over tid⁵⁷. Det har vore fleire skjelv på Øygarden forkastinga. Det siste var i november-2017 med ein styrke på 3,8 på Richters skala der episenterert var like utanfor Øygarden kommune – lokalisert like ved Equinor sitt gassanlegg på Kollsnes⁵⁸. Nasjonalt risikobilete 2014 scenarioet tek utgangspunkt i eit kraftig skjelv med styrke på 6,5. Det analyserte skjelvet har lågt sannsyn (ein gong i løpet av 5 – 10 000 år), men kan ikkje sjåast bort frå⁵⁹.

⁵⁶ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

⁵⁷ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

⁵⁸ Norsars: Internasjonalt anerkjent, uavhengig, ikkje-for-profit forskingsgrunnlag innan geovitenskap, med kjernekompetanse innan seismologi og anvendt geofysikk

Grunngjeving konsekvens:

Det er ikkje jordskjelvet i seg sjølv som fører til tap av menneskeliv, men sekundære effektane av skjelvet, kor kraftige skakingar kan føre til at bygningar raser sammen, bruer og veier kollapsar, skred, demningsbrot, brannar og tsunamiar. Hus bygd av tre har generelt stor tåleevne mot skakingar. Også nyare bygningar kan være utsett for skader frå jordskjelv, dersom det ikkje er tatt omsyn til jordskjelv i prosjekteringa⁶⁰. I vår region er største del av bygningsmassen frå både eldre og nyare tid i hovudsak av tre, og har difor stor tåleevne mot denne hendinga. Eit mogleg sårbart område for hendinga kan vere på Straume/ Sotra kystby, der det er ein stor fjellhall med stor utbygging (m.a. fleire bustadblokker og Sartor Storsenter) lokalisert opp på fjellhallen.

Vår region har næringsliv særleg knytt til olje- og gass relatert verksemd, som kan vere sårbar for ei slik hending. Olje og gassverksemd lokalisert på Ågotnes og på Kollsnes/ Sture kan vere utsett for eksplosjon og brannar som følgjehending av eit kraftig jordskjelv. Om røyrlidningssystem knytt til desse verksemdene og evt. fare for forureining knytt til ei slik hending, seier DSB sin Risiko analyse «Jordskjelv i by» frå 2014 følgjande⁶¹: «*Akutt forurensning som følge av brudd på undersjøiske rørledningssystemer knyttet til de store olje- og gassanleggene på Ågotnes, Sture, Kollsnes og Mongstad, er lite trolig. Det vurderes heller ikke som sannsynlig at jordskjelvet vil medføre frigjøring av kvikksølv fra «ubåtvraket» U-864 på havbunnen utenfor Fedje med alvorlig etterfølgende miljøforurensning*».

Kommunane har mange bruer der nokre av bruene er frå 60-talet, og kan difor vere sårbare for ei slik hending. Vegnettet i regionen kan også bli råka av denne hendinga.

Følgjehendingar: Brot på leidningsnett, straumbrot, dambrot, brannar

Eksisterande tiltak og sårbarheit

- Ny bustadbygging følgjer teknisk forskrift⁶², som har tatt høgde for seismisk aktivitet.
- Dagens røyrlidningssystem innan olje og gass er designet for å kunne tåle rørsle/skaking og har fleire ventilsystem for avstenging i begge ender og langs røyrlidningane⁶³

Nye tiltak:

- Hendinga må takast omsyn til i arealplanlegging

Usikkerheit:

- Forskingstilstand knytt til denne hendinga er eintydige på at ein ikkje kan føreseie jordskjelv.

⁵⁹ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

⁶⁰ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

⁶¹ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

⁶² Norsk standard NS 3491-12 – fornya til Euro 8 standar i teknisk forskrift 10

⁶³ DSB Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

6.3 Store ulukker

Med omgrepet «store ulykker» meiner vi i denne samanheng hendingar med potensielt særleg store konsekvensar for liv, helse, miljø og økonomiske verdiar. Dette omfattar fleire ulike kategoriar ulukker direkte forårsaka av menneskeleg aktivitet.

6.3.1 Luftfartsulukke (H-06)

Skildring:

Uluke med fly eller helikopter som råkar vår region. Regionen har mykje helikoptertrafikk i luftrommet, knytt til geografisk nærleik til Bergen Lufthamn. Bergen Lufthamn Flesland er Noregs nest største med omlag 100 000 flygingar i året og kapasitet på 7,5 mill. passasjerar pr. år⁶⁴. Flyplassen inngår i eit nettverk for internasjonale ruter og stamruter mellom dei norske byane. Lufthamna er også knytt til dei regionale rutene i kortbanenettet og helikoptertrafikk til og frå Nordsjøen. Sund, Fjell og Øygarden ligg i luftkorridoren inn til Bergen lufthamn Flesland, og regionen har som følgje av det mykje helikopter og flytrafikk.

I Hordaland har det dei siste åra vore fleire ulukker med helikopter. Det har vore ei alvorleg hending i vår region – helikopterulukka på Turøy i 2016 med totalt 13 omkomne. Helikopteret var på veg frå oljeplattform i Nordsjøen. Kort tid før landing på Bergen Lufthavn Flesland, løsna hovudrotor utan forvarsel frå helikopterkabinen, og helikopteret styrta på ei lita øy i Øygarden kommune i nærleiken av bustadområde. Alle i helikopteret omkom. Mange innbyggjarar var vitne til hendinga, og av den grunn hadde behov for oppfølging av ulik karakter etter ulykka. Hendinga sette beredskapen i våre kommunar på prøve. Det gjaldt i særleg grad Øygarden kommune der hendinga var lokalisert, men også Fjell og Sund sette krisestab.

Moglege årsaker:

Høgt tal på flygingar over vår region.

⁶⁴ Avinor

Ros-analyse H-06 luftfartsulykke:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
2	Lav	Lav	10	4	8	4	4

Grunngjeving sannsyn:

Regionen har hatt ei ulukke, Turøyulukka i 2016. Statistikk på landsnivå tilseier ikkje at ein skal få større ulykker ofte.

Grunngjeving konsekvens:

Konsekvens av ei ulukke er mange omkomne og stor psykososial påkjenning. Det er også knytt store økonomiske kostnader og materielle skadar til ei slik ulukke.

Eksisterande tiltak og sårbarheit

Strengt krav til flysikkerheit og krav til kontroll, vert handsama av andre offentlege organ. Ansvar for å førebyggje denne hendinga ligg på fleire aktørar. Luftfartstilsynet, Avinor og det einskilde flyselskap har lovpålagde rutinar for flytryggleiken. Kommunane sitt ansvar er knytt til arealplanlegging og arealbruk i flysonene. Etter Turøyulukka er det arbeida med å endre innflygingsruter for helikopter til Flesland.

Sårbarheit vert vurdert som låg då det eksisterer mange tiltak for å førebyggje uønskt hending.

Nye tiltak:

- Ein meir systematisk dialog til dei sentrale aktørane knytt til flytryggleik og innflygingsruter/ korridorar
- Planlagde endringar i innflygingsruter/ korridorar må inn i kommunale planar

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har mykje historisk data.

6.3.2 Transportulukke sjø/ ulykke til sjøs (H-07)

Skildring:

All skipstrafikk til og frå Bergen passerer vår region. Bergen er Noregs største cruisehamn og landet sin maritime hovudstad både sivilt og militært, det inneber stor aktivitet til sjøs i våre farvatn. Kvant cruiseskip kan ha fleire tusen passasjerar. Ei ulukke på eit cruiseskip kan få stort omfang og utfordre beredskapen i Sund, Fjell, Øygarden, Askøy og Bergen. I tillegg har vår region stor trafikk på sjø knytt til olje- og gassindustri, oppdrettnæring, fiskeindustri, fisketurisme, fritidsbåtar osv.

Moglege årsaker:

Trend knytt til fritidsbåtbruk med hurtigare båtar. Båtførarane har ikkje alltid naudsynt kompetanse.

Regionen har stor aktivitet til sjøs. Både stor skipstrafikk til Bergen, olje- og gassindustri, cruisetrafikk, oppdrettsnæring, fritidsfiske, fisketurisme, fritidsbåtar, kajakk mm.

ROS-analyse H-07 transportulykke sjø/ ulukke til sjøs:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Høy	Lav	15	12	12	6	6

Grunngjeving sannsyn:

Det har vore fleire tilfelle av alvorlege ulukker der mange har mista livet eller blitt skadd langs Norskekysten. På vestlandet er dei største ulukkene i nyare tid: Sleipnerforliset nord for Haugesund i 1999 med 16 omkomne, Rocknes-ulukka i 2004 med 18 omkomne og brannen på hurtigruteskipet Nordlys i 2011 med to omkomne og to alvorleg skadde.

Grunngjeving konsekvens:

Konsekvensar av ulukker til sjøs kan vere svært alvorlege. Skipsfart er ein av sektorane med flest ulukker der det er meir enn fem omkomne. Når det gjeld ulukker knytt til cruisetrafikk er potensialet for at mange vert råka stor, både knytt til høgt tal på passasjerar og at ei slik hending kan ramme innbygjarar på land (i strandsona). Påverknad: Kan medføre store skader med mange skadde og omkomne, samt mange med behov for redning. Kan medføre stort press på helsevesenet. Følgjehendingar: Store oljeutslepp som tildøme i ulukkene med Server og Rocknes.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Det er streng lovgivning knytt til sertifikater og skipsfart. Andre tiltak: Trafikkstasjonen på Fedje, Losteneste, AIS, tekniske innretningar ombord på farty. Skadeavgrensande: RITS, IUA Bergen, Kystverket.

Sårbarheit sett til høg grunna behov for betre førebyggjande tiltak knytt til fiske og båtturisme med småbåtar, samt behov for betre regionalt kommunesamarbeid.

Nye tiltak:

- Kunnskap om kva type båttrafikk som passerer våre kommunar
- Arealplanlegging
- Dialog til nasjonale mynde
- Samarbeid mellom kommunar som kan verte råka av slik hending

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har gode data knytt til skipsulukker.

6.3.3 Skips/ riggulukke og anna ulukke ved hamn (H-08)**Skildring:**

Regionen har fleire hamner som tar imot større skip og riggar, med stor trafikk. I denne hendinga inngår brann/ulukker på skip og riggar som ligg til hamnar som; CCB, Sture, Dalsneset, Knarrvik, Skaganeset, Porsvika, Kollsnes og Straume, Valen og Lie.

Moglege årsaker:

Omfattar hending ved lasting/lossing av olje og gass, (varmt-)arbeid på riggar og fartøy, avfall/ restprodukt/ gods og kan føre til brann/eksplosjon, kantring/tap av stabilitet. Omfattar og prosjektrelatert arbeid med høg intensitet og mange involverte. Gjeld også skip / lagring med hydrogenperoksid (lakseluskerk)

ROS-analyse H-08 skips og riggulykke og anna ulykke ved hamn:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
2	Moderat	Lav	10	8	10	8	6

Grunngjeving sannsyn:

Få kjente hendingar.

Grunngjeving konsekvens

Kan ramma mange personar som oppheld seg på skip og kai, samt at brann/ulukke på skip kan vere svært komplisert å handtere. Slike ulukker kan medføre store kostnader og kan få store miljøkonsekvensar med utslepp av olje og kjemikaliar.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Brannvesenet skal kunne yte bistand ved ulykker og brannar på skip og riggar som ligg til kai.

Bedrifter i vår region har følgjande tiltak: Risikoanalyser, prosjektdokumentasjon med risikoreduserande tiltak, system for arbeidsløyve ombord på riggar, tryggleikskurs før alle går om bord, inspeksjonar og HMS-rundar, synfaring frå off. brannvern, riggen/fartyet sin eigen beredskapsorganisasjon, industrivern med støtte frå landside, krav til fysisk tryggleik (nødleidarar, kasteliner osv.)

Sårbarheit vurdert til moderat då regionen har mange hamner med tiltak.

Nye tiltak:

- Regelmessige øvingar
- Grov kartlegging av aktivitetar i hamnene i regionen
- Skjerpe inspeksjon og tilsyn
- Ha kommunale planar for hamner i våre kommunar
- Alle aktuelle hamner i Nye Øygarden bør ha beredskapsplan

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har gode data knytt til hendinga.

6.3.4 Trafikkulukke med mange skadde (H-09)

Skildring:

I denne hendinga inngår større trafikkulukke med mange skadde og omkomne, med privatbilar og bussar. Standard på vegane i vår region er ein viktig faktor i høve denne hendinga. I kommunane er det mange smale vegar og bruer som ikkje er dimensjonert for tunge køyrety og nyttetraffic knytt til næringsverksemd i kommunane.

Vår region har to lengre tunellar. Det er størst risiko knytt til tunellar med eit laup, då røyken må passere i same laup som trafikantane. Kolltveittunellen og Bjorøytunellen er tunellar med berre eit laup og med ei viss lengde. Kolltveittunellen har relativt høg årsdøgntrafikk, medan Bjorøytunellen har låg årsdøgntrafikk.

Det skal byggast nytt Sotrasamband med ny Sotra bru, like sør for den noverande brua. I anleggsperioden vert det mellombelse trafikk-løysingar då deler av dagens vegnett kan bli stengd i kortare eller lengre tid⁶⁵. Det kan auke presset på resterande vegnett, som i gjen kan auke risiko for ulykker.

Moglege årsaker:

Vegnettet har høg belastning av tunge kjøretøy og generelt stor trafikk.

ROS-analyse H-09 trafikkulykke med mange skadde:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>7-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat	Lav	15	6	9	12	6

Grunngjeving sannsyn:

Det har vore fleire alvorlege trafikkulykker i vår region. I Øygarden kommune var det ei ulukke i 2016 med totalt 8 alvorleg skadde. I 2010 var det frontkollisjon med to omkomne ved Sotrabrua i Fjell kommune.

Grunngjeving konsekvens:

Mange skadde og omkomne, psykososial belastning, belastning på naudetater og helsevesen.

Følgjehendingar: Stengt veg, forureining av hovudvasskjelde i Sund kommune (Kørelen).

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Jordvollar langs vegskuldrer
- Fartsgrense er sett ned på særleg utsette stader
- Sikringstiltak knytt til ulukkespunkt: 561, og 555
- Rillefelt i Kolltveit tunellen
- Statens vegvesen har forlenga autovern
- Sund har status som trafikksikker kommune

⁶⁵ Sotrasambandet Rv 555 Fastlandssambandet Sotra – Bergen. Parsell: Storavatnet – Liavatnet KOMMUNEDELPLAN MED KONSEKVENSTREDDING 20.12.2012

Sårbarheit er sett til moderat pga. smale bruer, farlege avkøyrslar og manglande midtdelarar.

Nye tiltak:

- Sanering av avkøyrslar
- Midtdelarar på utsette strekningar der det er mogleg å gjennomføre
- God arealplanlegging
- Omgjere reglar for ståplassar på buss
- Nytt Sotrasamband
- Veglys
- Regulering av farleg gods på veg
- Førebyggjande trafikksikringsarbeid - tildøme få status som trafikksikker kommune (Fjell og Øygarden)
- Vurdere båtsamband til Bergen

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har gode data om hendinga.

6.3.5 Stor industriulukke (H-10)

Skildring:

Regionen har fleire bedrifter som handsamar olje og gass, og som er særleg sårbare for ulukker. Regionen har 6 bedrifter som er regulert av storulukkeforskrifta⁶⁶. Ulukker i desse verksemdene kan få eit omfang som kan være vanskeleg å handsame. Spesielt har Kollsnes mykje gass og Sture mykje råolje. Ein har også fleire andre bedrifter med brannfalege gassar, m.a. på Ågotnes og Skaganeset.

Andre industriområde med verksemder som kan vere utsett for slik hending er Straume næringspark, Knarrevika industripark, Skaganeset industriområde, Tellnesskogen industriområde.

Moglege årsaker:

Vår region har stor industriaktivitet med lett tenneleg materiale.

⁶⁶ Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i vierksomheter der farlige kjemikalier forekommer FOR-2016-06-03-569

ROS-analyse H-10 stor industriulykke:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv/helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
3	Moderat	Lav	15	9	15	6	9

Grunngjeving sannsyn:

Kjente hendinger: Noreg og verda har hatt fleire store ulukker. Regionen har ikkje hatt større ulukker som har medført fleire dødsfall, men har hatt hendinger som kunne eskalert til større ulukker.

Grunngjeving konsekvens:

Eksplonasjonar, brannar og gassutslepp har stort skadepotensiale både for personar som oppheld seg ved verksemder og for omgjevningane. Gasslekkasje kan medføre evakuering av større område.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Fleire verksemder er underlagt streng kontroll frå styresmaktene, i tillegg til streng internkontroll. Andre verksemder er ikkje underlagt same strenge kontrollregime, og etterlevinga kan variere. Arealplanar gjev restriksjonar for bruk av areal i og rundt industriområde. Dei fleste bedriftene har eigne risikoanalysar, rutinar for drift og vedlikehald, inspeksjonar og HMS-rundar, eigen beredskapsorganisasjon med industrivern og årsplan for beredskapsøvingar.

Sårbarheit er vurdert til moderat då bedriftene har tiltak og er merksemd på risikoen. Industribedriftene har strenge krav til dokumentering, vedlikehald og tryggleik, men trass dette kan ulykker oppstå.

Nye tiltak:

- Gode planar for varsling og evakuering i kommunane
- Dumping av flydrivstoff i nærleiken av industrianlegg - må takast opp med Avinor
- Oppfølging av kjente avvik i Knarrvika industripark

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har gode data/ statistikkar.

6.3.6 Lekkasje frå røyrleidningar på land, andre industriulukker inkludert kjemikalieulukker på land og under transport på veg (H-11)

Skildring:

Mellom Kollsnes, Sture og LNG-fabrikken i Øygarden, og mellom anlegga og installasjonar i Nordsjøen, er det røyrleidningar som transporterer olje, gass og andre petroleumprodukt. Her kan ein få utslipp og mogeleg brann/eksplosjon. Regionen har også mykje transport av farlig gods på veg. Særleg går det mykje LNG frå Øygarden og vidare inn i Fjell kommune. Ein har og transport av bensin, diesel, ammoniakk, syrer, propan, osv. I Øygarden er det og mogeleg at det vert bygd CO₂-anlegg med røyrtransport.

Moglege årsaker:

Feil på anlegg og ulukker på veg.

ROS-analyse H-11 lekkasje frå røyrleidningar på land, andre industriulukker inkludert kjemikalieulukker på land og under transport på veg:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
1-Lav til 5-Høy	Lav-Høy	Lav-Høy	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat	Lav	9	9	9	3	3

Grunngjeving sannsyn:

Det er liten fare for utslipp frå leidningar når dei ligg i jorda, men ein kan få menneskelege feil som medfører skader. I høve transport på veg har det vore fleire hendingar med velt eller mista tilhengar, men det har til no ikkje ført til lekkasje.

Kjente hendingar: Hendingar i Øygarden - lekkasje på kondensatleidning, og ei hending på Sture terminalen i 2016 med gasslekkasje der 5 personar vart eksponert for gassen hydrogensulfid.

Grunngjeving konsekvens:

Store utslipp av kjemikaliar og eventuelt brann/eksplosjon kan føre til skade på liv og helse og kan medføre trong for evakuering. Dette kan vere krevjande å handtere og kan ta relativt lang tid.

Følgjehendingar: Avrenning til drikkevatt, kan få stengte vegar.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Merking, kontroll, inspeksjon, reguleringsplan.

Bedriftene har eigne risikoanalysar, rutinar for vedlikehald av tankar og linjenett, etablerte kontrollrutinar, tilsyn frå brannvesen

Sårbarheit er sett til moderat då m.a. kjemikaliedykkarar ikkje er ein tilgjengeleg ressurs på Sotra.

Nye tiltak:

- Auka merksemd på oppfølging av inspeksjonar frå bedrifter som har røyrlidningar
- Betre rutinar for kontroll og inspeksjon
- Arealplanlegging
- Øvingar
- Oppdaterte evakueringsplanar
- Tilstrekkeleg kunnskap hos kommunehelseteneste i samarbeid med brannvesenet knytt til aktuelle kjemikalier

Usikkerheit:

Er sett til låg då det er gode data på området.

6.3.7 Storbrann (H-12)

Skildring:

Brann som omfattar store bygg og med fare for fleire omkomne. Omhandlar følgjande objekt: leiligheitsbygg, sjukeheim, hotell, tunell (Bjørøy og Kolltveit) og parkeringshus, barnehagar, skular, idrettsanlegg.

Moglege årsaker:

Sårbar bygningsmasse, bruk av komfyr, el-anlegg, opne flammer, manglande førebyggjande tiltak, lyn, påsett brann, trafikkuhell m.m.

ROS-analyse H-12 storbrann:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat	Lav	12	3	12	15	12

Grunngjeving for sannsyn:

Moderne bygg skal ha god sikkerheit mot brann, men brann kan likevel oppstå. På grunn av høg industriaktivitet med lett tenneleg materiale er det sannsynleg at ein storbrann kan oppstå.

Grunngjeving for konsekvens:

Hendinga kan potensielt gje mange døde og skadde, mange evakuerte og tap av store verdjar.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Tilsyn
- HMS
- Industrivern
- Varslingstiltak i tunellane: Bommar, lys, styring av vifter, kommunikasjonssamband
- Generelle brannvernstiltak
- Regulering knytt til nyttårsfeiring

Sårbarheit vert vurdert til moderat grunna industriell aktivitet i vår region.

Nye tiltak:

- Høgdereskap til lokalt brannvesen
- Tilsyn/ møte med alle styre i burettslag i kommunane

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har mykje tilgjengeleg data.

6.3.8 Stor utmarksbrann (H-13)

Skildring:

Sund, Fjell og Øygarden har lite skog, men har store utmarksområde med kratt, lyng og småskog. Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordaming gje auka fare for tørke om somrane⁶⁷. Kommunane har utmark og klima som kan føre til at vegetasjonen fort tørkar opp og saman med vind kan utmarksbrannar fort utvikle seg til ein større brann. Det kan gje konsekvensar for bustadhus, andre bygningar og kritisk infrastruktur. Siste store utmarksbrann i Noreg var i Midt-Noreg i 2014 som følgje av langvarig tørke. Strek vind gjorde at desse brannane var ute av kontroll i fleire døgn, og spreidde seg kilometervis unna den staden der brannen tok til. Mange bustadhus, hytter og næringsbygg brann ned i desse brannane⁶⁸.

Våre kommunar har hatt fleire utmarksbrannar. Den største var i 2006 i Fjell kommune, då om lag 20 kvadratkilometer utmark vart brent⁶⁹. Trass i at brannen nok vart opplevd som dramatisk av mange innbyggjarar då fleire husstandar måtte evakuere, førte hendinga ikkje til personskade eller store skader på bygg og infrastruktur. Etter dette har det vore fleire mindre utmarksbrannar i vår region.

Moglege årsaker:

Uforsiktig omgang med open eld, lyn, brannstifting, gnistar frå maskiner m.v. som tenner vegetasjon i tørkeperiodar.

ROS-analyse H-13 stor utmarksbrann:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>7-Lav/15-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Høy	Lav	8	8	20	12	4

Grunngjeving sannsyn:

Kjente hendingar: Regionen har hatt fleire hendingar og relativt ofte lengre tørkeperiodar. Sommaren 2018 hadde vestlandet ein tørkeperiode frå mai til august. Heile Sør-Noreg fekk utfordringar denne sommaren knytt til mange skog og utmarksbrannar.

Grunngjeving konsekvens:

Denne type brann kan gje hurtig spreiding til bygningar og kan medføre behov for evakuering .

Følgjehendingar: Stengte vegar, store evakueringar, kan føre til straumstans og påverke industrien.

⁶⁷ Klimaprofil Hordaland August 2016

⁶⁸ FylkesROS Hordaland 2015

⁶⁹ Årsmelding Sotra Brannvern IKS 2006

Eksisterende tiltak og sårbarheit:

- Restriksjonar på bruk av open eld
- Samarbeid til sivilforsvaret
- Helikopterberedskap
- Slepebåtar og supplybåtar med sløkkjeutstyr - faste båtar på Sture (men ikkje eksisterande samarbeid)

Sårbarheit er sett til høg då det er vanskeleg å ha gode tiltak som kan forhindre hendinga.

Nye tiltak:

- Utvikle samarbeid til bøndene knytt til "vedlikehald" av utmark
- Utarbeide landbruksplan for Nye Øygarden kommune
- Industrivern ressursar må synleggjerast i ny beredskapsplan for Nye Øygarden

Usikkerheit:

Usikkerheit er sett til låg då det er gode data knytt til hendinga.

6.3.9 Dambrot (H-14)**Skildring**

Våre kommunar har mange dammar; Storavatn Knarrvik, Signalvatn Møvik, Bildøyvatn, Kørelen (Spilde) Fjellvassdraget, Steinsvatnet og Storavatnet. Damforskrifta regulerer krav til vedlikehald og sikring av damanlegg. Denne hendinga omhandlar dambrot med påfølgande vasspreiing.

Moglege årsaker:

Manglande vedlikehald, svikt i materiale.

ROS-analyse H-14 dambrot:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
1	1	1	5	1	5	5	5

Grunngjeving sannsyn:

Strengt krav gjennom damforskrifta og ingen kjente hendingar lokalt i vår region. Sist kjent hending var i Bergen kommune i august-2018 der ein mellombels demning i Munkebotsvatnet gav etter. Det har vore nokon dambrot nasjonalt fleire år tilbake i tid (f. eks. Torndammen 1979 og Roppa dam 1976).

Grunngjeving konsekvens:

Hendinga kan medføre store skader på bygningar, infrastruktur m.m. Fleire dammar i vår region er lokalisert i nærleiken av bustadområde.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Inspeksjon og vedlikehaldsrutinar
- Arealplanlegging
- Rutinar for nedtapping ved mistanke om "svakheiter"

Sårbarheit vert vurdert til låg då det eksisterer gode tiltak for å førebyggje uønskt hending.

Nye tiltak:

- Betre kartlegging/ oversikt på alle damanlegg og konsekvensar av dambrot
- Formidle informasjon til kommunane frå vasselskapa i kommunane

Usikkerheit:

Er sett til låg grunna god kunnskap om dammane i våre kommunar.

6.3.10 Atomulukke/ radioaktivt nedfall (H-15)

Skildring:

Av hendingar som kan råke Hordaland er det hovudsakleg militær aktivitet som representerer ein risiko. Håkonsvern orlogsstasjon er fleire gangar i året vertskap for utanlandske farty drivne av reaktorar. Ved slike besøk blir ei rekkje statlege etatar og kommunar varsla, og beredskapsnivået inne på basen vert heva. Det har ikkje vore registrert ulukker i samband med slike besøk, men det er kjent at det har vore hendingar med reaktordrive farty andre stadar i verda.

For våre kommunar er det størst risiko knytt til farty som ligg til kai ved Haakonsvern. Denne risikoen er i hovudsak knytt til utslepp av radioaktive partiklar. Det er gjennomført tiltak for rask deteksjon av utslepp på og nær orlogsstasjonen, og relevante beredskapstiltak er etablert⁷⁰.

Trass i stort fokus på tryggleik, skjer det tid om annen uhell knytt til kjernekraftverk. Tsjernobylulykka i Sovjetunionen i 1986 førte til radioaktivt nedfall fleire stadar i Noreg, også i Hordaland. Eit av dei mest alvorlege scenarior for radioaktiv nedfall i vår region er ei ulukke på Sellafieldanlegget i England. Ved visse vêrtilhøve kan Vestlandet bli

⁷⁰ FylkesROS Hordaland 2015

råka av nedfall allereie ni timar etter ei slik hending⁷¹. Radioaktivt nedfall kan føre til alvorlege, snarlege og langvarige effektar på liv og helse. I tillegg til eit slikt nedfall ha katastrofale effektar på miljøet over ein lang tidshorisont.

Moglege årsaker:

Ulukker knytt til atomdriven skipstrafikk til Haakonsvern, radioaktivt nedfall som følge av ulykke Sellafield anlegg, ulukke knytt til sjøtransport av radioaktivt avfall langs kysten.

ROS-analyse H-15 atomulykke/ radioaktivt nedfall

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
1-Lav til 5-Høy	Lav-Høy	Lav-Høy	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
1	Høy	Høy	5	5	5	5	5

Grunngjeving sannsyn:

Trafikk av atomdrivne farty til Haakonsvern er under sterk overvaking og kontroll.

Grunngjeving konsekvens:

Radioaktivt nedfall kan føre til tap av liv og langvarige helseskadar, få store og langvarige konsekvensar for miljøet og påføre samfunnet store kostnader.

Eksisterende tiltak og sårbarheit:

- Kommunane får melding frå forsvaret når det kjem atomdrivne båtar
- Øygarden har tilstrekkeleg med Jod tablettar
- Øvingar
- Sund kommune har i sin overordna beredskapsplan tiltakskort knytt til atomhending⁷²

Sårbarheit er sett til høg då det er utfordrande å førebyggje konsekvensane.

Nye tiltak:

- Påverke forsvaret i høve å redusere ankomst av atomdrivne båtar

⁷¹ FylkesROS Hordaland 2015

⁷² Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

- Utarbeide informasjon til innbyggjarar i høve eigen beredskap knytt til ein krise situasjon
- Våre kommunar blir med på DSB sin informasjonskampanje til hausten (eigen beredskap)
- Utarbeide ny strålevernplan for Nye Øygarden

Usikkerheit:

Er sett til høg då det føreligg lite tilgjengeleg data/ kunnskap om hendinga.

6.3.11 Akutt luftforureining (H-16)**Skildring:**

Med det meiner vi akutt luftforureining som i vår region i hovudsak er knytt til industri. Kan innebere forureining som følgje av partiklar, røyk, gass, stråling, kjemikaliar osv. Kjelder kan vere industriutslepp ved store anlegg som Sture, Kollsnes, CCB, Knarrevik og fiskeindustrien mfl. Atomnedfall er ikkje omtala her.

Moglege årsaker:

Røyk frå brannar, utslepp av kjemikaliar, atomhendingar (jf. pkt. 5.2.10), bitumenbrann i asfaltverk med kraftig røykutvikling

ROS-analyse H-16 akutt luftforureining:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>7-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Lav	Lav	6	6	6	3	9

Grunngjeving sannsyn:

Det er strenge tryggleikskrav og krav til utslepp knytt til industrien i vår region. Likevel kan skje feil som fører til utslepp av kjemiske stoff.

Grunngjeving konsekvens:

Kan skade/plage spesielt sårbare grupper, kan måtte medføre evakuering.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Bedrifter i regionen har risikoanalyse, rutinar for å førebygge utslepp, ringmurar, inspeksjonar, HMS-rundar, eigen beredskap inkludert oljevern med MOB-båt og personell i normal arbeidstid på virkedagar, eigne beredskapslenser, beredskapslager for lenser for Kystverket på basen, øvingar vert gjennomført i høve til årsplan, inngått samarbeid med øvrige IV-pliktige bedrifter på Sotra/Øygarden etc.

Kommunane har SMS varsling til innbyggjarane

Sårbarheit er sett til låg grunna gode tiltak.

Nye tiltak:

- Etablere rutinar for SMS varsling
- Luftforureining (sot) frå faklar i Øygarden må handterast betre

Utryggleik:

Sett til låg då vi har god kunnskap og data om hendinga.

6.4 Kritisk infrastruktur

Samfunnet er avhengig av at den grunnleggande felles infrastrukturen for IKT-system, straumforsyning, renovasjon, vassforsyning, avlaupssystem, fjernvarme og matforsyning fungerer. Lov om kommunal beredskapsplikt stiller særskilde krav om at hendingar knytt til kritisk og sårbar infrastruktur skal vurderast i ROS-analysar. Straumnettet er ein særskild viktig infrastruktur. Svikt i dette vil over tid føre til utfall av andre typar kritisk infrastruktur, IKT-system og vassforsyning vil til dømes vere utsett ved bortfal av straum. Svikt i straumforsyning vil difor få store direkte konsekvensar med følgjefeil som kan råke alle sektorar og verksemder.

6.4.1 Svikt i IKT og EKOM tenester (H-17)

Skildring:

Med det meinast lengre bortfall av all IKT som tele, data mv. Samanbrot i kritisk IKT-infrastruktur kan få ein rekkje følgjehendingar med alvorlege konsekvensar for kommunane sin tenesteproduksjon og for innbyggjarane. Viktige informasjonskanalar til publikum kan bli borte, koordinasjon av redningsinnsatsen frå naudetatane kan bli utfordrande og andre tenester kan bli vesentleg redusert.

Moglege årsaker:

Årsak til svikt i IKT-system kan vere maskinvarefeil, programvarefeil, straumstans, brot på kablar, brann, skade frå vatn/ lekkasjar, virus og hacking - gjort greie for i pkt. 6.5.6.

ROS-analyse H-17 svikt i IKT og EKOM tenester

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Moderat	Lav	12	4	20	20	20

Grunngjeving sannsyn:

Lett for at det kan oppstå menneskelege eller tekniske feil.

Grunngjeving konsekvens:

Alle system som samfunnet er avhengig av er knytt til IKT og svikt gjev store konsekvensar knytt til liv, helse, økonomi, tenesteproduksjon og omdømme.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Naudaggregat på serverrom
- Har brannmurar m.m.
- Fysisk sikring; kjøling
- Kjører backup, følgjer opp trusselvurderingar

Sårbarheit sett til moderat. Vi har system og rutinar som skal førebyggje hendinga, men feil kan oppstå likevel.

Nye tiltak:

- Redusere tid på normalisering av system ved worst case hendingar
- Planlagd ny datarømløysing i Nye Øygarden
- Utarbeide katastrofeplan for Nye Øygarden
- Gjennomføre ROS analysar i høve enkelte system, og gjennomføre naudsynte tiltak i tråd med aktuelle analysar

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har god kunnskap og data tilgjengeleg.

6.4.2 Svikt i straumforsyning meir enn fire timar (H-18)

Skildring:

Elektrisitet er den einaste energiberaren som ikkje kan lagrast. Det aukar sårbarheita for brot i straumforsyninga. Levering av elektrisk kraft er i følge BKK påliteleg. BKK som netteigar i vårt distrikt har ein gjennomsnittleg leveringsgrad på 99,9%, eller i snitt 90 minutt straumstans pr. kunde pr. år⁷³. Det er ein klar samanheng mellom H-18 borfall av straum og andre hendingar som er omfatta av denne analysen. Det gjeld for vind, ekstremvær og svikt i kritisk infrastruktur.

Andre følgjehendingar: Ekstremvær på sør- og austlandet i september-18 førte til lengre straumstans fleire stadar i landsdelen, som igjen førte til bortfall av både telefon og naudnett.

Moglege årsaker:

Straumstans kan skje som følge av ising på master, sterk vind, lynnedslag, rotvelte, gravearbeid, skade på kablar, teknisk svikt, tekniske feil, solstorm, ekstremvær, lyn, brann mv.

ROS-analyse H-18 svikt i straumforsyning meir enn fire timar:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Høy	Lav	8	4	20	12	12

Grunngjeving sannsyn:

Kortare straumbrot på inntil fire timar kan førekomme for alle kundar i nettet til BKK⁷⁴. Langvarig straumstans for deler eller heile vår region er sjeldan. Straumbrot i mindre områder er vanlegare. Ved kortare straumbrot får som regel dei fleste straumen tilbake lenge før det er gått fire timar. I utkantstrok som vi kan definere enkelte område i våre kommunar, kan det ta noko lengre tid før straumen er tilbake⁷⁵. I 2014 vart Sotra og Øygarden råka av ein kortare straumstans då ein trafostasjon brann, og i 2015 førte ekstremveret «Nina» til straumstans for fleire tusen husstandar i vår region.

Grunngjeving konsekvens:

⁷³ FylkesROS Hordaland 2015

⁷⁴ FylkesROS Hordaland 2015

⁷⁵ FylkesROS Hordaland 2015

Bortfall av straum kan medføre svikt i kommunikasjonslinjer, stengte butikkar, manglande moglegheit til å halde varmen, medisinsk utstyr for heimebuarar i omsorgstenestene.

Følgjehendingar: Bortfall av IKT, bortfall av personlege forsyningar, oksygen til sårbare pasientar, brannvarsling og anna kommunikasjon, manglande evne til å varme opp bustad osv.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Det er aggregat på institusjonar i alle kommunane. Fjell, Sund og Øygarden kommunar har avtale med Raude Kors som gjer høve til å nytte RKH analoge samband dersom det skulle oppstå ein situasjon der det er aktuelt/ naudsynt å nytte dette sambandet, til dømes dersom både telefon/mobil og naudnett fell bort. Raude krossen sine repeatarar er lokalisert på Blommennuten og Dalekletten i Øygarden, Bildefjell i Fjell og er under montering på Førdesveten i Sund.

Nokre bedrifter i regionen har følgjande tiltak: Kritisk infrastruktur koplet til UPS (data, ITV o.l.), kan kommunisere på VHF og UHF ved bortfall av telenett/mobilnett, har etablert ringleidningar på eige trafonett ved interne feil på straumnettet, etablert eigne instruksar for bortfall av tele/data/internett.

I kommunane er det rutinar for oppfølging av særleg sårbare grupper (t.d. eldre, funksjonshemma) ved denne hendinga, og det vert gjort regelmessige øvingar.

Sårbarheit er sett til høg då det er behov for å utgreie fleire alternative energiløysingar.

Nye tiltak:

- Kartlegge kritisk infrastruktur som ikkje er knytt til naudstraum
- Kartlegge heile "straumkjeda" for å finne sårbare punkt (døme; kva kan hindre diesel tilgang til aggregat)
- Kartlegge sårbarheit knytt til ulike institusjonar i kommunane
- Kartlegge sårbarheit knytt til særleg sårbare grupper som er heimebuande
- Heimetenestene må ha rutinar for å fange opp sårbare heimebuande innbyggjarar
- Alternative energikjelder tildømes solceller også i kommunale bygg
- Auka kunnskap om eigenberedskap hos innbyggjarar
- Varsling (SMS m.m.)
- Fleire straumleidningar til dømes inn til Øygarden for å kunne gjere omkoplingar
- Etterspørje hos BKK status ringleidning i nord Hordaland
- Det må takast stilling til om Nye Øygarden kommune skal inngå avtale med Raude kross om å kunne nytte RKH analoge samband, slik som avtalen med dei tre kommunane er i dag.

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har gode data knytt til hendinga.

6.4.3 Langvarig bortfall av kommunal vassforsyning (H-19)

Skildring:

Det er kommunale selskap (FjellVAR og Sund VA) som leverer vatn til innbyggjarane i våre kommunar. Drikkevatnet som kommunen leverer, skal vere hygienisk forsvarleg, klart og utan dominerande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde stoff som kan føre til helseskade i vanleg bruk.

Denne hendinga oppstår når kommunen mister evna til å gje godt og tilstrekkeleg drikkevatt til innbyggjarane i over 12 timar. Kjørelen som er drikkevasskjelde for heile Sund kommune, er identifisert til å vere sårbar ved H-03 stormflo og havstiging (jf. pkt. 6.2.3). Dersom vår region kjem i ein situasjon der Kjørelen som vasskjelde eller reinseanlegget ikkje kan nyttast, vil det bli uråd å levere vatn av godkjent kvalitet til innbyggjarar i Sund kommune.

Moglege årsaker:

Svikt i kommunal vassforsyning kan oppstå som følge av brot i leidning, straumstans, havari i reinseanlegg, forureining, teknisk svikt og langvarig tørke.

ROS-analyse H-19 svikt i vassforsyning:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
1-Lav til 5-Høy	Lav-Høy	Lav-Høy	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat	Lav	6	3	9	15	15

Grunngjeving sannsyn:

Kjente hendingar: Øygarden fekk bortfall av vassforsyning på Toftøy grunna oppblomstring av algar i vasskjelde. Regionen har historisk sett hatt fleire tørkeperiodar der det har vore naudsynt med tiltak knytt til restriksjon på bruk av vatn.

Grunngjeving konsekvens:

Levering av vatn er ei av dei viktigaste kommunale tenestene til innbyggjarane. Redusert kvalitet rammer både omdømme til kommunen og tenesteproduksjon til dømes i høve til sløkkevatn.

Følgjehending: Næringsmiddelprodusentar i regionen kan kome i ein situasjon med stenging av produksjon.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Anlegg som kan setjast i drift i samråd med kommunehelseleiinga og Mattilsynet. Dette er naudvassforsyning med strenge restriksjonar, som til dømes kokepåbod.
- Arealplanlegging
- Avgrensa reservekapasitet i Sund
- Kommunane har kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avlaup⁷⁶

Sårbarheit er sett til moderat då eksisterande tiltak kan betrast.

Nye tiltak:

- Samordning av vassdistribusjon i Nye Øygarden kommune som vil gje betre reservekapasitet (reduisert sårbarheit)
- Offentleg veg (555) skal flyttast vekk frå Kørelen
- Prosjekt knytt til å redusere risiko for at havstigning/ stormflo kan gå inn i Kørelen
- Utarbeide restriksjonar i nedslagsfeltet rundt Kørelen
- Knytte saman vassverk nord og sør i Øygarden og slik auke trykk i røyrnettet

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har gode data.

6.4.4 Svikt i avlaupshandsaming (H-20)

Skildring:

I våre kommunar er det dei kommunale selskapa FjellVAR og Sund VA som har ansvar for at alle kommunale avlaup er i god stad. Denne hendinga kan oppstå ved tette avlaup, overbelastning på avlaupssystemet, brot på avlaupsleidningar og svikt ved reinseanlegg.

Mogleg årsak:

Klimaendringar med aukande nedbør og havnivåstiging. Andre årsakar til svikt kan vere brot på røyrleidningar, tekniske feil, straumstans, svikt i IKT, manglande vedlikehald osv.

ROS-analyse H-20 svikt i avlaupshandtering

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4		Lav	8	12	8	12	20

⁷⁶ Kommunedelplan vassmiljø, vassforsyning og avlaup for Fjell kommune 2011-2022, kommunedelplan vassmiljø vassforsyning og avlaup for Sund kommune 2015 - 2025

Grunngjeving sannsyn:

Vassleidningsnett i kommunane har varierende alder, og dermed auka fare for brot.

Kjente hendingar: Lokale mindre episodar utan større konsekvensar

Grunngjeving konsekvens:

Lokal forureining knytt til avlaup på avvege, gjev fare for smitte infeksjon og ubehag. Handtering av avlaup er ei viktig teneste som kommunen leverer, og svikt i tenesta rammer særleg omdømme til kommunen.

Eksisterande tiltak og sårbarheit

- Tiltak i høve forureiningsforskrifta⁷⁷ del 4 og 4A
- Kommunane har hovudplan for avlaup

Sårbarheit: Kva veit kommunane om tilstand på røyrsystema? Det må utgreiast.

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har gode data knytt til hendinga.

6.4.5 Svikt i informasjonstryggleik (H-21)

Skildring:

Informasjonstryggleik skal sikre konfidensialitet (informasjon blir ikkje kjent for uvedkommande), integritet (informasjon blir ikkje endra utilsikta av uvedkommande) og tilgjenge (informasjon er tilgjengeleg ved behov) på informasjon som vert handsama knytt til våre arbeidsoppgåver i offentleg forvaltning ⁷⁸.

Svikt i informasjonstryggleik kan føre til at sensitiv informasjon kjem på avvege/ blir spreidd til uvedkommande, blir endra eller gjort utilgjengeleg. Det kan gjelde informasjon om helseopplysningar, barnevern og anna informasjon som er unnateke det offentlege som kontraktsvilkår, ny teknologi osv.

Moglege årsaker:

Manglande rutinar, system og kunnskap.

⁷⁷ Forskrift om begrensning av forurensning av 01.07.2004

⁷⁸ Difi (Direktorat for forvaltning og IKT)

ROS-analyse H-21 svikt i informasjonstryggleik

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
4	Høy	Lav	4	4	20	12	20

Grunngjeving sannsyn:

Nye system og auka krav til personvern m.a. knytt til nye personvernreglar, gjer at det er utfordringar i kommunane knytt til informasjonstryggleik. I Noreg har det vore fleire hendingar det sensitiv informasjon har kome på avvegar, enten ved systemfeil, menneskelege feil eller innbrot i datasystem.

Grunngjeving konsekvens:

Brot på nye personvernreglar kan føre til store bøter for kommunane. Kommunane er avhengig av tillit frå sine innbyggjarar. Sensitive informasjon på avvege kan skade kommunen sin tillit.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Plan for informasjonstryggleik

Sårbarheit er sett til høg då dagleg informasjonstryggleik er ei utfordring i våre kommunar.

Nye tiltak:

- Nettkurs for tilsette
- Erklæring knytt til informasjonstryggleik for alle tilsette som skal signerast
- Opplæring for leiarar og tilsette m.a. knytt til at ein skal ikkje ha tilgang til eller nytte data som ein ikkje treng for å utføre sitt arbeid
- Rutinar for dagleg handsaming av personopplysningar
- Sikker heimekontorløyising
- Oppfølging av GDPR – fellesprosjekt for våre kommunar
- Innskrenking av funksjonalitet
- Gjennomføre ROS analyser på system og iverksette aktuelle tiltak i tråd med analyser

Usikkerheit:

Er sett til låg då vi har gode data knytt til hendinga.

6.4.6 Bortfall av hovudtransportåre - eit døgn eller meir (H-22)

Skildring:

Sotrabraua er Sund, Fjell og Øygarden sitt einaste fastlandssamband. I februar 2017 passerte gjennomsnittleg årsdøgn trafikk 30 000, og på enkelte dagar er det opp mot 40 000 passeringar på brua pr. dag⁷⁹. Andre utsette område er hovudvegen til Øygarden, som har nokre utsette bruer, men kommunen har skjeldan opplevd lengre stenging av veg. Øygarden har ingen alternativ tilkomst enn FV 561, bortsett frå eit båtsamband mellom Hellesøy og Hernar. Til Sund er hovud- innfartsåre FV 555 frå sørlege delar av Fjell. Det er ferjesamband frå Hjeltestad i Bergen til Klokkevik i Sund. Innbyggjarar i Fjell og Øygarden kan også nytte denne ferja, men denne har avgrensa kapasitet, lengre stenging av Sotrabraua vil sette heile regionen på stor prøve. Denne hendinga H-22 har stor samanheng med H-01 vind definert som ekstremvær.

Vi har avgrensa denne hendinga til å omhandle bortfall av hovudtransportåre Sotrabraua i eit døgn eller meir jf. avgrensing i kap. 1. Årsaka til det er at kortare bortfall av denne transportåra skjer relativt ofte, og vi har ikkje erfaring med at det utfordrar kommunane sin eksisterande kapasitet til å takle denne hendinga på ein tilfredstillande måte. Lengre bortfall vil derimot få svært store konsekvensar og vil sette heile regionen vår på stor prøve.

Moglege årsaker:

Sterk vind over 25 m/s, røykutvikling som følgje av ulukke på Knarrvika industriområde, skadar på Sotrabraua eller andre bruer i regionen og utmarksbrann

ROS-analyse H-22 bortfall av hovudtransportåre – eit døgn eller meir

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
2	Høy	Lav	8	4	10	6	8

Grunngeving for sannsyn:

Har hendingar over kort tid relativt ofte, men ikkje hendingar over eit døgn.

Grunngeving for konsekvens:

Regionen og særleg næringslivet er svært avhengig av Sotrasambandet. Utanom eit mindre ferjesamband i sør går all trafikk her. Lenger stans i Sotrasambandet ville sette lokalsamfunnet vårt på stor prøve og gje store økonomiske tap for næringslivet. Det kan m.a. føre til redusert framkomme for naudetatar (må bruke lengre tid), varetransport og omsorgstenester. Langvarig bortfall av denne infarståra som følgje av H-01 vind, kan føre til isolasjon av regionen, då det i slike situasjonar kan vere vanskeleg med alternativ transport både i luft og til sjø. Det kan gje auka risiko knytt til liv og helse då det kan vere vanskar med til dømes sjuketransport.

⁷⁹ Statens vegvesen

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Beredskapskai ved Austefjorden i Sund.
- Ferje Klokkevik – Hjeltestad men med avgrensa kapasitet
- CCB disponerer ca. 1000m med kaianlegg og kan potensielt vere ei hamn for mottak av forsyningar, men også for transport av personell
- Beredskapsanalyse for bruforbindelse rundt Bergen⁸⁰
- Felles beredskapsplan langvarig stenging/ bortfall Sotrabrua⁸¹ som er utarbeidd på bakgrunn av ovannemnde beredskapsanalyse
- Sund kommune har tiltakskort knytt til varsel om brustenging som skildrar handling både ved kortare stenging (6 timar) og langvarig stenging (over 12 timar)⁸²
- Båtsamband mellom Hellesøy og Hernar

Sårbarheit er sett til høg grunna låg kapasitet på alternative transportårer (omkøyringsvegar og ferje/ båt).

Nye tiltak:

- Utgreie båtrute mellom Sotra og Bergen (persontransport)
- Arealplanlegging
- Oppdatere beredskapsplan for Sotrabrua
- Øving
- Varsling – innbyggjarar må bli gjort kjent med hendinga, slik at ein sjølv kan finne alternativ
- Alle kommunar må utarbeide tiltakskort knytt til varsel om brustenging
- Tettare regionalt samarbeid til dømes med Bergen kommune

Usikkerheit:

Sett til låg då vi har god kunnskap og data knytt til hendinga.

6.5 Tilsikta hendingar

I følge Norsk Standard 5830 er «en tilsiktet uønsket handling» ei hending som skuldast ein aktør som handlar målretta. Aktøren sitt mål kan vere å skape frykt, påføre øydeleggingar eller fremme egne interesser.

⁸⁰ Beredskapsanalyse for bruforbindelse rundt Bergen utarbeida av Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen

⁸¹ Felles beredskapsplan for langvarig stenging/ bortfall Sotrabrua for Hordaland Fylkeskommune, Statens vegvesen, Fjell kommune, Sund kommune Øygarden kommune, Bergen kommune

⁸² Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

6.5.1 Alvorleg vald på skule (H-23)

Skildring:

Med det meinast at ein eller fleire personar bruker våpen (skytevåpen, stikkvåpen, sprengstoff osv.) og/ eller farlege gjenstandar mot fleire uskuldelege personar på ein skule eller i ein barnehage. I følgje delrapport Nasjonalt risikobilde 2015⁸³ skjer skuleskyting primært i høgt utvikla og demokratiske land som USA, Canada og Tyskland. Skyting på skular skjer relativt hyppig i USA og tar mange menneskeliv kvart år. Berre i 2018 har USA hatt i gjennomsnitt ei episode med skuleskyting kvar veke, der elevar eller tilsette har blitt skadd og/eller drept. Det har ikkje vore liknande tilfelle av skyteeepisodar på skular eller andre institusjonar i Noreg, men dei siste tre åra har det kome trusslar om skuleskyting. Erfaringane frå hendinga 22.juli 2011, syner at problemstillinga kan vere aktuell også i Noreg. Det er stor våpentilgang i vår region, våpen som er m.a. er knytt til fiske, jakt og landbruk.

Det er utarbeidd nasjonale prosedyrar knytt til pågåande livstruande vald⁸⁴, desse skal vere retningsgjevande i høve korleis naudetatane skal samvirke og samhandle i slike situasjonar. Prosedyrane har som føremål at dei skal kunne nyttast på same måte uavhengig av geografi og ressurstilgang. Risikovurderingane som er gjort i denne ROS-analysen er i hovudsak basert på erfaring frå andre land.

Moglege årsaker:

Elevar som av ulike årsaker er i ein vanskeleg livssituasjon, kan velje å «hemne» seg på skulen⁸⁵.

ROS-analyse H-23 alvorleg vald på skule:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
1	Moderat	Lav	5	1	3	3	3

Grunngjeving sannsyn:

Ingen hendingar i Noreg, få hendingar i Norden.

Grunngjeving for konsekvens:

Liv og helse: Mange skadde og potensielt fleire døde.

⁸³ DSB Risikoanalyse av skuleskyting i Nordland – delrapport til Nasjonalt risikobilde 2015

⁸⁴ Helsedirektoratet nasjonal prosedyre pågående livstruande vold (PLIVO)

⁸⁵ DSB Risikoanalyse av skuleskyting i Nordland – delrapport Nasjonalt risikobilde 2015

Tenesteproduksjon: I høve å handtere krisa for den enkelte elev er det viktig å oppretthalde tenestetilbodet/ skulen ved til dømes å gje alternativ stad til undervisning så snart som mogleg.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Beredskapsplanar i skular og barnehagar. Sund ungdomskule har redigert utgåve tilpassa skulen.
- Tiltakskort ved valdeleg elevåtferd
- Har regelmessig øving på evakuering
- Div. førebyggjande prosjekt retta mot born og unge:
- Førebyggjande prosjekt radikalisering
- Tryggleik i Fjell-skulen
- Barn i sorg og krise
- Alle dei tre kommunane har tiltak mot mobbing i skulen og har fokus på det psykososiale miljøet for elevane
- Som nemnd i kap. 3 syner elevundersøking 2017⁸⁶ at trivsel hos elevar i 10. klasse i Fjell og Sund er lågare enn i landet, og det er ein større andel med lågaste meistringnivå i lesing og rekning i 5. klasse i dei nemnde kommunane enn i landet elles. Då slike forhold kan vere risikofaktorar i høve denne hendinga, er det er viktig at kommunane held fokus på at skulane i vår region skal vere gode læringsarena med godt psykososialt miljø.

Sårbarheit er sett til moderat då det generelt er vanskeleg å førebyggje ei slik hending.

Nye tiltak:

- Etablere prosjekt knytt til varsling på skule ved å etablere til dømes - callinganlegg, mobiltelefon (jobbtelefon), IP telefon
- Beredskapsplanar /kriseplanar må vere tilpassa den einskilde skule og gjerast tilgjengeleg og vere kjent for dei tilsette på skulane
- Regelmessige øvingar

Usikkerheit:

Gode rapporteringsrutinar som gjer at vi har oversikt på faktorar som kan utløyse ei slik hending.

6.5.2 Alvorlege truslar mot kommunalt tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg (H-24)

Skildring:

Truslar knytt til bruk av våpen eller andre fysiske angrep, som truer einskilde sin tryggleik og helse. Moglege aktørar:

- Elevar som av ulike årsaker er i ein vanskeleg livssituasjon, kan velje å «hemne seg» på skulen. Har vore hendingar der elevar har hatt med seg knivar for å kunne «beskytte seg».

⁸⁶ Elevundersøkelsen 2017

- Brukarar av NAV : Mange av dei er i ein vanskeleg livssituasjon, kan vere psykisk ustabile med rusvanskar. Mange kan vere ein del av eit kriminelt miljø og truslar knytt til bruk av våpen kan difor oppfattast reelle.
- Barnehagar kan vere utsett m.a. knytt til samlivskonfliktar mellom foreldre og situasjonar knytt til melding til barnevern.
- Andre tenester som er utsett: Legetenester, barnevern, servicekontor, psykiatriteneste, ungdomsklubbar, helsestasjon og heimeteneste

Moglege årsaker:

Misnøye med tenester kan vere ein utløysande faktor.

ROS-analyse H-24 alvorlege truslar mot kommunalt tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
1-Lav til 5-Høy	Lav-Høy	Lav-Høy	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat	Lav	3	3	6	6	3

Grunngjeving sannsyn:

Har vore konkrete trusselhendingar i ulike tenester i alle tre kommunane.

Grunngjeving for konsekvens:

Liv og helse: Å bli utsett for truslar inneber høg psykososial påkjenning med fare for seinskadar

Grunngjeving omdømme: Kan gje redusert omdømme internt hos tilsette i særleg grad hos elevar.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Nokon tenester har rutinar for truslar og vald tilgjengeleg i internkontrollsystem, med årlege gjennomgangar for alle tilsette.
- Oppfølging av avvik er varierende
- Gjennomført kartlegging av truslar og vald blant tilsette i våre kommunar
- Nokon tenester har varslingsystem/ klokke for tilsette som jobbar utadretta med heimebesøk

- Alle tre kommunar har tilgangskontroll/ slusesystem til rådhusa
- Nokon tenester har tiltak for spesielt krevjande brukarar

Sårbarheit er sett til moderat då eksisterande tiltak kan forbe-trast.

Nye tiltak:

- Lett tilgjengeleg alarmsystem til bruk på heimebesøk for alle "utsette" tenester
- Alarmsystem på kontor
- Øving
- Vurdere om eksisterande tiltak for einskilde tenester kan nyttast av fleire (med tilpassingar)
- Prosedyre for evakuering til dømes trugslar under pågåande medisinsk behandling

Usikkerheit:

Er sett til låg då det er mykje kunnskap og data om hendinga.

6.5.3 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ offentlege tenester (barnevern, legekantor osv.) (H-25)

Skildring:

Med angrep meiner vi bruk av fysisk vald, fysisk utagering, bruk av våpen og andre gjenstandar for å skade omgjevnadane.

Årsaker:

Misnøye med tenester kan vere ein utløy-sande faktor.

ROS-analyse H-25 angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ offentlege tenester (barnevern, legekantor osv.):

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Moderat	Lav	12	4	12	8	8

Grunngeving for sannsyn:

Har skjedd episodar med tilfelle av faktiske angrep i NAV kontora dei siste åra og har vore tilfelle med alvorleg vald mot ein tilsette og truslar om vald mot tilsette i helse/ omsorg/ sosial.

Grunngeving for konsekvens:

Påverknad: Fysisk og psykisk skada og omkomne tilsette/ brukarar/ besøkande, psykososiale belastning for pårørande, materielle skadar.

Liv og helse: Kan førekomme døde og fleire skadde og gje høg psykososial påkjenning med fare for seinverknader.

Økonomi: Kostnader til sikring av bygg, vektar og politi, sikring av tilsette, oppfølging av tilsette, sjukemeldingar m.m.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Nokon tenester har rutinar for truslar og vald tilgjengeleg i internkontrollsystem system, med årlege gjennomgangar for alle tilsette.
- Oppfølging av avvik er varierende
- Gjennomført kartlegging av truslar og vald blant tilsette i våre kommunar
- Nokon tenester har varslingsystem/ klokke for tilsette som jobbar utadretta med heimebesøk
- Alle tre kommunar har tilgangskontroll/ slusesystem
- Nokon tenester har tiltak for spesielt krevjande brukarar
- To i samtalar med brukarar som vert vurdert potensielt "farlege"

Sårbarheit er sett til moderat knytt i hovudsak til meir fysisk sikring.

Nye tiltak:

- Alle tilsette i nemnde tenester (brukarretta tenester) bør få kurs i handtering/ førebygging truslar og vald

- Alle tenester må ha rutinar i høve møte på ettermiddag (etter arbeidstid) - gje melding når samtalar / møte er avslutta
- Øvingar
- Alle tenester må ha beredskapsplanar med tiltakskort
- E-læring
- Betre fysisk sikring

Usikkerheit:

Er sett til låg då det er god kunnskap og data knytt til hendinga.

6.5.4 Terror (H-26)

Skildring:

Med terrorhandling meinast ulovleg bruk av, eller trussel om bruk av vald mot personar eller eigedom i eit forsøk på å legge press på landet sine myndigheiter, befolkning eller samfunnet elles for å oppnå politiske, religiøse eller ideologiske mål. Målet med terrorisme er å få merksemd om ei sak, formidle eit politisk eller religiøst budskap, eller å få innfridd spesifikke krav. Terrorisme kan også sjåast på som ein markering av politiske eller religiøse verdiar. I dette ligg det at terroristane vil uttrykke ein verdi med den handlinga dei gjer. Dei vil markere kva dei står for eller kva dei er imot⁸⁷.

I vår region må vi vere merksam på aktuelle stader/ objekt som kan vere mål for terror særlig knytt til aktivitetar som samlar store menneskemenger.

Moglege årsaker:

Kan vere politisk eller religiøst motivert.

⁸⁷ FN Sambandet

ROS-analyse H-26 terror:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
1	Høy	Høy	5	5	5	5	3

Grunngeving sannsyn:

Historisk få angrep mot store menneskemengder i Noreg

Grunngeving konsekvens:

Identifiserte terrormål vil innebære mange døde, skadde og tap av storer verdier samt høy psykososial belastning og belastning på naudetater og helsevesen.

Grunngeving for omdømme: Identitet og "fortelling" om aktuell stad/ verksemd vil prege den i framtida

Eksisterende tiltak og sårbarheit:

- Tilgangskontroll / vektarar hos utsette verksemdar
- Fysisk sikring av utsette anlegg
- "Jekslar" innkjøpt til sykkel VM for å hindre angrep med bil
- Generell beredskapsplan knytt til sykkel VM gjeld tiltak knytt til terror - kan nyttast i andre planar
- Arrangørar for store arrangement må gjennomføre ROS analyser.

Sårbarheit er sett til høg pga. identifiserte mål er utsette og sikringstiltak kan betrast.

Nye tiltak:

- Øving i samarbeid med andre naudetatar
- Beredskapsleiing bør ha dialog til aktuelle terror objekt

Usikkerheit:

Er sett til høg då vi har lite kunnskap og data om hendinga.

6.5.5 Sabotasje (H-27)

Skildring:

Med det forstås vi ei handling som har til føremål å svekkje eller øydeleggje ei verksemd eller ein struktur. I våre kommunar må vi vere merksame på aktuelle stadar/ objekt som kan vere mål for sabotasje, både frå konkurrentar og frå andre nasjonar. Fleire av desse verksemdene er viktige for den nasjonale verdiskapinga.

I PST sin trusselvurdering for 2018 står det følgjande: «*Rekruttering av kilder og agenter, kartlegging av virksomheter og kritisk infrastruktur samt nettverksoperasjoner, vil utgjøre de mest alvorlige utfordringene knyttet til fremmede staters etterretningsvirksomhet i 2018. Virksomheter innen norsk forsvars- og beredskapssektor, statsforvaltning, forskning og utvikling samt virksomheter innen kritisk infrastruktur, vurderes som særskilt utsatte etterretningsmål*»⁸⁸

Moglege årsaker:

Motiv kan vere økonomiske - ramme konkurrentar (til dømes utførast av utru tenarar) og ramme nasjonale verdiar.

ROS-analyse H-27 sabotasje:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
3	Høy	Høy	3	15	15	15	3

Grunngjeving sannsyn:

Historisk sett få kjente tilfelle av sabotasje i Noreg, men regionen har verksemdar som kan vere utsette.

Grunngjeving konsekvens:

Store økonomiske og samfunnsmessige følger p.g.a. næringsstrukturen i vår region. Dersom viktig infrastruktur vert ramma av ei slik hending vil det også ramme tenesteproduksjon.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Tilgangskontroll / vektarar hos utsette verksemdar
- Fysisk sikring av utsette anlegg
- "Jekslar" innkjøpt til sykkel VM for å hindre angrep med bil
- Generell beredskapsplan knytt til sykkel VM gjeld tiltak knytt til terror - kan nyttast i andre planar

⁸⁸ Trusselvurdering 2018 PST s. 4

- Arrangørar for store arrangement må gjennomføre ROS analyser

Sårbarheit er sett til høg pga. at sikringstiltak kan betrast.

Nye tiltak:

- Utarbeide betre rutinar knytt til overvaking av objekt som kan vere sårbare for sabotasje
- Øving i samarbeid med andre naudetatar
- Beredskapsleiing bør ha dialog til aktuelle objekt

Utryggleik:

Er sett til låg då det er god oversikt på både aktuelle objekt og data knytt til hendinga.

6.5.6 Hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet (H-28)

Skildring:

Innbrot i serverar/ installasjonssystem og informasjonstryggleik knytt til eksterne aktørar. NSM (Nasjonal sikkerhetsmyndighet) registrerte om lag 22 000 uønskete hendingar mot informasjonssystem i Noreg i 2016, og den generelle tendensen er at talet på slike hendingar er stigande⁸⁹.

Moglege årsaker:

Motiv kan vere hemn, utpressing/ økonomisk og sosialt/ personleg motiv.

ROS-analyse H-28 hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv/helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
5	Høy	Lav	15	5	15	20	25

Grunngjeving for sannsyn:

Det har vore forsøk på dataangrep i alle tre kommunane siste år, og er noko som rammar dei fleste verksemder.

⁸⁹ NSM «Risiko 2017 – risiko og sårbarheter i en ny tid, en vurdering av sårbarheter og risiko i Norge»

Grunngjeving for konsekvens:

Liv og helse: Kan føre til at ein ikkje har tilgang til journal – feilbehandling og kan gje psykososiale følgjer som følgje av at sensitive opplysningarer på avveggar. Tenesteproduksjon blir ramma ved manglande tilgang på informasjon for å utføre arbeid, tap av arbeidstimer/ økonomisk tap, redusert evne til krisehandsaming osb.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Alle kommunane har brannmurar, trygg sone knytt til handsaming av personopplysningar, har system for å fange opp virus og spam
- Har avvikssystemet

Sårbarheit er sett til høg då systemene krev kontinuerleg oppdatering.

Nye tiltak:

- Styrke brannmurar som må tilpassast / utviklast i høve til nye truslar

Usikkerheit:

Er sett til låg fordi det er god oversikt og kunnskap om temaet.

6.5.7 «Utru tenar» (H-29)

Skildring:

Med "utru tenar" meiner vi alvorlege saker innan korrupsjon, bedrageri og underslag, eller at tilsette på andre måtar utnyttar si stilling til eiga vinning.

Moglege årsaker:

Personlege vanskar m.m.

ROS-analyse H-29 utru tenar:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Lav	Medium	9	3	6	3	15

Grunngjeving for sannsyn:

Ingen kjente store saker knytt til økonomi i våre kommunar, men har vore tilfelle av misbruk av offentleg stilling og forfalsking av dokument.

Grunngjeving konsekvens:

Når tilsette som forvaltar offentlege midlar og tenester, misbruker sitt mynde får det særleg store konsekvensar knytt til tap av tillit/ omdømme.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Våre kommunar har etiske retningslinjer
- Har program / logg i høve kven som har nytta systemet
- Alle rekningar som vert tilvist/ økonomiske overføringar har to signaturar

Sårbarheit er sett til låg då eksisterande tiltak er gode.

Nye tiltak:

- Betre rutinar/ system for handsaming av avvik og varsling
- Rutinar for bevisstgjerung av tilsette / merksemd på kva dette inneber
- Betre kontrollsystem til dømes stikkprøver
- Utarbeide betre innkjøpsreglement

Usikkerheit:

Er sett til moderat då det kan vere mørketal pga. manglande rapportering.

6.6 Helse

Kategorien helse omfattar dei hendingane som har ekstraordinære konsekvensar for samfunnet gjennom påverknad av menneske sine liv og helse på grunn av sjukdom eller smitte. Det er berre dei hendingane som er forventa å utfordre kommunane sin kapasitet til å handsame, som er vurdert i analysen. Ordinær sesonginfluensa er til dømes er ikkje med i analysen, fordi det vert forventa at kommunane i normalsituasjon har tilstrekkeleg kapasitet til å handsame dette.

6.6.1 Epidemi/ pandemi (H-30)

Skildring:

Ein pandemi er eit sjukdomsutbrot som råkar svært mange menneske, og som spreier seg over store geografiske område. Den nasjonale pandemiplanen tek utgangspunkt i eit scenario der 50% av innbyggjarane vert smitta, og halvparten av desse (25%) vert sjuke. I følge planen vil ein ny pandemi kome, men det er ikkje råd å seie når.

I pandemiplanen for Fjell kommune er det lagt opp til at opp mot 30% av befolkninga kan bli smitta. Med dette utgangspunktet vil det utgjere omlag 11.000 menneske for våre tre kommunar ved eit kraftig utbrot.

Mogelege årsaker:

Nordmenn sine reisevanar ute i verda gjer at ein kan verta eksponert for andre sjukdomar enn heime, sjukdomar ein ikkje er motstandsdyktige mot. Ein kan på denne måten ta sjukdomen med seg til Noreg. Vi er kjent med ulike typar influensa som opptrer regelmessig, og kjem gjerne att kvar vinter. Klimaendringar med varmare vår er venta å føre til auke i frekvens ved at det geografiske trivselsområdet for virus og bakteriar aukar. Det er og kjent at virus og bakteriar muterer og kan føre til utbrot av nye og ukjente sjukdomar. Regionen har hamner med internasjonal skipstrafikk som kan bringe med seg smitte.

ROS-analyse H-30 epidemi/ pandemi:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Moderat	Lav	20	4	12	12	8

Grunngeving for sannsyn:

Det er teikn som tyder på at epidemiar kan førekomme hyppigare. Statistikk syner at pandemiar oppstår 1 g pr. 10-50 år. Ein auke i multiresistente bakteriar vil kunne auke sannsyn for epidemiske utbrot. Reisevanar og levevanar gjev også ein venta auke i kjønnsrelaterte sjukdomar. Folkehelseinstituttet melder om tydeleg auke i tilfelle av gonoré, og ei tidobling av syfilis mellom homoseksuelle menn sidan 2005.

Grunngeving konsekvens:

Vi vurderer at ein kan få fleire tusen sjuke med tilsvarende driftsforstyrningar og omdømmetap. Tap av omdøme er knytt til dårleg informasjon som kjem for seint, og/eller dårleg handsaming.

Ein pandemi som råkar kommunen vil i fyrste omgang føre til auka arbeidsmengd i helse- og omsorgstenestene. Ein kan oppleve redusert kapasitet på helsetenester som kan gje særleg store konsekvensar. Ein kan pårekna vanskar med å oppretthalde forsyning av varer og tenester på tvers av sektorar, dette igjen kan få konsekvensar for kritiske samfunnsfunksjonar. Heile kommuneorganisasjonen må pårekna å verta råka av ein pandemi, særleg grunna høgt sjukefråver.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Våre kommunar har smittevernplanar og arbeider systematisk for å hindre smitte. Helsevesenet har gode rutinar, gode varslingsystem og generelt god evne til å takle epidemiar. Regionen vil truleg ha litt tid til rådvelde før vi vert råka, og har dermed noko tid til å iverksette tiltak i forkant. Innbyggjarane har generelt god helse og har tilbod om eit godt vaksineprogram. Det vert gjennomført kampanjar knytt til god handhygiene frå nasjonalt hald, og Noreg har ressursar til å skaffe nødvendige medisinar.

Sårbarheit er sett til moderat då det trass gode tiltak kan vere vanskeleg å beskytte seg mot hendinga.

Nye tiltak:

- Tiltak knytt til informasjon til innbyggjarane
- Plan for evakuering
- Plan for omdisponering av helsepersonell

Usikkerheit:

Er sett til låg då det er god kunnskap og lang erfaring med hendinga.

6.6.2 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall (H-31)

Skildring:

Utstrekt bruk av antibiotika verda over gjer oss sårbare for utvikling av resistente bakteriar. Utbrot med slike bakteriar kan vera vanskeleg å kontrollere. Slik utviklinga er no kan dette bli ei større utfordring i framtida. Fjell kommune er saman med 9 andre kommunar med i eit prosjekt eigd av Statens legemiddeltilsyn, for å kartlegge og redusere bruken.

DSB har publisert ein risikoanalyse av antibiotikaresistens⁹⁰, som tek utgangspunkt i eit konkret scenario: Utbrot av MRSA i Vestfold.

Mogelege årsaker:

Små mutasjonar som fører til at det vert utvikla stammar av bakteriar som motstår verknaden av antibiotika.

ROS-analyse H-31 multiresistente bakteriar fører til dødsfall:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Moderat	Lav	16	4	8	8	8

Grunngjeving for sannsyn:

Det er eit kjent trugsmål med stor internasjonal merksemd. Utvikling av nye typar antibiotika har stagnert. Det er kjent at det er auke i talet på multiresistente bakteriar. Noreg er relativt lite utsett, men det er likevel venta at det vil kunne føre til dødsfall også her i landet. I risikoanalysen frå DSB i høve sannsyn skriv dei:

"Vi anslår derfor sannsynligheten for et tilsvarende utbrudd til det som er beskrevet i dette scenarioet for å være middels (40-60 prosent) i løpet av 50 år. Å anslå sannsynlighet for biologiske fenomener slik som dette er imidlertid svært vanskelig, noe som reflekteres i at usikkerheten knyttet til sannsynlighetsvurderingen er svært stor."

Grunngjeving konsekvens:

I DSB sin rapport skildrar dei fleire konsekvensar. For kritiske samfunnsfunksjonar vil eit slikt utbrot utfordre styring og kriseleing, forsyningstryggleik og helse- og omsorgstenestene. Derimot peikar dei på at ingen samfunnsfunksjonar vil verte sett ut av spel. Helse og omsorg vil få dei største utfordringane, då kapasiteten vil bli sett under press i lang tid. Dei reknar vidare at dersom 200 menneske vert smitta, vil ni personar døy av dette.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Tiltak for å redusere bruk av antibiotika

Sårbarheit er sett til moderat då det må arbeidast med ytterlegare reduksjon i bruk av antibiotika.

⁹⁰ DSB risikoanalyse av antibiotikaresistens: «Utbrudd av MRSA i Vestfold» 2017

Nye tiltak:

- Informasjon til innbyggjarane
- Ytterlegare forskning og utvikling av nye antibiotikatypar

Usikkerheit:

Sett til låg då det er gode data om hendinga.

6.6.3 Legionella (H-32)**Skildring:**

Bakteriell sjukdom (Legionella-bakterien) som kan gje milde til svært alvorlege luftvegsplager. Legionærsjukdom, legionellose er den mest alvorlege. Pontiac-feber er mindre alvorleg, men kjem frå same bakterie.

Mogelege årsaker:

Utbrotet skjer vanlegvis frå VVS-anlegg, der kjøletårn har det største potensialet for å smitte mange. Bakterien vert overført i vassdamp (aerosol) frå oppvarma vatn, oftast gjennom dusjanlegg, luftreinsanlegg eller kjøletårn i hotell og kjøpesenter. Bakteriane kjem inn i kroppen når vi pustar inn vassdamp som inneheld bakterien. Sjukdomen smittar aldri frå person til person. I bustadar kan bakterien finnast til dømes i dusj, boblebad, dersom temperaturen på varmtvatnet er for låg (under 70 grader), eller typisk i hytter der vatnet har stått stille over tid.

Vår region har fleire kjøletårn og store dusjanlegg der dette kan oppstå. Det er størst fare for personar med lågt immunforsvar.

ROS-analyse H-32 legionella:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>1-Lav-Høy</i>	<i>1-Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	1-Lav	1-Lav	6	3	3	3	9

Grunngjeving for sannsyn:

I 2001 og 2005 var det omfattande utbrot av sjukdomen i Noreg. I begge tilfella vart det brukt store ressursar på å finne smittekjelda. Det har berre vore eitt kjent tilfelle i vår region siste 12 år, i ein privat bustad.

Grunngjeving konsekvens:

Store utbrot er sjeldan i Noreg. Om det likevel skjer vil det kunne verte ressurskrevjande å finne kjelda. Ved større utbrot kan ein venta dødsfall og fleire alvorleg sjuke. Kommunen kan få kritikk for manglande rutinar, særleg om kjelda er kommunen sin eigedom.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Det finst gode kontrollregime for å hindre utbrot av legionella-bakterien. Helsetenestene har god evne og kapasitet til å handtere sjukdom. Sårbarheit er difor sett til låg.

Nye tiltak:

- Informasjon til innbyggjarar og overnattingsstadar

Usikkerheit:

Er sett til låg då det er gode data knytt til hendinga.

6.6.4 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall (H-33)

Skildring:

Smitte i drikkevatt kan smitte innbyggjarane raskt. Ein kjenner fleire hendingar med til dømes gardia, hepatitt og oppvekst av [giftproduserande algar](#). Ved planlegging av den nye vegstrekninga mellom Fjell og Sund er det føreslått at traseen vert lagt utanom nedslagsfeltet for Kørelen.

Moglege årsaker:

Det kan oppstå ved brot på vassleidning, forureina kjelde, mangel på reservevatn og overvatn frå avlaup. Utviklinga i vasskvaliteten i kjelda (før reinsing) vert gradvis dårlegare, mellom anna grunna auke i bakterieflora. Dette medfører ein auke i sårbarheita, dersom reinseanlegg eller system sviktar. Forureining: Drikkevatt kan bli ureina ved avrenning, trafikkulykker, avfall frå dyr, utslepp frå industri mm. Ved trykkreduksjon i vassleidning kan ein få inntrenging av ureint/smitta vatn i nettet, nedstraums frå reinseanlegg. Vassleidningsnettet i kommunane er varierende i alder, og dermed aukande fare for brot.

ROS-analyse H-33 smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Lav	Lav	6	3	9	6	6

Grunngjeving for sannsyn:

Auke i ny bakteriar og virus, kombinert med auka resistens, vil kunne leie til auka eksponering av drikkevasskjelder. Det er usikkert om dagens reinsesystem vil kunne møte denne utviklinga.

Grunngjeving konsekvens:

Med dagens system er det lite truleg med dødsfall hos friske, men ein kan få mindre alvorleg smitte hos mange. Private system og brønner er meir utsett for slik smitte då dei som regel ikkje har gode barrierar slik som kommunane. God informasjon i tidleg fase vil vere med å redusere omdømmetap.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Kommunane har gode og robuste vassbehandlingsanlegg - dei fleste med UV-anlegg, og alle har gode rutinar på testing. Alle anlegg har minimum to barrierar. Alle har gode beredskapsplaner. Det er gode driftsovervakingsystem. Det vert jobba med å ha kontroll på nedslagsfelt og drikkevasskjelder, og det er jamlege ettersyn. Kommunal vassforsyning er underlagt strenge reguleringar frå Mattilsynet. Sårbarheit vert difor vurdert til låg.

Nye tiltak:

- Omlegging av hovudveg i Sund kommune

Usikkerheit:

Sett til låg då det er gode data om hendinga.

6.6.5 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall (H-34)

Skildring:

Dette omhandlar fleire hendingar i Noreg med ulike typar smitte, til dømes E-coli, salmonella, listeria osv. Det er størst fare for personer med svekka immunforsvar. DSB har publisert ein risikoanalyse av smitte i mat, som tek utgangspunkt i eit konkret scenario: Utbrot av smitte i hovudsak lokalisert til Trondheim⁹¹.

Moglege årsaker til smitte:

Det er knytt størst merksemd mot E-coli-smitte. Drøvtyggjarar kan vera berarar av bakterien, og visse grupper av desse bakteriane kan utgjera ein fare for menneske. Smitte frå dyr kan skje ved direkte kontakt, kontakt med avføring, eller indirekte gjennom matvarer. Avrenning frå jordbruk og vatning av jordbruksland med infisert vatn, kan føre til smitte. Det er også ein viss risiko knytt til aukande tal mindre utsalsstadar/-boder med varierende internkontroll. Problemstillinga kan også koplast til auka smittefare/multiresistente bakteriar.

ROS-analyse H-34 smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
4	Moderat	Lav	12	4	8	8	8

Grunngeving for sannsyn:

Auka tal på utsalsstadar og auke i ulovleg import av matvarer gjev auka sannsyn. Gruppa kjenner ikkje til tilfelle frå vår region. Friare flyt av varer, dyr og menneske kan og auka sannsynet. I Noreg er det eitt kjent tilfelle med dødsfall, då eit barn døydde i 2006 og 18 personar vart smitta av E-coli bakterien. Norge er relativt lavt eksponert, men det er venta ei auke.

Grunngeving konsekvens:

Det er svært sjeldan med store alvorlege utbrot, men det finst bakteriar som kan medføre enkelte dødsfall og sjukdom.

WHO anslår ⁹² det er grunn til å tru at det dør ca. 100 menneske årleg i Norge grunna smitte i mat. Ca. 6000 blir alvorleg sjuke.

⁹¹ DSB Risikoanalyse av «Matbåren smitte» - delrapport til Nasjonalt risikobilde 2015

⁹² SIFO rapport 11-2006-40 Tillit til mat

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Strengt krav frå mattilsynet til matproduksjon, jamlege tilsyn og krav til rapportering. Samfunnet har auka fokus på ulovleg import av matvarer. Samstundes er det auka kontrollverksemd frå Mattilsynet.

Sårbarheit er sett til moderat grunna større sårbarheit ved mindre utsalsstadar \bodar\ulovleg import mm.

Nye tiltak:

- Betre kontroll med import og utsal og serveringsstader

Usikkerheit:

Sett til låg då det er gode rapporteringsrutinar og gode data knytt til hendinga.

6.6.6 Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg (H-35)**Skildring:**

Marin næring er viktige for desse kommunane, og gjev mange arbeidsplassar og skaper betydelege verdiar. Verksemdar knytt til denne næringa kan skape uønskte hendingar og kan bli råka av uønskte hendingar.

I 2016 vart Chile råka av ei oppblomstring av giftige algar som tok livet av ca. 790 tonn oppdrettslaks. Årsaka var truleg relatert til tørt og varmt vår og lite oksygen i vatnet. Mangel på oksygen kan kome av nitrogenhaldig gjødsling i landbruket. Tilhøva i andre land kan få konsekvensar for norsk havbruk. I 2016 vart det levert 1,24 mill. tonn laks frå norske anlegg, til ein verdi av omlag 60 mrd. kroner.

Uønskte hendingar som følgje av denne næringa er til dømes sjukdomar og rømmingar.

Mogelege årsaker:

Oppblomstring av algar, biologisk forureining, spreiding av uønskte artar og rømming frå oppdrettsanlegg. Smittsam sjukdom som gjer at ein må slakte mykje oppdrettsfisk og redusere drifta på oppdrettsanlegga, lakselus m.m.

ROS-analyse H-35 biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet	Risiko liv /helse:	Risiko miljø:	Risiko økonomi:	Risiko tenesteprod:	Risiko omdømme:
2	Høy	Høy	2	8	8	2	4

Grunngjeving sannsyn

Kjente hendingar: Lakseoppdrett i Chile vart sterkt råka av sjukdom og måtte kutte sterkt i produksjonen. Norske anlegg har vore nøydd til å slakte ned bestanden grunna lus og sjukdom. Mange døme på framande artar som fortreng norsk fauna. Frå 2018: Kina nektar å importere oppdrettsfisk frå visse stadar i Norge.

Grunngjeving konsekvens:

Påverknad: Kan føre til sjukdomsutbrot hos fisk, tare og andre sjødyr, oppblomstring av artar som fortrenger opphavleg biomasse osv. Trugar den norske vill-laks stamma.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

Sårbarheit: Svært mange individ(laks) på lite område medfører svært stor smittefare. Relativt ny industri som ikkje har full oversikt over alle konsekvensar.

Nye tiltak:

For denne hendinga er det semje blant både interne og eksterne deltakarar at denne må utgreiast nærare, til dømes med representantar frå oppdrettsnæring og sentrale myndigheiter (Mattilsynet og Havforskningsinstituttet). Som nemnd i kap. 3 er marin næring viktig for Sund, Fjell og Øygarden og gjev mange arbeidsplassar og genererer betydelege verdiar. Det er difor viktig å få ytterligare kunnskap om den risikoen ei slik hending kan ha for vår region. Ei slik utgreiing/ meir detaljert temaspesifikk risikovurdering vil vere for omfattande i denne overordna kommuneROS`en.

Utryggleik:

Treng meir kunnskap om hendinga.

7. Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region

Skildring:

Ulukker som ikkje skjer i vår region men som kan påverke våre kommunar. Til dømes skipsulukker, skuleklasse på tur osv. Ei slik ulukke vil utfordre kommunen si evne til å ta vare på eigne innbyggjarar, særleg innan psykisk helse. Det kan også innebere hendingar som medfører at kommunane må avsjå ressursar for eksempel innan helse og brann, samt kan omhandle hendingar som skjer i utlandet.

ROS-analyse stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region:

Sannsynlighet	Sårbarhet	Usikkerhet					
<i>1-Lav til 5-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	<i>Lav-Høy</i>	Risiko liv og helse	Risiko miljø	Risiko økonomi	Risiko tenesteproduksjon	Risiko tillit og omdømme
3	Moderat		15	3	12	15	9

Grunngjeving sannsyn:

Det er ikkje råd å setje kvalifisert sannsyn for tilhøve utanfor våre kommunar. Når det gjeld frekvens, kan ein forventa at hendingar som f.eks. Utøya, tsunami, osv. kan skje i framtida.

Grunngjeving konsekvens:

Kan omfatte ulukker med tap av mange menneskeliv og store skadar, med påfølgjande stor psykososial påkjenning. Det vil krevja ressursar og vil kunne utfordre kommunal drift.

Eksisterande tiltak og sårbarheit:

- Mottakssenter/ pårørende senter
- Kriseleiing i kommunane som vert aktivert
- Nokre verksemder i regionen har eigen beredskapsstab dersom personell vert ramma på reise

Sårbarheit er sett til moderat då det er vanskeleg å førebyggje og ha tilstrekkeleg beredskap tilgjengeleg, og slike hendingar vil kunne utfordre alle relevante tenester.

8. Samanheng mellom hendingar

Fleire av dei omtala hendingane i denne analysen kan oppstå samstundes, og kan difor sette beredskapen på stor prøve. Det er i hovudsak knytt til grunnleggande felles infraskturtur som er gjensidig avhengig av kvarandre. For desse kommunane er hendinga H-01 vind definert som ekstremvær som har høgast risiko for å skape andre uønskete hendingar som; H-18 strømbrot, H-17 svikt i IKT og EKOM tenester, H-22 bortfall av hovudtransportåre, H-19 bortfall av vassforsyning og H-20 svikt i avlaupshandtering.

9. Vurdering av behov for varsling og evakuering

Jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt ⁹³ § 2 skal heilskapleg ROS innehalde ein vurdering av behovet for å varsle befolkninga og behovet for evakuering. Varsling av befolkning inneber å bruke etablerte infrastrukturar for raskt å varsle dei som ein antek blir råka, for å redusere konsekvensane av hendinga ⁹⁴.

Behovet for varsling av befolkninga vert vurdert ut i frå⁹⁵:

- Kva konsekvensar dei uønskte hendingane er vurdert å ha
- I kva grad desse konsekvensane kan bli redusert ved bruk av varsling, eler anna form for kommunikasjon

Føremålet med evakuering er å få råka personar i tryggleik, og sørge for at deira grunnleggande behov vert ivaretekne. I ein heilskapleg ROS betyr dette å vurdere behovet for og omfang av ei eventuell evakuering⁹⁶.

Med bakgrunn i ovannemnde punkt , er det gjort følgjande vurderingar knytt til behov for varsling og evakuering knytt til den einskilde hending i denne ROS-analysen:

Type hending	Behov for varsel av befolkning (markert med X)	Behov for evakuering (markert med X)
H-01 Vind definert som ekstremvær	X	X
H-02 Ekstrem nedbør/ styrregn	X	X
H-03 Havstigingsnivå/ stormflo/ brottsjø		
H-04 Ras/ utgliding på land	X	X
H-05 Jordskjelv – Øygarden forkastelsen	X	X
H-06 Luftfartsulykke	X	X
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	X	X
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	X	X
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	X	
H-10 Stor industriulykke	X	X
H-11 Lekkasje frå røyrleidningar på land, andre industriulykker inkludert kjemikalieulykker på land og under transport på veg	X	X
H-12 Storbrann	X	X
H-13 Stor utmarksbrann	X	X
H-14 Dambrot	X	X

⁹³ Forskrift om kommunal beredskapsplikt FOR -2011-08-22-894

⁹⁴ DSB rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

⁹⁵ DSB rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

⁹⁶ DSB rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

H-15 Atomulykke/ radioaktivt nedfall	X	X
H-16 Akutt luftforureining	X	X
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	X	X
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn fire timar	X	X
H-19 Langvarig bortfall av kommunal vassforsyning	X	
H-20 Svikt i avlaupshandtering	X	
H-21 Svikt i informasjonstryggleik		
H-22 Bortfall av hovudtransportåre – eit døgn eller meir	X	
H-23 Alvorleg vald på skule	X	X
H-24 Alvorlege truslar mot kommunalt tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg		
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ offentlege tenester (barnvern legekantor osv)		
H-26 Terror	X	X
H-27 Sabotasje		
H-28 Hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet		
H-29 Utru tenar		
H-30 Epidemi/ pandemi	X	
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall		
H-32 Legionella		X
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	X	
H-34 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	X	
H-35 Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg		

Då orkanen Katarina slo inn over New Orleans i USA i 2005, ramma den alle innbyggjarane med same kraft. Likevel såg vi store forskjellar. Mange velstående sette seg i bilane og køyrde i tryggleik, medan andre med mindre økonomiske ressursar måtte bli igjen. Fleire studiar viser at alder, kjønn, etnisitet, inntekt og formue har mykje å seie for den einskilde si evne til å takle å kome seg ut av ein krisesituasjon⁹⁷. Som nemnd i kap. 3 og i kap. 6.2 . kan slike faktorar omtalast som sosial sårbarheit ⁹⁸ og må takast omsyn til ved befolkningsvarsling og evakuering .

Denne vurderinga av behov for varsling av befolkninga og evakuering knytt til dei ulike hendingane, syner at kommunane er i behov for betre system for varsling enn kva vi har pr. i dag.

⁹⁷ <https://forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune>

⁹⁸ Kor utsett befolkninga i eit område er om ei uønskt hending inntreffer

10. Oppsummering og samla vurdering av risikobiletet

Eit samanstilt risikobilette for alle hendingar og konsekvensar som har inngått i den overordna ROS-analysen vert vist i tabellen under:

Kategori	Hending	Sannsyn (1 låg 5 høg)	Sårbarheit (Låg – høg)	Usikkerheit (Låg – høg)	Liv og helse	Miljø	Økonomi	Tenesteproduksjon	Tillit og omdømme
Naturhendingar	H-01 Vind def. ekstremver	4	Høg	Høg	20	8	12	8	12
Naturhendingar	H-02 Ekstrem nedbør/ styrtregn	3	Låg	Låg	6	6	6	3	3
Naturhendingar	H-03 Havstigning, stormflo, brottsjø	3	Høg	Medium	9	3	9	3	3
Naturhendingar	H-04 Ras/ utglidning på land	3	Låg	Låg	9	3	6	6	9
Naturhendingar	H-05 Kraftig jordskjelv	1	Høg	Høg	5	5	5	5	5
Store ulykker	H-06 Luftfarstulykke	2	Låg	Låg	10	4	8	4	4
Store ulykker	H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	Høg	Låg	15	12	12	6	6
Store ulykker	H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	Moderat	Låg	10	8	10	8	6
Store ulykker	H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	Moderat	Låg	15	6	9	12	6
Store ulykker	H-10 Stor industriulykke	3	Moderat	Låg	15	9	15	6	9
Store ulykker	H-11 Lekkasje frå røyrleidningar på land, andre industriulykker inkludert kjemikalieulykker på land og under transport på veg	3	Moderat	Låg	9	9	9	3	3
Store ulykker	H-12 Storbrann	3	Moderat	Låg	12	3	12	15	12
Store ulykker	H-13 Stor utmarksbrann	4	Høg	Låg	8	8	20	12	4
Store ulykker	H-14 Dambrot	1	Låg	Låg	5	1	5	5	5
Store ulykker	H-16 Akutt luftforureining	3	Låg	Låg	6	6	6	3	9
Store ulykker	H-15 Atomulykke/ radioaktivt nedfall	1	Høg	Høg	5	5	5	5	5
Kritisk infrastruktur	H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	Moderat	Låg	12	4	20	20	20
Kritisk infrastruktur	H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	Høg	Låg	8	4	20	12	12
Kritisk infrastruktur	H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	Moderat	Låg	6	3	9	15	15
Kritisk infrastruktur	H-20 Svikt i avlaupshandtering	4		Låg	8	12	8	12	20
Kritisk infrastruktur	H-21 Svikt i informasjonstrygleik	4	Høg	Låg	4	4	20	12	20

Kritisk infrastruktur	H-22 Bortfall hovudtransportåre – eit døgn eller meir	2	Høg	Låg	8	4	10	6	8
Tilsikta hendingar	H-23 Alvorleg vald på skule	1	Moderat	Låg	5	1	3	3	3
Tilsikta hendingar	H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	Moderat	Låg	9	3	6	6	9
Tilsikta hendingar	H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/tenester	4	Moderat	Låg	12	4	12	8	8
Tilsikta hendingar	H-26 Terror	1	Høg	Høg	5	5	5	5	3
Tilsikta hendingar	H-27 Sabotasje	3	Høg	Høg	9	15	15	15	9
Tilsikta hendingar	H-28 Hacking/ datainbrot/virus og cyberkriminalitet	5	Høg	Låg	15	5	15	20	25
Tilsikta hendingar	H-29 «Utru tenar»	3	Låg	Medium	9	3	6	3	15
Helse	H-30 Pandemi/ pandemi	4	Moderat	Låg	20	4	12	12	8
Helse	H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	Moderat	Låg	16	4	8	8	8
Helse	H-32 Legionella	3	Låg	Låg	6	3	3	3	9
Helse	H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	Låg	Låg	6	3	9	6	6
Helse	H-34 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	Moderat	Låg	12	4	8	8	8
Helse	H-35 Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg	2	Høg	Høg	2	8	8	2	4
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	Døme: skipsulykker, skuleklassar på tur osv	3	Moderat		15	3	12	15	9

Når risikobilette vert tolka må den spesifikke fagtilnærminga som er nytta i analysen, sjåast i samanheng med korleis våre kommunar handsamar risiko i det daglege. Føremålet med fagtilnærminga som er nytta i analysen, er å skape eit godt avgjerdsgrunnlag for kva prioriteringar som bør gjerast i samfunnstryggleiksarbeidet. Vala som er gjort i samband med definisjon av kategoriar for sannsyn og konsekvens (jf. kap. 5.1, 5.2 og 5.3) mogleggjer akkurat dette.

Dei raude hendingane betyr at våre kommunar må vurdere å sette i verk systematiske tiltak for å forsøke å redusere risikoen som er forbundet med desse, men «raude» hendingar inneber ikkje at det automatisk er farleg å gjennomføre dei aktivitetane som hendinga omhandlar. Det same gjeld for «grøne» hendingar. Fargekodinga «grøn» betyr ikkje automatisk at ei slik hending er ufarleg for våre kommunar, men at kombinasjonen av konsekvens og sannsyn fører til at desse hendingane bør prioriterast lågare i samfunnstryggleiksarbeidet.

Som det går fram av avgrensing i kap. 1 er skildring av hendingane også på eit overordna nivå, med aggregerte⁹⁹ hendingar. Dette fører til at eit meir nyansert risikobilete er vanskeleg å presentere. Når vurderingane av risikoen knytt til dei overordna hendingane, alltid har lagt til grunn den mest dimensjonerande hendinga¹⁰⁰ i sannsyn- og konsekvensvurderinga som føreligg, inneber det at risikobilete ser meir alvorleg ut enn dersom meir detaljerte skildringar av hendingane hadde vore presentert.

Naturhendingar

I kategorien naturhendingar er H-01 vind definert som ekstremvêr, vurdert som den mest alvorlege hendinga. Risikoen for konsekvenskategorien «liv og helse» vert vurdert som høg, medan risikoen knytt til dei andre konsekvenskategoriane (miljø, økonomi, tenesteproduksjon og omdømme) vert vurdert som moderat.

Store ulykker

I kategorien store ulykker er H-10 stor industriulykke vurdert som den mest alvorlege hendinga. Risikoen for konsekvenskategoriane «liv og helse» og «økonomi» er vurdert som høg. I høve dei andre konsekvenskategoriane (miljø, tenesteproduksjon og omdømme) vert risikoen vurdert som moderat.

Hendingane H-09 trafikkulykke med mange skadde og H-07 transportulykke sjø/ ulykke til sjøs er begge vurdert til høg risiko knytt til konsekvenskategorien «liv og helse». I høve dei andre konsekvenskategoriane (miljø, økonomi, tenesteproduksjon, tillit og omdømme) vert risikoen for desse to hendingane vurdert som moderat.

Når det gjeld hendinga H-12 storbrann er risiko i høve konsekvenskategorien tenesteproduksjon vurdert til høg medan risiko i høve konsekvenskategoriane liv og helse, økonomi og tillit & omdømme er vurdert som moderat. Risiko i høve miljø for denne hendinga vert vurdert som låg.

Hendinga H-13 stor utmarksbrann utmerkar seg også ved at risiko knytt til konsekvenskategorien økonomi er høg, medan risiko knytt til konsekvenskategoriane liv og helse, miljø og tenesteproduksjon er vurdert til moderat. I høve risiko knytt til tillit og omdømme er den vurdert til låg.

Kritisk infrastruktur

I kategorien kritisk infrastruktur er H-17 svikt i IKT og EKOM tenester vurdert som den mest alvorlege hendinga. Risikoen for konsekvenskategoriane økonomi, tenesteproduksjon og tillit & omdømme er vurdert til høg. Risiko i høve konsekvenskategoriane liv og helse er vurdert som moderat medan risiko i høve miljø er vurdert til låg.

Andre hendingar som utmerkar seg er H-19 langvarig bortfall av vassforsyning og H-21 svikt i informasjonstryggleik. I høve H-19 langvarig bortfall av vassforsyning er risiko knytt til konsekvenskategoriane tenesteproduksjon og tillit & omdømme vurdert som høg, risiko knytt til liv & helse og økonomi vurdert som moderat og risiko knytt til

⁹⁹ Aggregering: kombinere eller slå saman data om enkeltindivid, grupper eller periodar til større grupper eller lengre tidsperiodar

¹⁰⁰ Dimensjonerande hending – av fleire liknande hendingar: Den hendinga som er vurderte å utfordre beredskapen i størst grad

miljø vurdert som låg. I høve H-21 svikt i informasjonstryggleik er risiko knytt til konsekvenskategoriane økonomi og tillit & omdømme vurdert som høg. I høve risiko knytt til konsekvenskategori tenesteproduksjon er den vurdert til moderat medan risiko knytt til liv & helse og miljø er vurdert som låg.

Hendinga H-18 svikt i straumforsyning meir enn 4 timar utmerkar seg også ved at risiko knytt til konsekvenskategori økonomi vert vurdert som høg. Risiko knytt til liv og helse, tenesteproduksjon og tillit & omdømme vert vurdert som moderat for denne hendinga, medan risiko knytt til miljø vert vurdert som låg.

Tilsikta hendingar

I kategorien tilsikta hendingar er det H-28 hacking/ datainnbrot/ virus og cyberkriminalitet vurdert som den mest alvorlege hendinga. Risiko knytt til liv og helse, økonomi, tenesteproduksjon og tillit & omdømme er vurdert til høg. Risiko knytt til miljø er vurdert til låg.

Ei anna alvorleg hending i denne kategorien er H-27 sabotasje. Risiko knytt til miljø, økonomi og tenesteproduksjon vert vurdert som høg, medan risiko knytt til liv & helse og tillit & omdømme vert vurdert som moderat.

Hendinga H-29 utru tenar utmerkar seg også i denne kategorien, då risiko for denne hendinga knytt til tillit & omdømme er vurdert til høg. Risiko i høve liv & helse og økonomi er vurdert som moderat, medan risiko knytt til miljø og tenesteproduksjon er vurdert til låg.

Helse

I kategorien helse er det hendingane H-30 epidemi/ pandemi og H-31 multireistente bakteriar fører til dødsfall, vurdert som dei mest alvorlege. Risiko knytt til liv og helse er i begge desse hendingane vurdert til å vere høg. Risiko knytt til økonomi, tenesteproduksjon og tillit & omdømme er i begge desse hendingane vurdert til å vere moderat. Risiko knytt til miljø er i desse hendingane vurdert til å vere låg.

Stor hending utanfor vår kommune som råkar vår region

Døme på slike hendingar er naturkatastrofar i andre land der innbyggjarar frå våre kommunar vert råka, skule klassar på tur som vert råka av alvorlege hendingar, skipsulykker osv. Det er verd å merke seg at ROS arbeidsgruppa fann det svært vanskeleg å vurdere sannsyn for tilhøve utanfor våre kommunar. Når det gjeld risiko i høve denne hendinga knytt til liv & helse og tenesteproduksjon er det vurdert til å vere høg. Når det gjeld risiko knytt til økonomi og tillit & omdømme, er den vurdert til å vere moderat, medan risiko knytt til miljø er vurdert til å vere låg.

10.1 Risiko for menneske sine liv og helse

Ved vurdering av risiko knytt til konsekvensane for liv og helse separat, har følgjande hendingar ein skår som gjer at dei fell inn «høg risiko» med fargekoding raud og «moderat risiko» med fargekoding gul (jf. kap. 5.3)

Hending	Sannsyn	Risiko liv og helse
H-01 Vind def. som ekstremvær	4	20
H-30 Pandemi/ pandemi	4	20
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	16
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	15
H-10 Stor industriulykke	3	15
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	15
H-28 Hacking/ datainnbrudd/ virus og cyberkriminalitet	5	15
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	3	15
H-12 Storbrann	3	12
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	12
H-33 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	12
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ tenester	4	12
H-06 Luftfartsulykke	2	10
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	10
H-04 Ras/ utgliding på land	3	9
H-03 Havstigning, stormflo, brottsjø	3	9
H-11 Lekkasje frå rørleidningar på land/ andre industriulykker	3	9
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	9
H-27 Sabotasje	3	9
H-29 Utru tenar	3	9
H-13 Stor utmarksbrann	4	8
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	8
H-20 Svikt i avlausphandtering	4	8
H-22 Bortfall hovudtransportåre – eit døgn eller meir	2	8
H-02 Ekstrem nedbør/ styrtregn	3	6
H-16 Akutt luftforureining	3	6
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	6
H-32 Legionella	3	6
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	6

10.2 Risiko for miljø

Ved vurdering av risiko knytt til konsekvensane for miljø separat, har følgjande hendingar ein skår som gjer at dei fell inn under «høg risiko» med fargekoding raud, og «moderat risiko» med fargekoding gul.

Hending	Sannsyn	Risiko miljø
H-27 Sabotasje	3	15
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	12
H-20 Svikt i avlaupshandtering	4	12
H-10 Stor industriulykke	3	9
H-11 Lekkasje frå rørleidningar på land, andre industriulykker	3	9
H-1 Vind def. som ekstrem vêr	4	8
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	8
H-13 Stor utmarksbrann	4	8
H-35 Biologisk uønskt hending/ i sjø sjukdom i oppdrettsanlegg	2	8
H-16 Akutt luftforureining	3	6
H-02 Ekstrem nedbør/ styrtregn	3	6
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	6

10.3 Risiko for økonomi

Ved vurdering av risiko knytt til konsekvensane for økonomi separat har følgjande hendingar ein skår som gjer at dei fell inn under «høg risiko» med fargekoding raud og «moderat risiko» med fargekoding gul (jf. kap. 5.3).

Hending	Sannsyn	Risiko økonomi
H-13 Stor utmarksbrann	4	20
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	20
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	20
H-21 Svikt i informasjonstryggleik	4	20
H-10 Stor industriulykke	3	15
H-28 Hacking/ datainbrot/ virus og cyberkriminalitet	5	15
H-27 Sabotasje	3	15
H-01 Vind def. ekstrem vêr	4	12
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	12
H-12 Storbrann	3	12
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ tenester	4	12
H-30 Epidemi/ pandemi	4	12
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	3	12
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	10
H-22 Bortfall av hovudtransportåre – eit døgn eller meir	2	10
H-11 Lekkasje frå rørleidningar på land, andre industriulykker inkludert kjemikalieulykker på land og under transport på veg	3	9
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	9
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	9
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	9
H-03 Havstigning, stormflo brottsjø	3	9

H-06 Luftfartsulykke	2	8
H-20 Svikt i avlaupshandtering	4	8
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	8
H-34 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	3	8
H-35 Biologisk uønskt hending i sjø/ sjukdom i oppdrettsanlegg	2	8
H-02 Ekstrem nedbør/ styrtregn	3	6
H-04 Ras/ utglidning på land	3	6
H-15 Akutt luftforureining	3	6
H-29 Utru tenar	3	6
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	6

10.4 Risiko for tenesteproduksjon

Ved vurdering av risiko knytt til konsekvensane for tenesteproduksjon separat, har følgjande hendingar ein skår som gjer at dei fell inn under «høg risiko» med fargekoding raud og «moderat risiko» med fargekoding gul (jf. kap. 5.3).

Hending	Sannsyn	Risiko tenesteproduksjon
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	20
H-28 Hacking/ datainbrot/virus og cyberkriminalitet	5	20
H-12 Storbrann	3	15
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	15
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	3	15
H-27 Sabotasje	3	15
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	12
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	12
H-20 Svikt i avlaupshandtering	4	12
H-13 Stor utmarksbrann	4	12
H-30 Epidemi/ pandemi	4	12
H-21 Svikt i informasjonstryggleik	4	12
H-01 Vind def. Ekstremver	4	8
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	8
H- 25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/tenester	4	8
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	8
H-33 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	8
H-04 Ras/ utglidning på land	3	6
H-10 Stor industriulykke	3	6
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	6
H-22 Bortfall hovudtransportåre – eit døgn eller meir	2	6
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	6
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	6

10.5 Risiko for tillit og omdømme

Ved vurdering av risiko knytt til konsekvens for tillit og omdømme separat, har følgjande hendingar ein skår som gjer at dei fell inn under «høg risiko» med fargekodning raud og «moderat risiko» med fargekodning gul (jf. kap. 5.3).

Hending	Sannsyn	Risiko tillit og omdømme
H-28 Hacking/ datainbrot/virus og cyberkriminalitet	5	25
H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester	4	20
H-20 Svikt i avlaupshandtering	4	20
H-21 Svikt i informasjonstryggleik	4	20
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	15
H-29 Utru tenar	3	15
H-01 Vind def. ekstremver	4	12
H-12 Storbrann	3	12
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timar	4	12
H-04 Ras/ utglidning på land	3	9
H-10 Stor industriulykke	3	9
H-15 Akutt luftforureining	3	9
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	9
H-27 Sabotasje	3	9
H-32 Legionella	3	9
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	3	9
H-22 Bortfall hovudstransportåre – eit døgn eller meir	2	8
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/tenester	4	8
H-30 Pandemi/ pandemi	4	8
H-33 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	8
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	8
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	6
H-08 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	6
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	6
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuke eller dødsfall	3	6

11. Vidare arbeid med ROS-analysen

Denne overordna og heilskapelege ROS-analysen skal primært danne eit avgjerdsgrunnlag for Sund, Fjell og Øygarden kommunar sine prioriteringar i arbeidet med å redusere risikoen i våre kommunesamfunn. Analysen skal også danne grunnlag for utarbeiding av beredskapsplan for nye Øygarden kommune. Oppsummert inneber dette tiltak på tre ulike områder:

- Gjennomføring av meir detaljerte og temaspesifikke risikovurderingar for dei hendingar der det er behov for ytterligare kunnskap om risiko som føreligg.
- Utarbeide handlingsplan med tiltak for å redusere sannsyn og/ eller konsekvens i høve dei uønskte hendingane. Grunnlaget for ein slik handlingsplan er dei føreslåtte tiltaka i rapporten, og det enkelte tiltaket skal gjerast greie for i høve kostnad, tidsaspekt m.m.
- Gjennomføring av ein beredskapsanalyse basert på funna i ROS-analysen, som skal danne grunnlag for nye Øygarden kommune sitt framtidige systematiske beredskapsarbeid.

Prosessen med ROS-analysen har ført til omfattande kompetanseheving for dei involverte, både på individ- og organisasjonsnivå. Forståinga for opplevd risiko i desse kommunane har auka. Det må vektleggast at denne kunnskapen vert vidareført og vidareutvikla. Dette fordrar at kompetansmiljøa i desse kommunane vert involvert og deltar i det vidare arbeidet.

I ROS-analysen er det teke omsyn til eksisterande tiltak når risikoen er vurdert. Presisjon i risikovurderingane avhenger difor av at dei einingar som har eigarskap til eksisterande tiltak, opprettheld kvaliteten på desse gjennom forsvarleg oppfølging og vedlikehald. Fleire av hendingane i analysen inneber også ein risiko som berre kan handsamast gjennom tett samarbeid med fylkeskommunale og statlege myndigheiter, samt private verksemder. Sund, Fjell og Øygarden kommunar vil ha avgrensa mogelegheit til å påverke desse åleine. Den vidare risikostyringa er difor avhengig av bidrag frå ei rekkje aktørar.

Ansvaret for å sette i gang og koordinere det vidare arbeidet er det framleis den einskilde kommune som har, til vi blir nye Øygarden kommune. I påvente av kommunesamanslåinga er det difor viktig at Sund, Fjell og Øygarden held fram det gode samarbeidet kring beredskapsarbeidet. Det vil også vere viktig å forankre denne ROS analysen og arbeid med samfunnstryggleik og beredskap generelt i kommunesamanslåingsprosjektet.

Den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen skal vere eit levande verkty som årleg må vurderast, i samarbeid med relevante aktørar både internt og eksternt. Analysen skal reviderast i sin heilskap kvart fjerde år og vil difor gjelde når vi blir nye Øygarden kommune. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er eit kontinuerleg arbeid. Sund, Fjell og Øygarden kommunar utøver god risikostyring på ein rekkje samfunnskritiske område. Dette arbeidet skal vidareførast, systematiserast og koordinerast med det arbeidet som skal settast i gang i etterkant av denne overordna og heilskapelege ROS-analysen. Det gjev eit godt grunnlag for at nye Øygarden kommune vert ein trygg kommune for alle som bur, ferdast, har arbeid eller eigedom i den nye storkommunen¹⁰¹.

¹⁰¹ Visjon for beredskap henta frå overordna beredskapsplan for Sund kommune og mål for samfunnstryggleik i Øygarden kommune sin samfunnsdel til kommuneplan

12. Kjelder

Avinor

Beredskapsanalyse for bruforbindelse rundt Bergen utarbeida av Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen

ccb Ågotnes

Difi (Direktorat for forvaltning og IKT)

DSB: Havstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging 2016

DSB: Risikoanalyse av «Jordskjelv i by» - delrapport Nasjonalt risikobilde 2014

DSB: Risikoanalyse av antibiotikaresistens 2017 «Utbrudd av MRSA i Vestfold»

DSB: Risikoanalyse av «Matboren smitte» - delrapport til Nasjonalt risikobilde 2015

DSB: Risikoanalyse av skoleskyting i Nordland – delrapport til Nasjonalt risikobilde 2015

DSB: Veileder til helhetlig risiko-og sårbarhetsanalyse i kommunene 2014

DSB: Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2018

Felles beredskapsplan langvarig stenging/ bortfall av Sotrabraua 17.02.2016 for Hordaland Fylkeskommune, Statens vegvesen, Fjell kommune, Sund kommune, Øygarden kommune, Bergen kommune

FN Sambandet

Folkehelseprofil 2018 for Fjell

Folkehelseprofil 2018 for Sund

Folkehelseprofil 2018 for Øygarden

Forskrift om begrenning av forurensning av 01.07.2004

Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 06.09.2011

FylkesROS Hordaland 2015

Helsedirektoratet – nasjonal prosedyre pågående livstruende vold (PLIVO)

Klimaendringer og konsekvenser for Norge (Norklima)

Klimaprofil Hordaland August 2016

Kommunedelplan vassmiljø, vassforsyning og avlaup for Fjell kommune 2011-2022

Kommunedelplan vassmiljø vassforsyning og avlaup for Sund kommune 2015 – 2025

Kommuneplan – samfunnsdelen for Øygarden kommune 2014 - 2022

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker LOV-1967-02-10

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret LOV-2010-06-25-45

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd LOV-2006-05-19-16

Metrologisk institutt

NSM (Nasjonal sikkerhetsmyndiget) Risiko 2017 – risiko og sårbarheter i en ny tid, en vurdering av risiko i Norge

Norges vassdags- og energidirektorat

Norsars

Norsk standard NS 3491-12 – fornya til Euro 8 standard i teknisk forskrift 10

NOU 2000: Et sårbart samfunn

Overordna beredskapsplan for Sund kommune 26.06.2017

SIFO rapport 11-2006-40 Tillit til mat

Sotra Brannvern IKS årsmelding 2006

Sotrasambandet Rv 555 Fastlandssambandet Sotra – Bergen. Parsell: Storavatnet – Liavatnet KOMMUNEDELPLAN MED KONSEKVENSTREDNING 20.12.2012

Statens vegvesen

Trusselvurdering 2018 PST Politiets sikkerhetstjeneste

forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune

<https://forskning.no/miljoovervakning-vaer-og-vind-samfunnsokonomi/2012/12/sa-sarbar-er-din-kommune>

<http://setebos.svt.ntnu.no/viewexposed/index.html>

www.klimatilpassning.no

www.nve.no



FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 12.11.2018

Vår ref.: 2018/2485 - 28048/2018

Ark.kode: 022.3

Notat

Gjeld: Oversending av dokument frå eldreråda – innspel om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune

Fjell, Sund og Øygarden eldreråd har valt seks representantar med vara til felles arbeidsgruppe;

Medlemer:

Berit Anita Larsen (leiar)

Ole Konrad Ekerhovd

Sverre Bungum

Kari Sangolt

Reidar Skråmestø

Øyvind Askeland

Varamedlemer:

John Kjell Fjeld

Symphorien Pombe

Ragnar Rong

Arbeidsgruppa har hatt tre møter saman i år – 4.april, 22.august og 17.oktober. I alle desse møta har utarbeiding av eit felles dokument, innspel om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune, stått på dagsorden.

Eldreråda har vore opptekne av å overføre både kunnskap og ynskjer for framtida til det nye eldrerådet og til politikarane.

Dokumentet vert såleis sendt til fellesnemnda og til gruppeleiarane i dei politiske partia i Sund, Øygarden og Fjell.

Med helsing

Berit Anita Larsen

Leiar arbeidsgruppa for Fjell, Sund og Øygarden eldreråd

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.



Dato: 17.10.2018
Vår ref.: 2018/2485 - 29596/2018
Ark.kode: 022.3

Eldreomsorga i Nye Øygarden kommune – innspel frå Fjell, Sund og Øygarden eldreråd

Nye Øygarden eldreråd skal arbeide i samsvar med gjeldande lov om eldreråd. Statens seniorråd sitt hefte «Eldrerådets oppgaver og funksjoner» tek utgangspunkt i lovteksten som omtalar dei ulike sakstypane eldrerådet skal jobbe med.

Kommunestyret bør opne opp for at eldrerådet sin leiar / nestleiar får **møte- og talerett** når saker som er relevante for eldrerådet, skal behandlast i kommunestyret.

Budsjettarbeidet i kommunen er ei viktig oppgåve for nye Øygarden eldreråd, mellom anna for å oppmode om auka midlar til eldreomsorga når det trengst.

Innan all omsorg / andre tenester må Nærteneste-prinsippet leggjast til grunn.

Det er viktig at eldrådet blir tidlig involvert og kan komme med innspel i relevante saker før endeleg gjennomføring. Eldrerådet bør følgje med på saker som vert lagt fram i dei ulike politiske utvala for å sikre medverknad.

Den 01.01.2019 skal **kvalitetsreforma «Leve hele livet»** ut i kommunane etter vedtak i Stortinget. Eldrerådet si oppgåve blir å oppmode om at reforma vert satt på dagsorden i kommunen, til det beste for **dei eldre og dei pårørande**. Satsingsområda i reforma er: Mat og måltider, Aktivitet og fellesskap, Helsehjelp, og Samanheng i tenester.

Det er viktig at dei eldre får bestemme sjølv om dei ønskjer å **bu heime** so lenge som mogleg, jf. Sjef i eige liv, men då må **omsorgstenesta leggjast til rette ut ifrå behovet til den enkelte** slik at dei får rettmessig hjelp. Eldrerådet bør også arbeide for at dei som ønskjer det kan få tilkøyrtd middagsmåltider.

Eldrerådet er oppteken av å **førebygge einsemd** blant eldre, særskilt gjeld det dei som flytter frå huset sitt og inn i leilegheit i sentrale strøk. Her må / bør kommunen sjå etter at utbyggar har lagt inn **fellesrom** som bebuarane kan ha som ein fin samlingsplass.

Eldrerådet vil jobbe for at kommunen kan stille tomt til disposisjon for bygging av **eldrekollektiv** i samarbeid med private og kjøparane. Talet på eldre aukar, og då bør det vere fleire alternativ. Bukollektiv kan vere med og redusere einsemda blant dei eldre.

Sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgnsbemanning. Same kor godt utbygd heimetenestene vert, vil det alltid vera behov for plassar der dei mest pleietrengande kan få dei tenester dei fortener. Skal pårørande kunne ta seg av sine nærmaste, føreset dette at avlastningstilbodet er på plass. Det bør arbeidast for at institusjonspreget vert redusert og at brukarane får vera «sjef i eige liv» så langt råd er. Sjukeheimane bør ha godt fungerande sansehagar og musikkterapi.



Personar med demenssjukdom bør få tilbud om plass i ein «demenslandsby» som Kvednatunet eller ved ein institusjonsavdeling særskilt lagt til rette for demente. Dersom demente skal kunne bu heime må forholda leggjast til rette for både brukar og pårørande, av kommunen.

Velferdsteknologiske løysingar er komne for å bli og då er det viktig med følgjande:

1)- sette søkelys og **stille kritiske spørsmål** til bruken ved installering av velferdsteknologi jf. om kommunen har tilstrekkeleg med kompetent personell som kan kome tidsnok når noko skjer. Det må såleis setjast **krav til responstid**. Det er også vesentleg med fokus på brannsikkerhet – at eldre som bur åleine heime, og dei som er sengeliggande med behov for pleie og tilsyn, vert sikra gode hjelpemidlar som varslar raskt om tilløp til brann og som tilkallar hjelp tidsnok.

2)- **sikre nok digital kompetanse for kommunen sine tilsette og frivillige** slik at dei kan vere hjelparar til brukarane.

3)- legge til rette **for fleire kurs, jamleg opplæring og auka rettleiing** i kommunen for å heve det digitale meistringsnivået blant dei eldre.

Også eldre treng **gode kulturtilbod**, og vi må sjå til at aktivitetstilbodet innan seniordans, Aktiv+, Treff+ og Aktivitet 365 blir oppretthalde og utvida til alle kommunedelsentra.

Helsestasjon for eldre er eit lågterskel-tilbod som kan fungere som ein sosial treffstad, og som kan vere tenleg i eldreomsorga i den nye kommunen. Tilbodet om førebyggjande heimebesøk for innbyggjarar over 75 år kan knytast til helsestasjonen. Helsestasjon for eldre kan bli eitt tiltak i ein samla plan for korleis den store veksten i den eldre befolkninga bør møtast.

Transporttilbodet bør leggjast til rette for at dei eldre skal kunne vere med på ulike tilbod, her må ein ta for seg at mange bur spreidd i vår nye kommune og at mange etterkvart let bilen stå. Det er såleis eit reelt behov for kollektivtransport til og frå dei kollektive knutepunkta der bussane korresponderer ofte til sentrum. Sidan det ikkje let seg ordne gjennom selskapet Skyss, så bør det opprettast eit kommunalt selskap som tilbyr tilbringarteneste til desse kollektive knutepunkta / hovudstoppa / parker-og-køyr-anlegga, gjerne i form av minibuss. Alternativt kan det opprettast ei tilbringarteneste til dei kollektive knutepunkta.

Ein må heller ikkje gløyme at dei **eldre er ein ressurs**, som kan brukast og som ønskjer å bli brukt. **Det er mange områder der ein kan vere til samfunnsnytte, som lyttevenn i skulen, eller lesevenn for ein nabo, berre for å nemne noko.**

Pårørande er ein ressurs som ofte blir utnytta for **MYKJE**.

Dei eldre sjølv, er ein ressurs som ofte blir brukt for **LITE**.

Dei frivillige er og kjem i all framtid til å vere ein uerstatteleg ressurs. Det er viktig at forholda vert lagt godt til rette, ikkje minst med tanke på rekruttering av frivillige framover.



Straume, 17.oktober 2018

Berit Anita Larsen

Ole Konrad Ekerhovd (s)

John Kjell Fjeld (s)

Sverre Bungum (s)

Kari Sangolt (s)

Symphorien Pombe (s)

Reidar Skråmestø (s)

Øyvind Askeland (s)

Ragnar Rong (s)



Møteprotokoll

Utval: Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 17.04.2018
Tid: 09:00 – 09:45

Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leiar	H
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Silvia Haugland	Medlem	TVØ
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Vibecke Hodnekvam	Medlem	Utdanningsforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Andre:

Prosjekt rådmann Rune Lid, personalsjef Lisbeth Grosvold, personalsjef Kaja Pedersen, tillitsvald med møte- og talerett Hanne Opsahl, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Kari-Anne Landro

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 8/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 9/18	Referatsaker og orienteringar
RS 4/18	Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune
PS 10/18	Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden - 2.gongs handsaming

PS 8/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Innkalling, saksliste og protokollen frå førre møte, 22.03.18, vart godkjente utan merknad.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 9/18 Referatsaker og orienteringar

- Orientering om status i prosjektet når det gjeld prosjektorganiseringa v/ Rune Lid, rådmann i Sund kommune.
- RS 4/18 Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Orientering om prosjektorganisasjonen v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid informerte om prosjektmetode, prosjektverktøy og overordna prosjektmodell som er med og sikrar heilskap i prosjektet Nye Øygarden kommune. Lid la særskilt vekt at det er vesentleg med tillit mellom leiinga og dei tillitsvalde, og god medverknad mellom leiinga og medarbeidarar. Å byggje ein ny kommune er eit samansett prosjekt som vert synleggjort i mange ulike delprosjekt, inkludert administrativ organisering med ei eiga tidslinje fram til tilsetjing av ny rådmann 01.01.2019. *Etter presentasjonen gav fleire av dei hovudtillitsvalde tilbakemelding om at dei var godt nøgde med statusorienteringa frå prosjektrådmannen, og det vart semje om å sende ut presentasjonen til utvalet etter møtet.*

Referatsaka og orienteringa vart deretter teken til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Referatsaka og orienteringa vert teken til orientering.

RS 4/18 Prosess for tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.
2. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.
4. Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:
 - a. Dei tre ordførarane
 - b. I tillegg eit ekstra medlem
 - c. 3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:

Fellesnemnda diskuterte saka grundig.

Framlegg frå Egil Haaland til innstillinga punkt 4 b), namn på ekstra medlem i tilsetjingsutvalet:

Odd Bjarne Skogestad (KrF).

Innstillinga punkt 4, saman med **framlegget** om namn på ekstra medlem i innstillinga **punkt 4 b)**, vart **samrøystes vedteke**.

Basert på munnleg forslag frå Tom Georg Indrevik kom leiar Kari-Anne Landro med følgjande framlegg til nytt punkt 5:

5. Fellesnemnda får tilbake ei drøftingssak i junimøtet som skildrar val av rådgjevande ressurs, korleis ein nyttar seg av administrative ressursar, stillingsprofil, prinsipp for kompensasjon og vurdering knytt til fast stilling vs. åremål.

Framlegget om **nytt punkt 5** vart **samrøystes vedteke**.

Innstillinga punkt 1-3 vart elles **samrøystes vedtekne**.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.04.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.
2. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.
4. Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:
 - a. Dei tre ordførarane
 - b. I tillegg eit ekstra medlem: Odd Bjarne Skogestad (KrF)
 - c. 3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte

5. Fellesnemnda får tilbake ei drøftingssak i junimøtet som skildrar val av rådgjevande ressurs, korleis ein nyttar seg av administrative ressursar, stillingsprofil, prinsipp for kompensasjon og vurdering knytt til fast stilling vs. åremål.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Leiar Kari-Anne Landro informerte om fellesnemnda sitt vedtak i saka i møtet 16.april:

1. *Fellesnemnda godkjenner prosess og tidsplan for tilsetjing av rådmann i nye Øygarden kommune, som vist i saka.*
2. *Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å gjennomføra prosessen med tilsetjing av rådmann for nye Øygarden kommune.*
3. *Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å kjøpa ekstern konsulentbistand slik det er gjort greie for i saka.*
4. *Fellesnemnda vedtek slikt tilsetjingsutval:*
 - a. *Dei tre ordførarane*
 - b. *I tillegg eit ekstra medlem: Odd Bjarne Skogestad (KrF)*
 - c. *3 tillitsvalte, 1 frå kvar kommune, valt av og blant dei tillitsvalte*
5. *Fellesnemnda får tilbake ei drøftingssak i junimøtet som skildrar val av rådgjevande ressurs, korleis ein nyttar seg av administrative ressursar, stillingsprofil, prinsipp for kompensasjon og vurdering knytt til fast stilling vs. åremål.*

Referatsaka vart deretter teken til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 10/18 Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden - 2.gongs handsaming

Innstilling:

Partsamansett utval vedtek Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden. Avtalen gjeld då berre saker som har vore sak i omstillingsperioden fram til 31.12.19. Når nye Øygarden kommune er etablert som eige rettssubjekt 01.01.20, trer den nye kommunen inn i denne avtalen.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Leiar Kari-Anne Landro kom med følgjande merknader som må rettast opp i sjølve omstillingsavtala som låg ved saka:

- Møteprotokoll partssamansett utval 22.03.18, sak 7/18 – siste punkt i protokollen må også inn i omstillingsavtala:
Pkt. 7 «Rekruttering / innplassering til nye Øygarden kommune»;

- Hakepunkt «Overtalighet», i siste avsnitt, ta med ny setning «Det vert som hovudregel gjeve eitt tilbod, men det kan opnast for inntil to tilbod» før den siste setninga i avsnittet.
- Omstillingsavtala pkt. 1) Partane i avtalen – rette opp dato i siste setning, slik:
 - Avtalen er endeleg vedteken av PSU i møte 17.04.18.

Etter innspel frå tillitsvald Hanne Opsahl, Akademikarane, kom leiar Kari-Anne Landro med følgjande framlegg:

- Omstillingsavtala pkt. 1) Partane i avtalen – ny setning på slutten av 1.avsnitt:
 - Desse deltok gjennom ei eiga arbeidsgruppe: LO kommune, YS kommune, Unio og Akademikarane kommune og hovudverneombod (HVO).

Framlegget frå Landro vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå hovudtillitsvald Hildegunn Høyland, Fagforbundet:

- Omstillingsavtala pkt. 3) Verksemdoverdraging – hakepunkt «Løn», skrive om siste setning i avsnittet, slik:
 - Faste tillegg vert vidareført til stilling i nye Øygarden dersom ansvar og nye oppgåver tilseier det.

Framlegget frå Høyland vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteken, og omstillingsavtala vart godkjent med desse endringane som kom fram i møtet.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 17.04.2018:

Partsamansett utval vedtek Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden. Avtalen gjeld då berre saker som har vore sak i omstillingsperioden fram til 31.12.19. Når nye Øygarden kommune er etablert som eige rettssubjekt 01.01.20, trer den nye kommunen inn i denne avtalen.



Møteprotokoll

Utval: Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 12.06.2018
Tid: 09:00 - 10:50

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	TVØ
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Vibecke Hodnekvam	Medlem	Utdanningsforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
--------------------------	------	-----

Varamedlemer som møtte:

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
--------------------	------------------------------	----

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, personalsjef Lisbeth Grosvold, personalsjef Kaja Pedersen, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Børge Haugetun
underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 11/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 12/18	Referatsaker og orienteringar
RS 5/18	Referat frå drøftingsmøte 04.06.2018
PS 13/18	Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - handsaming etter høyringsrunde
PS 14/18	Overordna administrativ organisering (nivå 1) i Nye Øygarden kommune

PS 11/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (17.04.2018) vart godkjente utan merknader.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 12/18 Referatsaker og orienteringar

- Signering av omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden (vedlegg)
- RS 5/18 Referat frå drøftingsmøte 04.06.2018

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Omstillingsavtala for kommunane Fjell, Sund og Øygarden vart signert av alle partar som var til stades i møtet.

Skriv, meldingar og referatsaka vart deretter tekne til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Skriv, meldingar og referatsaka vert tekne til orientering.

RS 5/18 Referat frå drøftingsmøte 04.06.2018

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 13/18 Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - handsaming etter høyringsrunde

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek alle tiltak, om organisering, slik dei framkjem i rapporten med unnatak av dei tiltaka som er nemnde i punkt 2-10. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram ein gjennomføringsplan i eit seinare møte i fellesnemnda.
2. Fellesnemnda vedtek å fusjonera SundVA med FjellVAR som får det nye namnet ØyVA(R). Selskapet må vera operativt frå 01.01.2020. Reglane om verksemds-overdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Arbeidet med denne prosessen startar straks og vert sikra med juridisk bistand.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å utarbeida ei fagleg og økonomisk utgreiing om ulike løysingsalternativ for renovasjonstenestene som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane samt ei konsekvensanalyse som avdekkjer ulike økonomiske forhold ved å behalda renovasjonstenestene i ØyVAR eventuelt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane. Dette arbeidet vert starta straks.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingsselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar hausten 2018.
5. Fellesnemnda vedtek å ikkje etablere eit eige eigeidomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS). Forvaltninga av kommunale næringseigedomar inngår i kommunen si drift (KE). Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale eigeidommar som ein del av den kommunale drifta (KE) og ikkje i eit kommunalt føretak (KF). Dette inkluderer både utleigebustadar, kommunale bygg og eigeidommar elles. Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som ei kommunal eining (KE) og ikkje som eit kommunalt føretak (KF). Reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering.
8. Fellesnemnda vedtek å føra eigarskapen og samarbeidet med Trigger Jobb AS vidare. Nye Øygarden kommune må gå i dialog og etablere faste eigarmøte for å utvikla samarbeidet vidare, jf. uttale frå Tigger Jobb AS. Dette arbeidet vert starta snarast råd.
9. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av nettverket «Sunne kommunar» frå 01.01.2020.
10. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av Vest-Norges Brüsselkontor frå 01.01.2020.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Partssamansett utval drøfta sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar nøye, med særskilt vekt på å få fremja dei tillitsvalte sine innspel. Det kom kommentar om å rette opp i skrivefeil i punkt 8 i innstillinga.

Det vart fremja to protokolltilførsjar som vil følgje saka vidare til behandling i fellesnemnda.

Protokolltilførsel frå organisasjonane i Vest, fremja av Hildegunn Høyland HTV Fagforbundet Sund:

Organisasjonane har ikkje fått medverka i denne omorganiseringa og krev prosess og drøftingar for å kunne ivareta tilsette sine rettar. Organisasjonane er ikkje informert om kva som er konsekvensen for tilsette innanfor t.d. reinhald, drift, vaktmeister, vedlikehald, transport; sjølve tenestene dersom arbeidsgjevar tenkjer alt overført til eit felles kommunalt føretak. Viser til hovudavtala (HA) del B § 3-1 c).

Følgjande framlegg frå Høgre, fremja av Tom Georg Indrevik, vart ikkje stemt over og vil følgje saka vidare som **protokolltilførsel:**

Endring i innstillinga punkt 4 – 7:

4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingsselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar hausten 2018. Utgreiinga bør ta utgangspunkt i Innovasjon Norge sitt prosjekt for regional næringsutvikling.
5. Fellesnemnda vedtek å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige eigedomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS).
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale eigedommar som eit kommunalt føretak (KF). Dette inkluderer både utleigebustadar, kommunale bygg og eigedomar elles.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).

Punkt 9 og 10 blir fyrst tatt stilling til ved behandling av budsjettet for 2020.

Partssamansett utval vedtok samrøystes å ta innspela frå partane, under drøftinga, til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Partssamansett utval tek innspela frå partane, under drøftinga, til orientering.

PS 14/18 Overordna administrativ organisering (nivå 1) i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner framlegg til administrativ organisering av nivå 1, slik det går fram av organisasjonskartet i saka. Den overordna organiseringa gjeld rådmann, tre kommunalsjefar for tenesteområda og to kommunalsjefar for stab- og støttefunksjonar.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikra framdrift i vidare prosessar med organisering av Nye Øygarden kommune.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Prosjektrådmann Rune Lid svarte på spørsmål om overordna administrativ organisering og kom med avklaringar, særskilt om tonivå-modellen, tilsettingsprosessen vidare og påfølgjande bygging av den nye organisasjonen.

Tillitsvalte kom med kommentar om at prosessen i denne saka har vore god og at uttaler frå organisasjonane ligg ved saka.

Følgjande framlegg frå Høgre, fremja av Tom Georg Indrevik, vart ikkje stemt over og vil følgje saka vidare som **protokolltilførsel**:

Framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda meiner at det er gjort eit godt arbeid i å synleggjere fordelar og ulemper med modellen som er føreslått. I det vidare arbeidet ber fellesnemnda om at utgreiinga har eit tydelegare utgangspunkt i tenestemottakar sitt behov.
2. Organiseringa av nye Øygarden Kommune må byggje på følgjande prinsipp:
 - a. Delegasjon av mynde / ansvar til nivået nærast mogleg tenestemottakar
 - b. Tydelege og klare ansvarsforhold
 - c. Stimulere til utstrakt innovasjon og utvikling
 - d. Legge til rette for samarbeid mellom ulike delar av den kommunale administrasjonen
3. Fellesnemnda beklagar at det berre er presentert eit alternativ til administrativ organisering.
4. Fellesnemnda ynskjer at talet på kommunalsjefar vert redusert til 3. med følgjande ansvar:
 - i. Kommunalsjef for drift og leveranse av kommunale tenester
 - ii. Kommunalsjef for plan, næring og samfunnsutvikling
 - iii. Kommunalsjef for innovasjon og fellestenester

Innstillinga vart deretter samrøystes tilrådd frå partsamansett utval til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner framlegg til administrativ organisering av nivå 1, slik det går fram av organisasjonskartet i saka. Den overordna organiseringa gjeld rådmann, tre kommunalsjefar for tenesteområda og to kommunalsjefar for stab- og støttefunksjonar.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikra framdrift i vidare prosessar med organisering av Nye Øygarden kommune.



Møteprotokoll

Utval: Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 02.10.2018
Tid: 09:00 - 10:15

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Vibecke Hodnekvam	Medlem	Utdanningsforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
--------------------------	------	-----

Varamedlemer som møtte:

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
--------------------	------------------------------	----

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Børge Haugetun
underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 15/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 16/18	Referatsaker og orienteringar

PS 15/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (12.06.2018) vart godkjente utan merknader.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 16/18 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Det var ingen skriv og meldingar til møtet.

Orientering om administrativ prosjektorganisering – status og framdrift v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid informerte om status på prosjektet, og skisserte opp etablerte grupper som prosjektrådmann, prosjektstab, rådmannsgruppe, overordna styringsgruppe, prosjektstøtte og dei ulike administrative delprosjekta med prosjektleiarar. Lid understreka at den administrative organiseringa av prosjektet vil vere dynamisk, men at den overordna styringsgruppa alltid skal orienterast om status og eventuelle endringar i delprosjekta slik at Lid igjen har eit grunnlag for å informere fellesnemnda. Ei slik linjeorganisering vil sikre tilliten til prosjektstyringa. Prosjektrådmannen har utarbeidd utkast til styringsdokument, og etter gjennomgang i overordna styringsgruppe vil fellesnemnda få styringsdokumentet på saklista til møtet 15.oktober. Fleire av dei hovudtillitsvalte etterlyste medverknad hos tillitsvalte, og Lid kunne vise til prosjektskissa der dei tillitsvalte er tekne med i alle delprosjektgruppene og i overordna styringsgruppe for prosjektet. Det kom også innspel om å utarbeide ein lik strategi for kommunane for å sikre reell medverknad frå tillitsvalte. Lid la vekt på at nøkkelen til etablering av ny kommune frå 1.1.2020 vil vere å nedprioritere det som skal gjerast i eigen organisasjon, fram til den tid, og at leiarar / hovudtillitsvalte har ansvar for å formidle det ut i organisasjonen og delegere ansvar for å sikre «forsvarleg drift». *Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, takka prosjektrådmannen for ein god presentasjon, og informerte om at presentasjonen vert sendt til utvalet etter møtet.*

Saka vart deretter teken til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Saka vert teken til orientering.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
64/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Avklaring - oppstart av arbeidet med samfunnsplan, kommuneplanen sin samfunnsdel, for Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

På møtet i fellesnemnda 15.10.18 vart sak 55/18 «Kommuneplan for Nye Øygarden kommune» behandla. Fellesnemnda vedtok då følgjande nytt punkt 3:

«Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å legge fram ei sak som avklarar om det er mogleg å starte opp arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen».

Prosjektrådmannen har vurdert spørsmålet og tilrår ikkje å starte opp arbeidet med ein samfunnsplan grunna den samla ressursituasjonen i prosjektperioden. Arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen er starta opp gjennom arbeidet i dei 5 hovudprosjekta. Når prosjekta leverer rapport ultimo februar, så vil del av grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen, og dei vegval ein må gjere, gje grunnlag for det vidare arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Innstilling:

1. Fellesnemnda legg til grunn at prosjektrapportane (når desse ligg føre) frå prosjektarbeidet som er sett i gang hausten 2018, vil kunna gje viktige premissar til grunnlaget for arbeidet med ein samfunnsplan. Desse rapportane vil prosjektrådmannen legge fram for fellesnemnda.

Straume, den 13.11.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Fellesnemnda 15.10.18, sak 55/18 «Kommuneplan for nye Øygarden kommune»;

1. Innleiing

I fellesnemnda 10. september orienterte prosjektrådmann Rune Lid om status i ulike saker. Frå protokollen frå møtet er følgjande referert knytt til orienteringane:

«Etter presentasjonen stilte Ernst M. Einarsen spørsmål om prosjektorganisasjonen allereie no bør setje i gang arbeidet med samfunnsplan for nye Øygarden kommune, for å sikre jamn utvikling av planarbeidet som er i «dvale» i eksisterande kommunar, då det er vesentleg for utviklinga og budsjettet til den nye kommunen. Både leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, og prosjektrådmann Rune Lid, viste til at det vil kome ei eiga sak til neste møtet i fellesnemnda om slike «grensesnitt-områder» mellom noverande kommunar og den nye kommunen.»

I denne saka vil prosjektrådmannen gjera greie for tilrådingar når det gjeld prosess for arbeidet med planstrategi og ny kommuneplan. Viktige dokument og presiseringar er intensjonsavtalen, plan- og bygningslova, inndelingslova, rundskriv og andre kjelder. Det er gjort ei vurdering på basis av dette med vidare framgangsmåte og tidshorisont som prosjektrådmannen har lagt til grunn når ny planstrategi og kommuneplan skal utarbeidast for nye Øygarden kommune.

2. Vedteken intensjonsavtale og planstatus i eksisterande kommunar

I kap 9 «Samfunnsutvikling» i vedteken intensjonsavtale heiter det:

«Kommunane sine gjeldande kommuneplanar med arealdel skal vidareførast til nye planar for den nye kommunen er vedtekne. Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk for heile den nye kommunen.»

Planstatus for dei tre kommunane vedk. kommuneplan er slik:

Øygarden kommune: Har en vedteken kommuneplan med samfunnsdel, arealdel og føresegner (2014).

Sund kommune: Har ein vedteken arealdel med føresegner (vedteken 2011), men planen er under revisjonen med forventningar om ferdigstilling 2019. Ny samfunnsplan vart vedteken 2018.

Fjell kommune: Har ein vedteken kommuneplan med arealdel og føresegner (vedteke 2015), men ikkje samfunnsdel. Kommunen har kommunedelplanar/temaplanar som «erstattar» samfunnsdelen

Arealdelen er juridisk bindande. Samfunnsdelen er rettleiande og ikkje juridisk bindande.

3. Lovverket i plan og bygningsloven

I ein artikkel sist oppdatert: 31.08.2018 frå [Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#) heiter det:

«Hvilken status får kommuneplanens arealdel ved kommunesammenslåing?»

Når kommuner slår seg sammen vil den enkelte kommunes arealplan gjelde som før sammenslåingen. Planen vil i realiteten bli en kommunedelplan i den nye kommunen. Planen vil gjelde det samme arealet som før, den vil være rettslig bindende og styre arealdisponeringen på akkurat samme måte som før sammenslåingen. På sikt bør selvsagt kommunen vedta en samlet ny arealdel som skal gjelde for hele kommunen. Den må vedtas etter de vanlige prosedyrer som gjelder for rullering av planer, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) kapittel IV.

Den nye kommunen bør tidlig vurdere behovet for revisjon av sine arealdeler. Ideelt sett bør endringene skje som en del av den løpende rulleringen, dvs. etter behandlingen av den kommunale planstrategien. Dersom den nye kommunen mener det er nødvendig med raske endringer av arealdelen, kan slike vedtas utenom den vanlige rulleringen, jf. pbl. § 11-17. Kommunen kan også legge ned bygge- og deleforbud i påvente av slik endring, jf. pbl. kap. 13.»

Plan- og bygningslova sine kap 10 og 11 omtalar planstrategi og kommuneplan.

§ 10-1. Kommunal planstrategi

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.


Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Gjennom vedtak av kommunal planstrategi (§10-1) avgjør kommunen blant anna om det skal gjerast ein full eller delvis kommuneplanrevisjon, og kva den skal gå ut på. Dersom ein vedtek å starta opp revisjonen av kommuneplanen, skal det utarbeidast eit planprogram som utdjupar innhaldet i revisjonen. Planprogrammet kan samordnast med planstrategien.

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningslova. Føremålet er å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ein ønska utvikling i kommunen. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Dette er også nedfelt i plan- og bygningslova § 3-1 tredje ledd om oppgåver og omsyn i planlegging etter loven.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklara kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møta kommunen sine behov. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ein betre og meir systematisk vurdering av kommunen sine planbehov slik at kommunen betre kan møta dei aktuelle utfordringane.




Figur 1: Kommuneplanprosessen.

§ 11-1. Kommuneplan


«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.»



Figur 2: Ett-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen.



Figur 3: «Overordnede» retningslinjer og føringer for kommuneplan.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Det er eit viktig prinsipp at kommunal planlegging fremjar heilskapen i samfunnet(§3.1 i PBL), og at oppgåver og interesser i eit område vert sett i samanheng.

For at det skal vera mogeleg, må kommunal planlegging ta omsyn til og ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål og interesser og oppgåver og bidra til å gjennomføra internasjonale konvensjonar. I tillegg skal kommuneplanen ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien.

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

«For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.»

Planprogrammet er eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet. Som et minimum skal planprogrammet gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad (deltaking).

Det vert føresett at planprogrammet inneheld nødvendig informasjon og er av ein slik kvalitet at det gjev grunnlag for medverknad og relevante innspel frå berørte styresmakter og andre med interesse i planarbeidet. Det er difor nødvendig med ein open prosess for å koma fram til eit godt planprogram. For berørte styresmakter skal planprogrammet også danna grunnlag for desse styresmaktene sine vurderingar om planen kan koma i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser.

4. Inndelingslova

§ 13. Lokale forskrifter, vedtekter og planvedtak

«Ved samanslåing og deling av kommunar eller fylke gjeld lokale forskrifter og vedtekter framleis for vedkomande område inntil dei blir endra. Departementet fastset ein nærmare frist for når det lokale regelverket må vere vurdert med sikte på nødvendig endring.

Ved grensejustering skal forskrifter og vedtekter i den utvida kommunen straks gjelde for det overførte området.

Ei grenseendring har ikkje verknad for kommunale og regionale arealplanar som er utarbeidde etter reglane i plan- og bygningsloven. For andre planvedtak kan departementet gi nærmare reglar om verknad av grenseendringa, mellom anna fristar for revisjon av planvedtaka.»

Det er altså viktig å merka seg at kommunale og regionale arealplanar som er utarbeidde etter PBL framleis vil gjelda etter kommunesamanslåing inntil nye lovlege endringsvedtak er fatta av den nye kommunen.

Vurdering:

Som det går fram av saka er det klare reglar for utarbeiding av planstrategi og kommuneplan. Det er kommuneval hausten 2019. I løpet av eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert, skal det utarbeidast og fattast vedtak om planstrategi i det nye kommunestyret. Prosjektrådmannen meiner det er naturleg at planprogrammet til ein ny kommuneplan kan integrerast i planstrategisaka slik det går fram av siste avsnitt i §10-1 (planstrategi i PBL).

Spørsmål stilt i fellesnemnda 10.september rettar seg spesielt mot ein ny samfunnsplan. Prosjektrådmannen meiner at ein ny samfunnsplan for nye Øygarden kommune heng saman med ein ny arealplan. Sjølv om lova opnar for at det kan vera to ulike prosessar, bør den nye kommunen få ein «god start» ved å samkjøra areal- og samfunnsdelen for å få ein best mogleg heilskapleg planlegging.

Vidare står det i intensjonsavtalen at kommunane sine gjeldande kommuneplanar med arealdel skal vidareførast til nye planar for den nye kommunen er vedteke. I dei tre kommunane ligg det føre ei rekkje delplanar om ulike tema (rus, trafikkisikring, bustadspørsmål, beredskap for å nemna nokre). Desse planane kan leggjast til grunn når ein startar arbeidet med planstrategisaka. Eit nytt kommunestyre med 45 representantar vert vald hausten 2019, men er ikkje vedtaksfør før 01.01.2020. Det er det nye kommunestyret som skal gjera vedtak og må ha eit eigarskap både til planstrategi og kommuneplanprosess.

Det vert lagt opp til at planarbeidet vert påbyrja straks etter det nye kommunestyret har kome i arbeid 01.01.2020.

Fram til 2020 er det tre kommunar som fortsatt er sjølvstendige. Prosjektrådmannen meiner at vi difor ikkje kan påbyrja dette viktige arbeidet før på slutten av 2019. Som det går fram av lovverket kan kommunen ein periode etter samanslåinga leva med vedtekne arealplanar, også kommuneplanen sin arealdel frå kvar kommune.

Det vert lagt opp til slik framdrift etter at kommunevalet er avvikla og det nye kommunestyret er konstituert:

	Aktivitet	Tidsrom
1.	Førebu val av representantar til råd, utval, nemnder mm.	Oktober –desember 2019
2.	Førebuing og framdriftsplan for gjennomføring av planstrategisaka	Oktober –desember 2019
3.	Oppstart med planstrategisak, Planprogrammet til ein ny kommuneplan (obligatorisk) vert ein integrert del av planstrategisaka	Januar - september 2020
4.	Planstrategisaka og planprogram for ny kommuneplan politisk handsaming	Seinast i oktober 2020
5.	Oppstart av arbeid med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune – arealdel og samfunnsplan	Oktober - november 2020

Vurdering - Framhald av saka november 2018:

I møtet 15. oktober gjorde fellesnemnda slikt vedtak i eit nytt punkt 3:

«Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å legge fram ei sak som avklarar om det er mogleg å starte opp arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen.»

I punkt 1 og 2 har fellesnemnda vedteke å starta opp arbeidet med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, arealdel med føresegner, tidleg i 2020, samt vedteke framdriftsplan for prosessen med planstrategi i den nye kommunen, inkludert planprogram til kommuneplanen, slik det går fram av saksutgreiinga til førre møte (sjå over).

I denne saka vil prosjektrådmannen freista å svara på spørsmålet som vert reist i punkt 3 i vedtaket:

«Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å leggja fram ei sak som avklarar om det er mogleg å starte opp arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen»

Er det rom for å utføra eit grunnlagsarbeid i 2019 for å starta opp arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen? Er det for tida andre prosessar og utgreiingsarbeid som kan gje føringar og bidrag til grunnlaget for samfunnsdelen?

Prosjektrådmannen omtaler på nytt prinsippa som vart omtala i saka til fellesnemnda 15. oktober:

- Det er det nye kommunestyret som skal ha eigarskap til ny fullverdig kommuneplan
- Lovpålagt planprogram for ny kommuneplan bør inkludera både samfunnsdel og arealdel samstundes
- Planprogrammet (sjå førre strekpunkt) bør vera ein integrert del av planstrategisaka som vert påbyrja tidleg i 2020 og må vera vedteken seinast i oktober 2020, jfr §10-1 siste ledd i PBL. *
- Utarbeiding av arealdel og samfunnsdel skjer parallelt når planprogrammet er vedteke

*§10-1 siste ledd

«Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slå saman med og vere del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Kommuneplanen er «alle planars mor» i ein kommune. Ein kommuneplan kan ha eit langt tidsperspektiv (opp mot 10 år), men føreseielege rulleringsrutinar er påkravde. Dette set omfattande juridiske, faglege og prosessuelle krav til gjennomføringa av planprosessen.

Omgrepet «medverknad» er eit viktig element i utarbeidinga.

§ 5-1. Medvirkning (i PBL)

«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»

Konsekvensen av dette kravet er at medverknad er tidkrevjande, men nødvendig. Har medverknaden vore god, blir planen også god. Eit viktig poeng er også at medverknad skal vera omtala i planprogrammet. Kven skal medverka? Korleis skal det skje? Kor lang tid skal denne prosessen ta? Kva vil kommunen ha belyst? osv. Arbeidet med planprogrammet har fellesnemnda vedteke skal påbyrjast i 2020 (som ein integrert del av planstrategisaka).

Samfunnsdelen skal gje retning og føringar for alt planarbeid og utvikling i kommunen for mange år framover.

§11-2 (første avsnitt)

«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.»

§11-3 (siste avsnitt)

«Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.»

Hausten 2018 er det sett i gong eit større arbeid med fem ulike hovudprosjekt. Dessutan blir det mange delprosjekt innan kvart hovudprosjekt . Dette bind opp mange fagpersonar og andre personalressursar i alle dei tre kommunane for ein lang periode. Store delar av 2019 vil gå med til å losa desse prosjekta i hamn. Rapportane som vil følgja av arbeidet vil kunna gje mange gode avklaringar og svar på viktige spørsmål.

Ein del av grunnlaget for samfunnsplanen vil kome fram som resultat av dei 5 hovudprosjekta sitt arbeid med organisering av tenestene i Nye Øygarden kommune. Arbeidet i gruppene vil t.d. kunne synleggjere ulike vegval og prioriteringar som må gjerast politisk. Den økonomiske situasjonen for den nye kommunen vil og etterkvart vere kartlagt, og vil vere ein premiss for kva vegval ein må ta. Alt dette vil vere viktige delar av grunnlaget for samfunnsplanen, og i så måte er ein allereie i gang med dette arbeidet.

I tillegg til dei omtalte prosjekta, vil det pågå andre prosessar, utgreiingsarbeid og mykje møteverksemd som involverer mange deltakarar og bind opp personalressursar. Me må vera versame med å «gapa over» for mykje. Siktemålet må vera å få fullført dei oppgåver og oppdrag me no har bestemt skal gjennomførast innan fristane.

Men desse fem rapportane kan også gje viktige føringar og bidrag inn til arbeidet med å førebu eit planprogram til samfunnsdelen. Me vil få ny kunnskap og innsikt som vil hjelpa administrasjonen med å rigga ein best mogleg organisasjon og eit planteam som får ansvar for dette arbeidet når me kjem til 2020.

Som det går fram av tidsplanen, vil administrasjonen bruka siste kvartal 2019 til førebuing og framdriftsplan for gjennomføring av planstrategisaka. Fellesnemnda si sluttbehandling av projektrapportane og vedtaka som vert gjort, vil gje viktige premisser for dette arbeidet.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
65/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Høyringsuttale - Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen

Samandrag av saka:

Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane vert invitert til høyring om politimeisteren sitt forslag til Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen, med verknad frå 1.1.2020.

Politimeisteren vil vurdere ev. innspel frå fellesnemnder i dei nye kommunane, og kommunane i dei råka lensmanns- og politistasjonsdistrikta, før tilrådinga vert sendt til Politidirektoratet.

Kommunane kan uttale seg om namneval for tenesteeiningar og tenestestader. Kommunane kan også uttale seg om korleis tilrådd justering vil kunne påverke politiet sitt tenestetilbod til innbyggjarane og samhandling med kommunane.

Når det gjeld politiet si indre organisering ved Vest politidistrikt, driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden, så vil kommunesamanslåinga ikkje medføre andre endringar enn ei ev. namneendring. Det har førebels ikkje kome forslag om namneendring. Vest politidistrikt vil vurdere namn på lensmannsdistrikta etterkvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Så lenge namneval er diskutert med kommunane, i Politiråda, så vil politidirektoratet kunne vedta ev. namneendring.

Høyringsfristen er 15.desember 2018.

Innstilling:

Fellesnemnda for nye Øygarden kommune er samd med Vest politidistrikt i vurderingane som er gjort, når det gjeld Vest politidistrikt si indre organisering ved driftseininga Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden.

Straume, den 13.11.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Høyring – Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen med verknad frå 1.1.2020
- Brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt pr. 30.06.2017 «Orientering om tenestetilbodet i kommunane»

Saksopplysningar:

Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane vert invitert til høyring om politimeisteren sitt forslag til Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen, med verknad frå 1.1.2020. Høyringsfristen er 15. desember 2018.

I høyringa vert det vist til at politimeisteren vil vurdere ev. innspel frå fellesnemnder i dei nye kommunane, og kommunane i dei råka lensmanns- og politistasjonsdistrikta, før tilrådinga vert sendt til Politidirektoratet.

Kommunane skal kunne uttale seg om *namneval for tenesteeiningar og tenestestader*. Kommunane får også høve til å uttale seg om *korleis tilrådd justering vil kunne påverke politiet sitt tenestetilbod til innbyggjarane og samhandling med kommunane*.

Høyringa kjem også med følgjande definisjonar på tenesteeiningar og tenestestader;

- Tenestestad: politistasjon / lensmannskontor
- Tenesteeining (lensmannsdistrikt): eit geografisk område som kan innehalde fleire tenestestader
- Nammansdistrikt: ein eller fleire kommunar i same politidistrikt

Kva inneber endra kommunestruktur for politiet si indre organisering ved Vest politidistrikt, driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden?

Når det gjeld politiet si indre organisering ved Vest politidistrikt, driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden, så vert det vist til at samanslåinga av Fjell, Sund og Øygarden kommunar ikkje vil ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrensar.

Kommunesamanslåinga vil såleis ikkje påverke politiet si indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Det har førebels ikkje kome konkret forslag om namneendring. Vest politidistrikt vil vurdere namn på lensmanns- og politistasjonsdistrikta etterkvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Så lenge namneval er diskutert med kommunane, t.d. i Politiråda, så vil politidirektoratet kunne vedta ev. namneendring.

Såleis vil Vest politidistrikt si driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden verte vidareført som vist til i brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt pr. 30.06.2017 «Orientering om tenestetilbodet i kommunane».

Vurdering:

Vest politidistrikt viser til høyring om politimeisteren sitt forslag til Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen, med verknad frå 1.1.2020. For kommunane Fjell, Sund og Øygarden, som er del av driftseininga Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden, vil det berre vere snakk om eventuell namneendring som resultat av samanslåinga.

Det har ikkje kome forslag om namneendring i høyringsbrevet, men det vert vist til at namn på lensmanns- og politistasjonsdistrikta vil vurderast, og at politidirektoratet kan vedta namneendring etter diskusjon med kommunane t.d. i Politiråda.

Prosjektrådmannen tilrår at fellesnemnda seier seg samd i dei vurderingane som er gjort av Vest politidistrikt i denne høyringa, om driftseininga Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden.

Dersom fellesnemnda ser behov for å kome med forslag til ev. endring av noverande «*Sotra og Øygarden lensmannskontor*», noverande «*Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt*» eller noverande «*Vest politidistrikt, driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden*», så kan dei sjølv sagt gjere det også i denne høyringssaka.



Dykkar referanse:

Vår referanse:
201804690-4

Stad, Dato
Bergen, 15.10.2018

INNBYDING TIL HØYRING – VEST POLITIDISTRIKT SIN INDRE ORGANISERING ETTER ENDRINGAR I KOMMUNESTURKTUREN MED VERKNAD FRÅ 1.1.2020

Syner til fullmakt frå Det Kongelege Justis- og beredskapsdepartement som gjeld delegering av myndigheit til fastsetjing av endringar i organisasjonsstrukturen til politiet etter politilova 16, 3. ledd til Politidirektoratet av 18. februar 2016 ref. 16/22, og kongens myndigheit til fastsetjing av inndeling i namsdistrikt er delegert til Justis- og beredskapsdepartementet ved kongeleg resolusjon 1. september 2017. Justis- og beredskapsdepartementet har i brev av 14. september 2017 delegert myndigheita vidare til Politidirektoratet, samt oppdragsbrev frå Politidirektoratet til Politimeistrane av 30. mai 2018 ref. 201802421-1, punkt 4. kulepunkt 4.

Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane inviterast med dette til høyring med 9 vekers frist om politimeisteren sitt forslag til Vest politidistrikt sin indre organisering etter endringar i kommunestrukturen med verknad frå 1.1.2020.

Høyringsfristen er satt til 15. desember kl. 2359. Høyrings svar sendast Politimeisteren i Vest politidistrikt.

Politimeisteren skal vurderer innspel frå fellesnemnder i dei nye kommunane og kommunane i dei råka lensmanns- og politistasjonsdistrikta før tilråding sendast til Politidirektoratet.

Kommunane skal kunna uttala seg om namneval for tenesteeiningar og tenestestader. Det er også moglegheit til å kunna uttala seg om korleis anbefalt justering vurderast å påverke politiet sitt tenestetilbod til innbyggjarane og samhandling med kommunane.

Mål og krav til politiet sin lokale struktur

I arbeidet med å tilpassa politidistrikta sin lokale struktur til ny kommunestruktur, videreførast dei same mål for nærpolitireforma, mål for lokal struktur, samt oppgåver og kvalitetskrav for tenesteeiningar som opplyst om i brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt til kommunane 30. juni 2017 vår ref. 201606272-101, Orientering om tenestetilbodet i kommunen.

Det følgjer av politilova § 16, 2. ledd at politidistrikta skal inndelast i lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Etter politilova § 17 er den enkelte lensmann eller politistasjonssjef namsmann i sitt distrikt med mindre

Vest politidistrikt

Politimeisteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

oppgåvene blir teken hand om av ein namsfogd. Namsmannsdistrikt skal omfatta ein eller fleire heile kommunar. Kongen kan bestemma at ein lensmann, politistasjonssjef eller namsfogd kan ta hand om oppgåvene som namsmann for fleire lensmanns- og politistasjonsdistrikt i same politidistrikt.

Kva inneber endra kommunestruktur for politiet sin indre organisering?

Definisjonar:

Tenestestad: Politistasjon eller lensmannskontor (ein fysisk stad)

Tenesteeining (lensmannsdistrikt): Eit geografisk område som kan innehalda fleire tenestestader

Namsmannsdistrikt: Omfattar ein eller fleire kommunar i same politidistrikt

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Sogn og Fjordane

Kinn kommune

Kommunane Vågsøy og Flora har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Kinn kommune. Vågsøy lensmannskontor høyrer til Nordfjord lensmannsdistrikt og Flora politistasjon høyrer til Sunnfjord lensmannsdistrikt. Vi ser det som naturleg at vi beheld begge kontora med omsyn til geografi og kriminalitetsutfordringar. Begge kontora fungerer bra både når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking.

Det vil være noko annleis for korleis ein må organisera seg for å kunna løysa oppgåvene innan den sivile rettspleia i Kinn kommune. Det vil derfor verta lagt fram forslag om at Kinn kommune skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt og namsmannen i Nordfjord. Forslag til endring er gjeve på grunnlag av at lova ikkje gjer nokon moglegheit til deling av ansvar for namsmannsoppgåvene i ein kommune mellom to lensmannsdistrikt. Det er heller ikkje nokon moglegheit for dispensasjon når det gjeld den organisatoriske tilknyttinga for namsmannen i ein kommune.

Forslag

Vest politidistrikt sitt forslag er at namsfunksjonen i Kinn kommune skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt. Dette begrensast til kun å gjelde det som har med namsmannsfunksjonen og forliksråd å gjere.

For å løyse dette i praksis må det skrivast ein avtale eller at ei avgjersle vert tatt sentralt om at Flora politistasjon organisatorisk skal høyra til Sunnfjord lensmannsdistrikt, og tilsvarande at Vågsøy lensmannskontor skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt på alle områder med unntak av namsmannsoppgåvene og forliksråda.

Når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking så vil det i praksis være som før.

Tenestestad

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det fortsatt skal være ein tenestestad i Måløy og ein tenestestad i Florø, og at namna på tenestestadane endras til Florø politistasjon og Måløy lensmannskontor. Vi meiner at namneskifte er nødvendig då begrepa Flora og Vågsøy vil forsvinne når Kinn kommune blir en realitet.

Politiråd

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det bør være 1 politiråd i Kinn kommune, men at det på grunn av dei ulike utfordringar i desse to delane av kommunen, både når det gjeld klientell, kriminalitet, vakt- og beredskap o.l. vil være naturleg å halda "arbeidsmøter" der ein konkret ser på Måløy eller Florø sine utfordringar.

Politikontakt

Det bør i framtida være 2 politikontaktar i Kinn, ein stasjonert ved Florø politistasjon og ein ved Måløy lensmannskontor.

Fagleiar politipatrulje

Fagleiaren for Sunnfjord sitt i dag i Florø og fagleiaren for Nordfjord sit i Måløy. Det vil være heilt naturleg og ingenting i vegen for at denne ordninga vidareførast med dette forslaget.

Innsatsleiar

Det er i dag innsatsleiarar både i Florø og Måløy, og dette vidareførast med forslaget i dei same funksjonane både i Sunnfjord lensmannsdistrikt og Nordfjord lensmannsdistrikt.

Straffesaksansvarleg

Nordfjord lensmannsdistrikt sin straffesaksansvarlige sitt i Måløy, og ordninga vidareførast med dette forslaget.

Leiar SO-avdelinga i Nordfjord

Leiar SO-avdelinga har i dag tenestestad i Måløy, og ordninga vidareførast med dette forslaget.

Namsmanns- og forliksrådsoppgåver

Slik organisasjonen er bygd opp i dag, så har fagleiaren for den sivile rettspleia i Sunnfjord lensmannsdistrikt oppmøtestad i Florø, fagleiar har også sakshandsaminga for Florø.

Med dette forslaget vil stillinga som fagleiar for den sivile rettspleia i Sunnfjord lensmannsdistrikt flyttast frå Florø til Førde lensmannskontor, og ein sakshandsamar erstattar stillinga som fagleiar i Florø.

Når ny organisering er på plass vil oppgåveløysinga gå av seg sjølv. Namsmannen i Nordfjord vil ha ansvaret for sekretariatsfunksjonen for Kinn forliksråd og for sakshandsaming av sakene etter tvangsfullbyrdelses og gjeldsordningslova i Kinn kommune.

Sogndal kommune

Sogndal, Balestrand og Leikanger kommunar har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Sogndal kommune. Sogndal lensmannskontor høyrer til Sogn lensmannsdistrikt, Balestrand lensmannskontor høyrer til Sunnfjord lensmannsdistrikt og lensmannskontoret i Leikanger er avvikla.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Sogndal kommune namnet Sogndal lensmannskontor i Sogn lensmannsdistrikt, og vil vere ansvarleg for nye Sogndal kommune og Luster kommune som er eigen kommune.

Balestrand vert ein del av nye Sogndal kommune, og vil naturleg høyra til Sunnfjord lensmannsdistrikt og Høyanger lensmannskontor når det gjeld det politi/- og beredskapsmessige, men vil være knytt til Sogndal lensmannskontor når det gjeld politiråd. I dag er også Luster med i dette politirådet (Leikanger/Sogndal/Luster) - denne ordninga vil bli vidareført. Dagens politikontakt for Sogndal/Leikanger får også ansvaret for Balestrand.

Sunnfjord kommune

Samanslåing av kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei namneendring.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Sunnfjord kommune namnet Førde lensmannskontor i Sunnfjord lensmannsdistrikt.

Stadt kommune

Samanslåing av kommunane Selje og Eid vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei namneendring.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Stadt kommune namnet Stadt lensmannskontor i Nordfjord lensmannsdistrikt.

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Hordaland

Os og Fusa kommune

Kommunane Os og Fusa har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Bjørnafjorden kommune. Os lensmannskontor og Austevoll lensmannskontor høyrer begge til Os og Austevoll lensmannsdistrikt og Fusa lensmannskontor høyrer til Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Vi ser det som naturleg at vi beheld alle dei tre kontora med omsyn til geografi og kriminalitetsutfordringar. Alle dei tre kontora fungerer bra både når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking.

Det vil være noko annleis for korleis ein må organisera seg for å kunna løysa oppgåvene innan den sivile rettspleia i Bjørnafjorden kommune. Det vil derfor verta lagt fram forslag om at Bjørnafjorden kommune skal høyra til Os og Austevoll lensmannsdistrikt og namsmannen i Bjørnafjorden. Forslag til endring er gjeve på grunnlag av at lova ikkje gjer nokon moglegheit til deling av ansvar for namsmannsoppgåvene i ein kommune mellom to lensmannsdistrikt. Det er heller ikkje nokon moglegheit for dispensasjon når det gjeld den organisatoriske tilknyttinga for namsmannen i en kommune.

Forslag

Vest politidistrikt sitt forslag er at namsfunksjonen i Bjørnafjorden kommune skal høyra til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Dette begrensast til kun å gjelde det som har med namsmannsfunksjonen og forliksråd å gjere.

For å løyse dette i praksis må det skrivast ein avtale eller at ei avgjersle vert tatt sentralt om at Os lensmannskontor og Austevoll lensmannskontor organisatorisk skal høyra til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt, og tilsvarande at Fusa lensmannskontor skal høyra til Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt på alle områder med unntak av namsmannsoppgåvene og forliksråda.

Når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking så vil det i praksis være som før.

Tenesteeining

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å endra namnet på tenesteeininga Os og Austevoll lensmannsdistrikt til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Vi meiner at det vil vera riktig å gjera eit namneskifte som samsvarar med det nye kommunenamnet for Os og Fusa.

Tenestestad

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det fortsatt skal være ein tenestestad i Os, ein tenestestad i Austevoll og ein tenestestad i Fusa.

Politiråd

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det bør være 1 politiråd i Bjørnafjorden kommune. Det vil være naturleg å halda "arbeidsmøter" der ein konkret ser på Os, Austevoll eller Fusa sine utfordringar. Lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt er fast medlem i politirådet i nye Bjørnafjorden kommune. Fagleiar førebyggjande sit også som fast medlem i politirådet og i SLT sitt styrande og koordinerande nivå. Det er ein ansvarleg fagleiar førebyggjande ved kvar av tenesteeiningane som vil ha tett dialog, samhandling, og leiing av førebyggjarar og andre i forbindelse med utføring av arbeid innan fagområdet.

Politikontakt

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det skal være ein politikontakt ved kvar tenesteeining som skal samarbeide opp mot den delen av kommunen kor tenesteeininga har sitt geografiske ansvarsområde. Fagleiar førebyggjande ved Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt har ansvaret i heile kommunen. Tenesteeiningsleiar ved dagens Fusa lensmannskontor er fagleiar førbyggjande, både eininga og funksjonen vil bestå og vil ha ansvar for denne delen av kommunen.

Politipatrulje

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt.

Straffesak

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt.

Førebyggjande

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Eventuelle utfordringar knytt til planlegging av førebygging som strategi og satsingsområde, med beslutning om tiltak osv. vil naturleg måtte løysast gjennom god dialog og

samhandling mellom Politiråd, SLT, Politikontakter, E3 (evt. E4), førebyggjarar og andre tenestepersoner i deira daglege virke.

Beredskap (generell vakt og beredskap)

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Kriseberedskap o.l. Lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt er fast medlem i Politiråd, Beredskapsrådet, og KKL (Kommunens Kriseledelse).

Namsmanns- og forliksrådsoppgåver

Ansvar blir i hht. lov, tillagt namsmannen i Bjørnafjorden kommune, som er lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Namsmannen i Bjørnafjorden vil ha ansvaret for sekretariatsfunksjonen for Bjørnafjorden forliksråd og for sakshandsaming av sakene etter tvangsfullbyrdelses og gjeldsordningslova i Bjørnafjorden kommune. Vi gjer merksam på at vi ønsker og sjå nærare på moglegheita for å kunne utreda ei eventuell samanslåing av forliksråd i fleire av kommunane innan dei to lensmannsdistrikta. Utgangspunktet er likevel ett forliksråd i nye Bjørnafjorden kommune (representantar vert valgt i og av kommunen).

Forvaltning

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Oppgåvene løysast gjennom tett samarbeid mellom tenesteeiningane og innbyggjarane sin næraste tenestestad, som skal yta denne type service.

Radøy, Lindås og Meland kommune

Samanslåing av kommunane Radøy, Lindås og Meland vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjerda namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Ullensvang, Odda og Jondal kommune

Samanslåing av kommunane Ullensvang, Odda og Jondal vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjerda namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Voss og Granvin kommune

Samanslåing av kommunane Voss og Granvin vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjerda namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden

Fjell, Sund og Øygarden kommune

Samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjerda namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Vurdering

Det har vært heilt sentralt i arbeidet med tilpassing av Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur at dei same mål for nærpolitireforma, mål for lokal struktur, samt oppgåver og kvalitetskrav for tenesteeiningar vidareførast som opplyst om i brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt til kommunane 30. juni 2017 vår ref. 201606272-101, Orientering om tenestetilbodet i kommunen.

Det har under kvart av punkta for endringar ved dei aktuelle driftseiningane vært gjort greie for kva tilpassingar som vi meiner vil være naudsynt for å kunne tilpassa Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur, og samstundes vidareføra mål for nærpolitireforma.

Vi har tru på at lokale tilpassingar som her er foreslått vil støtta vidare opp under betre utnytting av ressursane og økt kvalitet i tenestene til publikum.

Styring og leiing

Dei føreslåtte endringane vil ha mindre innverknad på styring og leiing. I den grad det har innverknad, så meiner vi å ha grunnlag for å seie at det er ei betring av vilkår for å utøva god styring og leiing.

Risiko og sårbarheits vurdering

Vi viser til tidlegare gjennomført risiko og sårbarheits vurderingar i forbindelse med etablering av nye Vest politidistrikt, og vi kan ikkje sjå at føreslåtte endringar vil påverka tidlegare vurderingar knytt til risiko og sårbarheit.

Forslag

For å kunne tilpassa Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur og samstundes sørgja for å vidareføra måla for nærpolitireforma, tilrår politimeisteren at tenestestader og tenesteeiningar vidareførast som i dag, men at namsmanns- og forliksrådsoppgåver samlast i Nordfjord lensmannsdistrikt for Kinn kommune, og i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt for Bjørnafjorden kommune.

Namsfunksjonane skal samlast i eit lensmannsdistrikt, jfr politilova § 17.

Det er fleire kommunar enn dei som er omhandla her, som er positive til eller har ønskt å slå seg saman med andre kommunar, og politimeisteren har tidlegare lova kommunane at Vest politidistrikt vil vurdere namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjerda namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt.

Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Med helsing

Kaare Songstad

politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:

Helge Stave

prosjektleder

Adresseliste

Ordfører/varaordfører i Flora, Vågsøy
Sogndal, Balestrand, Leikanger
Os og Fusa
Fylkesordfører/fylkesvaraordfører
Fylkesmenn
Fagforeiningar i Vest politidistrikt
Elektroniske postmottak

Kopimottakere

Ordfører/varaordfører i
Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
Selje og Eid
Luster
Hornindal, Volda (Møre og Romsdal)
Fjell, Sund og Øygarden
Radøy, Lindås og Meland
Ullensvang, Odda og Jondal
Voss og Granvin
GDE Sogn og Fjordane v/Arne Johannessen
GDE Hordaland v/Jan L. Fosse



Dykkar referanse:

Vår referanse:
201606272-101

Stad, Dato
Bergen, 30.6.2017

ORIENTERING OM TENESTETILBODET I KOMMUNANE

1. INNLEIING

Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane blei invitert til høyring 21.10.2016 med frist på seks veker om politimeisteren sitt forslag til endring av tenestestad- og tenesteeiningsstruktur i Vest politidistrikt.

6.12.2016 hadde politimeistaren i Vest motteke 43 innspel frå høyringa som var fordelt slik:

- 34 frå kommunane
- 3 frå kommunale samarbeidsfora
- 1 frå fylkeskommune
- 1 frå privat næringsdrivande
- 4 frå fagorganisasjonane

Kommunane har i stor grad og uttalt seg om geografiske endringar i dei geografiske driftseiningane sine ansvarsområde. Nokre få kommunar har uttalt seg om eventuelle endringar i lokaliseringa av leiinga i dei geografiske driftseiningane.

1.1 GENERELT OM HØYRINGSINNSPELA

Innspela frå høyringa synar at det er særskilt viktig for samlege kommunar at politiet er tilgjengeleg. Det er eit sterkt ønske om at politiet er tilgjengeleg når innbyggjarane har behov for dei, men også i det daglege. Kommunane ønskjer eit politi som er til stade i kvardagen, der terskelen for å ta kontakt er låg både når innbyggjarane treng kontakt med politiet og når politiet treng kontakt med innbyggjarane. For dei aller fleste kommunane inneber dette at dei ønskjer å ha sitt eige lensmannskontor eller sin eigen politistasjon i kommunen. Som eit minimum ønskjer dei å ha eit kontor i rimeleg nærleik av der folk i kommunen bur. Kommunane opplever servicenivået som lågt når avstanden til kontoret/stasjonen blir for lang.

I tillegg til tilgjengelegheit og service ønskjer også alle kommunane at kvaliteten på det førebyggjande arbeidet må vere minst like god som i dag. Mange understrekar at det er naudsynt med ei betre førebyggjande teneste. Dei aller fleste kommunane er opptekne av at

Vest politidistrikt

Politimesteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no


førebygginga må skje i tett samhandling med kommunen, NAV, helsetenester, lokale aktørar i næringslivet, ideelle organisasjonar mv.

Det tredje hovudtemaet i innspela er beredskap. Kommunane er særst opptekne av at politiet kjem når innbyggjarane/samfunnet treng dei. Politiet må nå raskt fram til åstaden, anten det er ei straffbar handling som har funne stad, ei ulykke eller ei naturhending. Politiet bør vere framme på staden helst før eller samtidig med andre naudetatar, til dømes brennvesen/brannvern. Mange kommunar opplever at politiet kjem for seint eller at politiet ikkje kjem i det heile. I fleire kommunar gjev dette som resultat at det kommunale brannvesen/brannvern må ta på seg politiet sine oppgåver, både kontrollen med innbyggjarane, trafikkdirigering og nokre gonger gripe personar og sikre spor.

2. LEIING OG ORGANISERING AV VEST POLITIDISTRIKT

Styring og leing

Vest politidistrikt er no ferdig med etablering av den overordna organisasjonsstrukturen. Den underliggende strukturen til dei ulike einingane med unntak av Felles eining for sivil rettspleie, er og ferdig etablert. Prosessen kring plassering av tenestestader som tidlegare er gjort offentleg, er også ferdig. Det overordna organisasjonskartet for Vest politidistrikt ser slik ut:



Dei geografiske driftseiningane er delt inn i lensmanns- og politistasjonsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader (lensmannskontor og politistasjonar). Namn på lensmanns- og politistasjonsdistrikta er langt på veg vald ut frå namn på kommunar og lensmannsdistrikt i dag. Vi ønskjer å gjennomføre ein prosess kring namnsetting av dei nye einingane saman med kommunane når den nye organisasjonen har starta opp, og når vi har betre oversikt over resultatane av kommunereforma og namnsetting av nye kommunar:

Driftseining Sogn og Fjordane:

Tre lensmannsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader:

- **Nordfjord lensmannsdistrikt**
 - Vågsøy
 - Eid (administrasjonsstad for Nordfjord lensmannsdistrikt)
 - Stryn

- **Sunnfjord lensmannsdistrikt**

- Bremanger
- Flora
- Førde (administrasjonsstad for Sunnfjord lensmannsdistrikt og geografisk driftseining Sogn og Fjordane)
- Fjaler
- Høyanger
- Gloppen

- **Sogn lensmannsdistrikt**

- Sogndal (administrasjonsstad for Sogn lensmannsdistrikt)
- Vik
- Lærdal
- Aurland
- Årdal

Driftseining Hordaland:

Seks lensmannsdistrikt med tilhøyrande tenestestader:

- **Nordhordland lensmannsdistrikt**

- Masfjorden
- Nordhordland (Knarvik, administrasjonsstad for Nordhordland lensmannsdistrikt)

- **Indre Hordaland lensmannsdistrikt**

- Osterøy
- Voss (administrasjonsstad for Indre Hordaland lensmannsdistrikt og geografisk driftseining Hordaland)

- **Hardanger lensmannsdistrikt**

- Hardanger (Odda)

- **Kvinnherad lensmannsdistrikt**

- Kvinnherad (Husnes)

- **Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt**

- Fusa
- Tysnes
- Kvam (Norheimsund, administrasjonsstad for Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt)

- **Os og Austevoll lensmannsdistrikt**

- Austevoll
- Os (administrasjonsstad for Os og Austevoll lensmannsdistrikt)

Driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden, omfattar kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Eit lensmannsdistrikt og fire politistasjonsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader:

- **Bergen sentrum politistasjonsdistrikt**
 - Bergen sentrum (administrasjonsstad for geografisk driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden)
- **Bergen sør politistasjonsdistrikt**
 - Nesttun
 - Bergen lufthamn Flesland
- **Bergen nord politistasjonsdistrikt**
 - Åsane
- **Bergen vest politistasjonsdistrikt**
 - Fyllingsdalen
- **Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt**
 - Askøy (administrasjonsstad for Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt)
 - Sotra og Øygarden (Straume)

Tenestane som er retta mot innbyggjarane skal utførast ved tenestestadene, når politiet er i kontakt med innbyggjarane under patruljering eller på ein åstad. Den organisatoriske overbygninga, geografisk driftseining, er primært ei etatsintern inndeling som skal understøtte styringa og leiinga av lensmanns- og politistasjonsdistrikta.

Større einingar vil gi leiarane betre vilkår til å utøve leiarrolla og drive fagleg leiing og styring. Gjennom noko sentralisering i større einingar vil einingane kunne få stor grad av autonomi utan at kvaliteten på tenestene blir for ulik.

I nokre samanhengar må tenesteeiningane kunne handtere større saker og prosjekt som går over tid. Dette har synt seg vanskeleg med mange og små einingar der leiarane berre har ansvar for resultatet i sin eigen eining. Strukturen politiet har hatt fram til no har i for liten grad gitt einingane tilstrekkeleg med ressursar med riktig kompetanse til å yte fullverdige tenester til ein kvar tid. I ny struktur skal det bli enklare å allokere ressursar og saker mellom lensmanns- og politistasjonsdistrikt når spesielle hendingar oppstår, eller når tilfanget av saker endrar seg for den einskilde eining.

Desse omsyna saman med eit kriminalitetsbilde som har endra seg slik at politiet sin organisatoriske utforming har blitt utfordra, er overordna sett årsaka til at vi no skal gjere dei geografiske driftseiningane større og betre i stand til å klare seg sjølv.

3. GENERELT OM TENESTETILBODET TIL INNBYGGJARANE I VEST POLITIDISRIKT ETTER AT NY TENESTEEINING OG TENESTESTADSTRUKTUR ER ETABLERT

Tilgjengelegheit og service

Mange ser samband mellom eit tilgjengeleg politi og med det lokale lensmannskontoret/politistasjonen. Samfunnet har gjennom dei siste åra gått i retning av at tilgjengelegheit også kan bety å vere synleg, enkel å nå og med gode tenester på internett.

Politiet utviklar i dag tenestene sine på internett. Nye side på politiet.no er tilgjengeleg frå 29.6.2017. Sidene til politiet skal med tida bli meir brukarvenlege og ikkje minst skal det bli mogleg å få tilgang til polititenester der.

Likevel er dei lokale lensmannskontora og politistasjonane viktige. Dei skal vere meir enn eit "polititorg" eller ein informasjonsskranke og skal levere ressursar til etterforsking og operativ teneste. Tenestestadene i tenesteeiningane i Vest politidistrikt er lokalisert slik at 90% av innbyggjarane i politidistriktet kan nå sin næraste tenestestad innan 45 minuttar, viss ein køyrer langs veg eller veg i kombinasjon med ferje. For nokre innbyggjarar kan næraste tenestestad vere eit anna lensmannskontor eller politistasjon enn det kontoret som ligg i eigen kommune eller som ein etter geografisk inndeling høyrer til.

Tenestestadene skal ha fleksible opningstider som gjer det mogleg å få gjort tenester hos politiet utanfor normal arbeidstid. Minst ein av tenestestadene i lensmanns- eller politistasjonsdistriktet (tenesteeininga) skal ha open ekspedisjon kvar dag og ha lang-ope minst ein dag i veka. Dette treng ikkje vere den same kvar dag. Detaljane rundt opningstider ved dei ulike kontora vil vere klar når den nye organisasjonsstrukturen blir sett i verk, og vil og vere eit naturleg diskusjonstema i politiråda.

Tenestestaden skal ha kontakt med samarbeidspartnarar, mellom anna gjennom funksjonen "politikontakt". I tillegg vil nokre tenestestader ha kontakt med brannvesen, helsetenester, ambulanse, NSB, Statens vegvesen, fylkeskommune, Forsvaret, særskilte objekt, skular mv. Tenesteeininga skal vere i stand til å ivareta denne lokale kontaktrolla, som i praksis vil utførast av tilsette ved dei enkelte tenestestadene.

Lensmannsdistrikta skal òg kunne utføre sivile rettspleie- og forvaltningsoppgåver. Dei sivile rettspleieoppgåvene er først og fremst tvangssaker (saker etter tvangsfullbyrdingslova), men og gjeldsordningssaker og sekretariat for forliksrådet. I Vest politidistrikt vil sakshandsaminga i den sivile rettspleia bli utført i lensmannsdistrikta (tenesteeiningane). Det vil seie at leiaren i det enkelte lensmannsdistrikt også i framtida skal vere lensmann og dermed namsmann. Felles eining for sivil rettspleie vi ha eit ansvar for opplæring og kvalitetssikring av arbeidet som gjerast ute i einingane i tillegg til å ivareta rolla som namsfogd i Bergen kommune.

Det skal fortsatt utførast forvaltningsoppgåver ved tenestestadene i Vest politidistrikt. Dette gjeld mottak av våpensøknader, førarkortsaker, pass, løyver, utlendingssaker og saker som gjeld vaktsselskap. Nokre av disse oppgåvene er komplekse og krev spesiell utdanning eller kompetanse. Desse vil bli handsama i samarbeid med, eller heilt eller delvis av andre tenestestader i tenesteeininga, eller av Felles eining for forvaltning.

Det er ikkje tatt avgjerd om tenestetilbodet når det gjeld kor ein i framtida skal kunne søka om pass.

Kriminalitetsførebygging

Det førebyggjande arbeidet politidistriktet utførast ulikt i dag. Det er liten grad av sentral koordinering og kvalitetskontroll og det er lite synleg at førebygging skal vere ein av politiet sine hovudstrategiar. Ved ny organisering vil det førebyggjande arbeidet bli betre organisert og formalisert opp mot kommunar og andre samarbeidspartar. Dette er noko innspela syner at kommunane er opptekne av. Kvar kommune skal vite kven som er kontaktperson hos det lokale politiet. Rolla som politikontakt blir viktig i det førebyggjande arbeidet og må utviklast i samarbeid med kommunane.

Politikontakten skal vere ein erfaren polititenesteperson som har god lokalkunnskap og helst eit godt nettverk blant innbyggjarane i kommunen. Kriminalitetsførebyggjande arbeid skal ikkje berre drivast av politikontaktane og andre tenestepersoner som blir øyremerkta til denne typen teneste. Andre tenestepersoner vil også ha arbeidsoppgåver inn mot kommunale samarbeidspartar. I tillegg skal sjølvsgagt polititenestepersonane som driv med vakt- og patruljeteneste drive med kriminalitetsførebyggjande arbeid. Politikontakten skal bidra til betre koordinering av kommunane og politiet sitt kriminalitetsførebyggjande arbeid. Her må det gjerast lokale tilpassingar i dei ulike kommunane som skal avtalast i Politiråda. I tillegg har vi satt av ressursar til at kvart lensmanns- og politistasjonsdistrikt skal ha ein tenesteperson som skal vere fagansvarlig for politiet sitt førebyggjande arbeide i eininga.

Politiråda skal vere det øvste samarbeidsorganet mellom kommunane og politiet. I råda skal kommunar og politi gjennom samarbeid kunne utfordre kvarandre og samordne ressursar. Politiet skal gjere greie for status på kriminalitetsbiletet og gjennom framlegg av analysar gjere greie for alt frå ulike kriminalitetsdrivarar ein ser er i framvekst, til einskilde miljø ein ser er i risikozonen for å starte med kriminell aktivitet. Dei nye lensmannsdistrikta vil få i oppgåve å kalle inn til politirådsmøte for å starte arbeidet med gjensidig forpliktande avtaler om samarbeid. Frå politiet si side vil Politiråda bli organisert gjennom lensmanns- og politistasjonsdistrikta. Vi ønskjer at det i lensmannsdistrikt som famnar om fleire kommunar skal vere mogleg og møte fleire kommunar i same politiråd, fordi vi ser at kriminalitetsutfordringane ofte kryssar kommunegrensene. For Bergen kommune har politiet foreslått å organisere politirådsarbeidet på to nivå. Eit overordna råd for heile Bergen kommune, samt eit politiråd i kvar av dei fire politistasjonsdistrikta.

Beredskap

I ny struktur vil vi arbeide for at vi får fleire patruljer i aktiv patruljeteneste og vi vil då trenge mindre beredskaps- og heimevaktteneste i framtida. Heimevakt er ikkje ein effektiv tenesteform isolert sett og når uttrykking er naudsynt kostar ordninga mykje pengar og personalressursar. Difor vert terskelen for når mannskapa rykkjer ut frå heimevakt høgare enn ved utrykking under aktiv patruljeteneste.

Den operative kapasiteten, det vil seie kor mange patruljar som er aktiv teneste eller på reserveteneste til ein kvar tid, vil i hovudsak bli organisert innanfor tenesteiningane (lensmanns- og politistasjonsdistrikt). Dette kan vere i form av heilkontinuerleg teneste eller i kombinasjon med beredskaps- eller heimevakt for å gi gode føresetnader for akseptabel responstid. Forhold som geografi, demografi og lokalt kriminalitetsbiletet vil avgjere korleis den operative kapasiteten settast opp til ulike tider på døgnet og i uka. Driftseininga har også ei rolle i planlegginga av den operative kapasiteten i form av å sikra at spesialressursar, slik som innsatsleiing og mannskap frå politidistriktets utrykkingseining, (eining som har ekstra trening i oppdrag som krev at politiet rustar seg med våpen) er tilgjengeleg heile døgnet.

Endringane vi no har gjort i strukturen gjer det mogleg å ha fleire patruljar på heilkontinuerleg teneste. Det blir etablert ein operasjonssentral for heile Vest politidistrikt frå og med 8. november 2017. Det blir innført krav til grunnopplæring og vedlikehaldstrening for operatørane i sentralen. Dette vil bli ei styrking av kompetansen, slik at operasjonssentralen skal kunne handtere både store og meir daglegdagse hendingar på ein betre måte. Ny operasjonssentral skal drive aktiv styring av alle operative patruljar i Vest politidistrikt, men den planlagde daglege tenesta skal styrast frå lensmanns- og politistasjonsdistrikta. Desse tiltaka saman med nytt operativt kartverk, som rullast ut i løpet av 2018, skal sette operasjonssentralen i stand til å styre betre. Vi ønskjer å unngå situasjonar der operasjonssentralen må ha ledige patruljar av beredskapsomsyn i ein kommune, mens innbyggjarar i nabokommunen opplever at det ikkje blir respondert på straffbare hendingar. Næraste ressurs skal sendast til ei prioritert hending, uavhengig av distriktet sin interne organisatoriske grense.

Leiarane for driftseiningane vil få i oppdrag å sjå til at lensmanns- og politistasjonsdistrikta utarbeidar lokale planar for korleis politiet skal ta seg fram til stader med vanskeleg tilkomst, til dømes øy samfunn.

Frå politimeisteren si side vil det bli kommunisert ut til dei nye einingane at det er ein føresetnad at politiet sine lokale beredskapsplanar som vedkjem kommunane blir gjort greie for i dei nye politiråda. Vidare at relevant eining eller person frå politiet lokalt følgjer opp samarbeid med lokale beredskapsaktørar.

Det "usynlege" politiarbeidet

Etterforskinga av dei fleste sakstyper og det store fleirtalet av straffesaker skal skje i dei geografiske driftseiningane. For å sikra raskare handsaming, betre og likare prioriteringar av sakene, skal det opprettast eit såkalla Felles straffesaksinntak i alle dei 12 nye politidistrikta. Målet med Felles straffesaksinntak er ein effektiv sakshandsaming og likare behandling av straffesaker og at så mange straffesaker som mogleg skal kunne slutførast så tidleg som mogleg. Dei straffesakene som ikkje finn si løysing innan den tida Felles straffesaksinntak arbeider med dei, vil i all hovudsak bli etterforska ved tenestestadane og tenesteeininga dei geografisk høyrer under. Nokre sakstyper og nokre enkeltsaker er likevel så komplekse, omfattande eller alvorlege at dei krev ei eiga etterforskningsgruppe med særskilt kompetanse. Vi har difor oppretta ein eigen etterforskningsseksjon i driftseiningane Hordaland og Sogn og Fjordane. Medarbeidarane i desse seksjonane vil utgjere ein kompetansegruppe innan etterforsking. Medarbeidarane i seksjonen vil ha kontor ute på dei ulike tenestestadane, men vil bli disponert etter behov for forsterkning av kompetanse og kapasitet i lensmannsdistrikta. Enkelte sakskategoriar kan også bli etterforska ved andre einingar, til dømes Felles eining for etterretning og etterforsking som vil ha oppgåvetilfang frå heile Vest politidistrikt.

Det er i desse sakene det "usynlege" politiarbeidet skjer. Nokre gonger kjem det "usynlege" politiarbeidet til overflata. Det siste året har dette skjedd i samband med medieoppslag om låg prioritering av grove narkotikasaker, samt etterforsking av kriminelle nettverk på "det mørke nettet," som deler materiale med seksuelle overgrep mot born. Dette "usynlege" arbeidet krev store ressursar frå politiet si side når slike saker rullast opp. Slike etterforskningsprosjekt rettar seg gjerne mot kriminelle miljø som aktivt går inn for å gjere politiet sitt arbeid vanskeleg. Delar av etterforskinga er derfor gjerne skjult. Skjult etterforsking er nokre av dei mest ressurskrevjande metodane politiet har. Politiet kan ikkje unnlate å prioritere desse sakene, men vi har som ambisjon at vi skal bli flinkare å orientera kommunane gjennom politiråda

også om desse sakskategoriene og fylgjene dei får for kriminalitetsutvikling og politiarbeidet lokalt.

Felles straffesaksinntak for Vest politidistrikt

Felles straffesaksinntak skal hjelpe Vest politidistrikt til å oppnå den riktige prioriteringa mellom kvardagskriminaliteten og det "usynlege" politiarbeidet.

Innføring av mobil informasjonsteknologi gjer det mogleg for politiet å endre arbeidsmetodikk. Langt fleire av politiet sine arbeidsoppgåver lar seg no gjere heime hos den som har behov for politiet sin teneste eller på åstaden for ulykker eller straffbare handlingar. Avdelinga "Felles straffesaksinntak" er allereie starta som pilot i Bergen kommune. Eininga skal støtte patruljane sitt etterforskningsarbeid ute, samstundes som den skal prioritere og ta avgjersler i fyrste linje i dei fleste straffesakene i Vest politidistrikt. Prosjektet i Bergen kommune synar så langt at fleire arbeidstrinn gjennomført på staden (og ikkje på kontor i etterkant), samt god tilgang på etterforskningsleining og påtalekompetanse for patruljane på staden, så kan over 40% av straffesakene avgjerast innan 24 timar. Politidistriktet vil hausten 2017 ferdigstille opplæring i den nye arbeidsmetoden av tilsette som jobbar i patruljeteneste.

Politiet skal gjennom nærpolitireforma også heve den generelle kvaliteten på etterforskningsarbeidet. Forutan likare prioriteringar og raskare saksavgjerder, skal betre leiarkompetanse innan etterforskningsfaget og eit formelt krav til årleg godkjenning og vedlikehald av kompetanse for etterforskarar ved tenesteeiningane heve kvaliteten. Denne årlege treninga tar til hausten 2017.

Iverksetting av ny organisasjon

Vest politidistrikt styrer mot å være klar for å starte opp ny organisasjon 2.1.2018. Arbeid på våre IT system viser foreløpig at vi ikkje kan være meir presis enn å seie at vi vil starte å arbeida etter ny organisasjonsstruktur mellom 2.1.2018 og 1.2.2018. Vi vil orientere kommunane så snart vi har fått ein endeleg dato.

Med helsing

Kaare Songstad

politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:

Helge Stave

prosjektleder



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
66/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	19.11.2018

Møteplan for Nye Øygarden kommune 2019

Samandrag av saka:

Prosjektrådmannen har laga forslag til møteplan for Nye Øygarden kommune 2019. Det inkluderer fellesnemnda, valstyret, partssamansett utval og utval for den nye kommunen. Forslaget er visualisert saman med møteplanen for kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden, men desse vert ikkje vedtekne her i fellesnemnda.

Forslaget til møteplan for Nye Øygarden kommune er basert på følgjande premisser:

- kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden legg opp til møter i same veke når det er mogleg
- fellesnemnda har møter ca. fjorten dagar etter kommunestyremøta når det er mogleg
- partssamansett utval har færre møter enn fellesnemnda
- fellesnemnda og partssamansett utval avsluttar si møteverksemd oktober 2019
- det vert lagt opp til parallelt løp mellom noverande utval i dei tre kommunane og utvala for den nye kommunen, frå oktober 2019 og ut året

Møter i andre utval i prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune vil leggjast ut i kalenderen på nettsida når dei er avklart.

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner møteplanen for Nye Øygarden kommune for året 2019.

Straume, den 13.11.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Forslag til møteplan for Nye Øygarden kommune 2019

Saksopplysningar:

Prosjektrådmannen legg fram forslag til møteplan for Nye Øygarden kommune basert på følgjande premisser:

- kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden legg opp til møter i same veke når det er mogleg
- fellesnemnda har møter ca. fjorten dagar etter kommunestyremøta når det er mogleg
- partssamansett utval har færre møter enn fellesnemnda
- fellesnemnda og partssamansett utval avsluttar si møteverksemd oktober 2019
- det vert lagt opp til parallelt løp mellom noverande utval i dei tre kommunane og utvala for den nye kommunen, frå oktober 2019 og ut året

Sjølv om møteplanen er visualisert saman med framlegg til kommunestyremøta i dei tre kommunane så skal ikkje fellesnemnda ta stilling til kommunestyremøta.

MØTEPLAN 2019

FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Måned	Fellesnemnda NØK	Valstyret NØKV	Parts- samansett utval NØKP	KS- NØK	FS- NØK /KN	PAU- NØK	HTL- NØK	HMS- NØK	Sund KS	Øygarden KS	Fjell KS
Januar											
Februar	11		19						12	20	21
Mars	11	11									
April	8		23						2	24	25
Mai	13	13							14	22	23
Juni	17		4						18	19	20
August		12									(29)
September	16	9							17	25	
Oktober	21			24*		22			15	16	17
November				21	5 1)	19	6	6	12	13	14
Desember				19	3		4	4	10	11	12

*) Torsdag 24.oktober, KS-NØK konstituerande møte

1) FS – legg HP/ØP/ÅB på høyring

Skulane sin vinterferie: 25.februar – 1.mars (veke 9)
Påske: 14.april (palmesøndag) – 22.april (2. påskedag)
Skulane sin haustferie: veke 41 (7. – 11.oktober).

NØK:	Fellesnemnda (mandagar)	kl 0900 – 1200
NØKV	Valstyre (mandagar):	kl 1230 - 1530
NØKP:	Partssamansett utval (tysdagar)	kl 0900 – 1100

KS-NØK:	Kommunestyret (torsdagar)	kl 1400 – 1900
FS-NØK:	Formannskapet (tysdagar)/	kl 1400 – 1900
(KN)	(Klagenemnda)	
PAU-NØK:	Politisk arbeidsutval (tysdagar?)	kl 1400 – 1900
HTL-NØK:	Hovudutv. for tenester og levekår (ons)	kl 1400 – 1900
HMS-NØK:	Hovudutv. for miljø-og stadsutv.(ons)	kl 1400 – 1900

Sund KS:	Sund kommunestyre (tysdagar)	kl 1630 – 2100
Øygarden KS:	Øygarden kommunestyre (onsdagar)	kl 0900 –
Fjell KS:	Fjell kommunestyre (torsdagar)	kl 1300 – 2000